

"Oss" og "dei Andre" på Bømlo

Ein studie av representasjonar og diskursar i det rurale rom



Masteroppgåve i samfunnsgeografi
Monica Stoknes
UiB

"Oss" og "dei Andre" på Bømlo
Ein studie av representasjonar og diskursar i det rurale rom

Masteroppgåve i samfunnsgeografi

Monica Stoknes
August 2006



Institutt for geografi
Universitetet i Bergen

FORORD

Dette har vore ein frykteleg lang prosess og eg er strålande glad for at eg er i mål. Men eg kan ikkje skryte på meg dette prosjektet heilt aleine. No er det på tide å spreie rundt seg med gode ord til dei som har vore rundt meg i gjennom prosessen.

Fyrst takk til Eli, den gode veileidar, som er så oppmuntrande og engasjert. Veiledning med deg har alltid vore ein opptur som har gitt meg stor motivasjon til det vidare arbeidet. Takk for at du framleis hadde trua på at eg skulle greie dette gjennom graviditet og mammarolla. Og det gjekk jo fin-fint!

Ein stor takk går til informantar som har gjort dette prosjektet mogleg. Takk til dei skulane på Bømlo som engasjerte seg i prosjektet, og til kommunen som har delt informasjon med meg.

Geografistudiet har vore ei fin oppleving fordi det er eit spennande fag med stort mangfald. Men dei spirande geografane på instituttet har toppa opplevinga. Spesielt gjeld dette Hanne, Tonje og Sigrid. Takk for gode geografiske diskusjonar, gode innspel og korrekturlesing. Og ikkje minst takk for godt vennskap og for dei mange gode orda undervegs.

Venner og familie utanfor instituttet har hjelpt på ymse måtar. Takk til: Hilde, Jakob og Hanna for vennskap og for at dåke alltid stiller opp. Kathrine for langtidsutlån av den beste nynorskordboka. Kjersti for godt vennskap. Hildegunn m/familie for husrom og lån av bil under feltarbeidet og dei to andre søskena Linn og Kenneth fordi dåke er snille og greie.

Den største takken går til min vesle, gode familie, Helge og Eila. Utan dei hadde eg aldri kome i mål. Tusen takk til Helge som har vore oppmuntrar og pådrivar, og som gir verdens beste klemmar når det trengs. Din tryggleik i papparolla har gjort at eg har kunna slappa heilt av og konsentrert meg om å bli ferdig. Og så vesle søte Eila, som uvitande har vore med på denne prosessen, og som gjer meg så lykkeleg, og som er så smilande og hengiven til tross for mitt fråver. No er eg ferdig og har masse tid til deg!

Bergen 08.08.06

Monica Stoknes

FORORD	II
LISTE OVER FIGURAR OG TABELLAR.....	V
KAPITTEL 1: INNLEIING.....	1
1.1 TEORETISK POSISJONERING	1
1.2 TEMA FOR PROSJEKTET	3
1.3 PROBLEMSTILLINGANE.....	4
1.4 GANGEN I OPPGÅVA	6
KAPITTEL 2: TEORETISK GRUNNLAG	7
2.1 MOT DAGENS BYGDEOMGREP	7
2.2 REPRESENTASJONAR	10
2.3 DISKURS.....	12
2.4 REPRESENTASJONAR AV BYGDA.....	14
2.5 DEN IDYLLISKE BYGDA	17
2.6 IDENTITET OG STAD.....	19
2.7 NORMATIV GEOGRAFI	21
2.8 OPPSUMMERING	24
KAPITTEL 3: METODE.....	25
3.1 KVALITATIV METODE.....	25
3.1.1 KVALITATIVE METODE I DETTE PROSJEKTET	25
3.2 Å FORSKE I EIGEN KULTUR	26
3.3 METODISK FRAMGANGSMÅTE	30
3.3 SKRIFTLIGE KJELDER.....	30
3.4 UTVAL AV INFORMANTAR	32
3.5 INTERVJU OG INTERVJUSITUASJONEN	33
3.5.1 Nøkkelinformantar.....	33
3.5.2 Intervju med bømlingen.....	35
3.6 UNGDOMSINFORMANTANE.....	36
3.6.1 Prosjektarbeid ved ungdomsskular.....	36
3.6.2 Skulestil ved vidaregåande skule	37
3.7 Å VERA I FELT	39
3.8 ETISKE REFLEKSJONAR.....	39
3.9 ANALYTISKE VERKTØY	40
3.9.1 Diskursanalyse	40
3.9.2 Tolking gjennom teikn og kategoriar.....	41
3.10 OPPSUMMERING	42
3.11 OPPBYGGING AV ANALYSEN.....	43
KAPITTEL 4: I EIN STØRRE KONTEKST	45
4.1 BØMLO, SÅG DU EI ØY... ..	45
4.2 DET FLEIRKULTURELLE BØMLO	51
4.3 FLEIRKULTURELL STATISTIKK.....	52
4.4 BØMLO I HALFACREE SIN ROMLEGE MODELL.....	54
KAPITTEL 5: REPRESENTASJON AV DET RURALE ROM	57
5.0 INNLEIING	57
5.1 REPRESENTASJONAR AV BØMLO	57
5.1.1 Det idylliske Bømlo.....	58
5.1.2 Ein trygg stad for familiar.....	61
5.1.3 "Alle kjenner alle"	62
5.1.4 Sladring	63
5.2 OPPSUMMERING	64
5.3 REPRESENTASJONAR AV BØMLINGEN	65
5.3.1 Røter.....	66
5.3.2 Bømlingen om andre bømlingar.....	68
5.3.3 Stolte bømlingar	70

5.4 OPPSUMMERING AV BØMLINGEN	72
5.5 OPPSUMMERING	74
KAPITTEL 6: DISKURSANE OM "DEI ANDRE"	77
6.1 "OSS" OG "DEI ANDRE"	77
6.2 DISKURSANALYTISK UTGANGSPUNKT	79
6.2 DISKURSANE MED UTGANGSPUNKT I 1993	80
6.2.1 "Flyktningsspørsmålet"	81
6.2.2 Asylmottaket som arbeidsplass	84
6.2.3 "Den snille bømlingen"	86
6.3 DISKURSA MED UTGANGSPUNKT I 1998	90
6.3.1 "Den snille bømlingen", igjen	90
6.3.2 Ein del av lokalmiljøet?	91
6.3.3 "Me er med oss og dei er med seg"	94
6.4 OPPSUMMERING	95
KAPITTEL 7: "DEI ANDRE" I UNGDOMSDISKURSEN	97
7.1 UNGDOMSDISKURSEN	97
7.2 UNGDOMSDISKURSANE OM "DEI ANDRE"	97
7.2.1 "Ei økonomisk byrde for Bømlø"	98
7.2.2 "Dei kriminelle"	100
7.2.3 "Dei er ikkje som "Oss"	102
7.2.4 "Men ein skal ikkje skjere alle over ein kam"	104
7.2.5 Positiv påverknad	104
7.2.6 ...men det er nok no	106
7.3 OPPSUMMERING	108
KAPITTEL 8: AVRUNDING	109
KJELDER	115
Nettstader	119
Aviser:	120
Andre kjelder:	120
VEDLEGG:	I
VEDLEGG 1	I
VEDLEGG 2	II
VEDLEGG 3	III
VEDLEGG 4	VI

Liste over figurar og tabellar

Figur 2.1: Halfacree (2002) sin modell av det rurale rom	9
Figur 2.2: Bygda og byen.....	16
Figur 3.1: Bilete frå Sortland, kommunesentrum på Bømlo.....	27
Figur 3.2: Stiloppgåver til elevar i vidaregåande skule	38
Figur 4.1. Kart over Bømlo	46
Tabell 4.1. Befolkningsutvikling i Bømlo kommune, 1995-2005	47
Figur 4.2. Bilete teke frå Siggjo.....	48
Tabell 4.2. Sysselsetjing i Bømlo kommune	49
Figur 4.3. Bilete av ei av mange bruer i kommunen.	50
Tabell 4.3: Befolkningsstruktur over Bømlo kommune, 2004. Prosent.....	53
Figur 5.1: Bilete frå Slåtterøy fyr.	60
Foto: Ingeborg Øien Thorsland	60
Figur 5.2. Representasjonane av Bømlo.....	65
Figur 5.3: Frå oppsetnaden av Les Miserable i Moster Amfi august 2004	71
Figur 5.4. Bømlingen.....	73
Figur 6.1. Kategorien og prototypen ”dei Andre”.....	79
Figur 6.2 Denotasjonar og konnotasjonar til ”flyktning”	83

Kapittel 1: Innleiing

”...the English countryside may be described as a repository of white values, ideologies and lifestyles. Further, (...) this is a privileged whiteness that serves to exclude not just non-white groups, but also those minority white groups who are imagined as ‘not-quite’ white.” (Hubbard 2005:12)

Sitatet fangar opp essensen i prosjektet eg skal presentere. Oppgåva handlar om det rurale rommet, bygda i Noreg, og kva førestillingar som eksisterar om den. Vidare er fokuset på kva som passar inn i førestillinga og kva som ikkje gjer det, og på kva måte det viser seg i framstillinga av bygda. Fyrst vil eg i lys av Sibley (1995) sine teoriar sjå på kva som gjer at individet både inkluderar og ekskluderar.

1.1 Teoretisk posisjonering

Det er menneska som gjennom sine handlingar inkluderer og ekskluderer, seier David Sibley. I boka *”Geographies of exclusion”* (1995) tek han utgangspunkt ei psykoanalytisk tilnærming for å forstå korleis menneske føler motstand mot menneske som er annleis enn oss. Motstand grunnar i frykt og angst, meiner Sibley. Utgangspunktet for at mennesket inkluderer nokre og ekskluderer andre baserar han på psykologiske forklaringar om sjølvvet, eller den psykoanalytiske *”object relation theory”*:

”object relation theory assumes that from birth, the infant engages in formative relations with ‘objects’ – entities perceived as separate from the self, either whole persons or parts of the body, either existing in the external world or internalized as mental representations” (Hoggett 1992 referert i Sibley 1995:5).

Teorien går inn på måtar grenser oppstår på, korleis desse skil mellom det gode og det vonde, og korleis stereotype representasjonar av andre påverkar dei sosiale praksisane som fører til inkludering og ekskludering. Samstundes er desse grensene med på å definere sjølvvet (Sibley 1995).

Sjølvvet er kulturelt vilkårsbunden. Grensene som oppstår er ikkje noko som er ein del av sjølvvet, men noko som oppstår som ein konsekvens av samhandling med andre, og i det å bli ein del av ein kultur.

Sibley ser på Kristeva (1982) sin teori om "abjection" som grunnleggjande for å forstå eksklusjon. "Abjection" kan tenkast som noko "ureint" og blir forklart som å stå *i motsetnad til sjølvvet*, noko radikalt ekskludert men alltid til stade. Altså noko som er ein del av subjektet, samstundes som subjektet prøver å kvitte seg med desse objekta, "the abjection". Å oppretthalde det reine sjølvvet, samt å forsvare grensene er ein alltid pågåande kamp mot "ekskrement" som truar sjølvvet. Ekskrement kan vera skit, død eller andre ting som kan true eins identitet og ego, alle ting som truar både ein sjølv og samfunnet rundt ein. "The abjection" har og verknad for korleis ein definerar sitt forhold til andre, og viser seg i angst og frykt mot andre kulturar og ting som er "out of place". Den vestlege kulturen oppfordrar, meiner Sibley, til å skilja mellom reint og skittent, mellom oss og "dei Andre". Oppfordringa skapar angst og frykt fordi ein slik separasjon aldri heilt kan finna stad (Sibley 1995).

Sjølvvet vil alltid vera i ein sosial og kulturell kontekst som påverkar det. Slik får sjølvvet eit romleg aspekt då det alltid er situert i rommet, i ein spesifikk kontekst:

"the social positioning of the self means that the boundary between self and other is formed through a series of cultural representations of people and things which frequently elide so that the non-human world also provides a context for selfhood"
(Sibley 1995: 10).

Den sosiale, kulturelle og materielle verda er altså viktig i forminga av individet og korleis ein kategoriserar kva som er "in place" – innanfor, og kva som er "out of place" – utanfor. Sibley viser at det er noko grunnleggjande psykologisk i menneska som gjer at ein kategoriserar verda og menneska rundt seg. Mennesket er likevel alltid situert i ein kontekst, sosial og kulturell og i denne konteksten skapar menneska dei kategoriane som dei vurderer verda utifrå. Dikotomien innanfor/utanfor er slik viktig for kven me ekskluderar frå og inkluderar i rommet. I artikkelen "Inclusions/exclusions in rural space" reflekterer Sibley (2006) kring måtar rurale lokalsamfunn gjennom politisk mobilisering og lovgjeving prøver å ekskludere dei som ikkje høyrer til og understrekar kor problematisk temaet om rural eksklusjon er.

1.2 Tema for prosjektet

Rurale stader blir ofte framstilt som idylliske, som "communities" der alle kjenner alle, eit samfunn som sosialt sett er tettare enn i byen (Valentine 2001a). Cloke (2003) seier at me er "hjernevaska" frå fødselen av med ein idyllisk representasjon av rurale stader:

"Rurality is idyllic, we are told. You can't get away from it. The long fingers of idyll reach into our everyday lives via the cultural paraphernalia of film, television, art, books, magazines, toys and traditional practices. We are brainwashed from birth by idyllic representational values which present a cumulative foundation for both reflexive and instinctive reactions to rurality. Almost without realising, it seems, we learn to live out these knowledges in perception, attitude and practice. Country visions in this light become unthinking reproductions of received meaning, of hand-me-down identity, of acceptable practice and conventional attitude." (Cloke 2003:1).

Framstillinga av rurale stader som idylliske er nedarva, kulturelt, og me reproduserer framstillinga ubevisst. Dess djupare oppfatninga av det rurale sit i oss, dess vanskelegare blir det å akseptere avvik frå den (Cloke 2003). Dei hegemoniske framstillingane av det rurale rom har diskursiv makt som fungerer ekskluderande, og marginaliserar enkelte individ og grupper av menneske (Philo 1992, Cloke 2006b). Som sitatet til Hubbard innleiingsvis seier, er bygda oppfatta som ein oppbevaringsstad for kvite verdiar, ideologiar og livsstilar. Gjennom forskning er det påvist at mangfald og ruralitet ofte ikkje kan kombinerast. "Dei Andre" er ikkje med i biletet av bygda, og i det dei trer fram i bygdebiletet utgjør dei ein trugsel for dei konvensjonelle kulturelle normene i det rurale liv (Philo 1992, Cloke 2006a).

Oppgåva byggjer på feltarbeid gjort i øykommunen Bømlo i Hordaland. Prosjektet går ut ifrå den tematiske bakgrunnen som vart skissert over, med "hypotesar" om å finne eit idyllisk bygdebilete der etniske minoritetar ikkje "høyrrer heime". Gjennom denne oppgåva vil eg fyrst sjå på korleis bømblingane forstår og representerer staden Bømlo. Med ulike analytiske grep fokuserast det vidare på innhaldet i diskursane om "dei Andre" på Bømlo. Prosjektet har fått tittelen: *"Oss og dei Andre på Bømlo". Ein studie av representasjonar og diskursar i det rurale rom.*

1.3 Problemstillingane

Oppgåva er strukturert med utgangspunkt i tre hovudproblemstillingar og to underspørsmål. Som nemnt blir rurale stader oppfatta på spesifikke måtar, ofte som idylliske (Cloke 2003, Cloke 2006b). Basert på feltarbeid frå ein bestemt stad vil fyrste fokus vera å sjå korleis staden blir representert. Gjennom intervju, skulestilar og prosjektarbeid vil eg presentere bømmlingen sin framstilling av staden Bømlo. Framstillinga vil fungere som eit grunnlag for den vidare analysen fordi ein då har fått innsikt i kva som, i denne oppgåva, blir forstått som staden Bømlo. Den fyrste problemstillinga er formulert fylgjande:

1: Korleis representerer bømmlingen staden Bømlo og bømmlingen?

Neste steg i studien går inn på det fleirkulturelle i samanheng med det rurale rom. For å få tak i korleis det fleirkulturelle blir kommunisert på Bømlo, er det naturleg med ein diskursiv innfallsvinkel. Valentine (2001) definerer diskursar som: "*Set of connected ideas, meanings and practices through which we talk about and represent the world*" (Valentine 2001a:342). Det er slik idear, meiningar og praksisar kring det fleirkulturelle på ein rural stad som er fokuset. Hovudproblemstilling to omhandlar diskursane om "dei Andre" og er formulert slik:

2: Kva innhald har dei dominerande diskursane om "dei Andre" på Bømlo?

Det er ei vid problemstilling, og analytiske innfallsvinklar kan vera mange. To underspørsmål spesifiserar derfor to ulike innfallsportar til diskursane om "dei Andre". Det fyrste underspørsmålet tek utgangspunkt i opprettinga av asylmottaket på Bømlo.

Hubbard (2005) presenterer i artikkelen '*Inappropriate and incongruous*': *opposition to asylum centres in the English countryside* ein studie av debattane som kom i kjølvatnet av at det vart planlagt å byggja asylmottak på landsbygda i England. Studiet baserar seg på diskursanalyse av lokalbefolkninga sine protestytringar. Ved å undersøkje motstanden lokalsamfunnet ytrar mot bygging av asylmottaket og måten motstanden blir framstilt på, meiner Hubbard at motstanden stadfestar den hegemoniske oppfatninga som eksisterar av bygda og byen. Bygda som ein ubesudla, rein og kvit stad og byen som ein multikulturell,

meir liberal og øydelagt stad (Hubbard 2005, Agyeman & Spooner 1997, Valentine 2001a, Woods 2005).

I 1993 vart det opna eit asylmottak på Skogbu, Bømlo, med plass til ca 100 bebuarar. Mottaket blei nedlagt under eit år seinare fordi behovet ikkje lengre var til stades. I 1998 melder behovet seg att, og dei same lokala blir på ny gjort til flyktning- og asylmottak. Denne gongen blir mottaket driven samanhengande fram til 1. november 2004. Nedlegginga fell saman med tidspunktet for feltarbeidet til dette prosjektet. Etablering av asylmottaket, nedlegging, gjenopninga og nedlegging igjen, kan sjåast på som det Cresswell (1996) kallar "transgression". Omgrepet viser til å overskride grenser for det som blir oppfatta som "det normale" i samfunnet. Han meiner at det er nyttig å studere hendingar som er marginale eller unormale, og at ein slik får betre innsikt i kva som blir oppfatta som normalt. Desse hendingane med vekt på opprettinga av mottaket i 1993, utgjer fyrste innfallspørt til det fleirkulturelle tema for prosjektet. Plassering av asylmottak i ein bygdekommune gjer at omgrep som asylmottak og flyktning må "tildelast" ny kulturell mening for dei som bur på staden. Som såleis kan omgrepa sjåast som "blank figures" (Hetherington 2000, Sibley 2003), utan ferdigdefinert konnotativ mening. Kulturell mening som skal tildelast slik at kategoriane blir meningsfulle for innbyggjarane i kommunen. Fyrste underspørsmål i den andre problemstillinga er formulert slik:

2a) Kva kulturell mening får omgrep, knytt til mottak av flyktningar og asylsøkarar i møtet med Bømlo?

Feltarbeidet vart gjennomført 11 år etter at asylmottaket vart oppretta. Denne tidsperioden har gjeve bømblingane tid til å venne seg til "dei Andre" og omgrepa vil vera etablerte i bømlosamfunnet. Neste innfallspørt blir derfor å sjå på korleis "dei Andre" blir representert på Bømlo under tidspunktet for feltarbeidet i 2004. 2b) er fylgjeleg formulert:

2b) Kva innhald har dei dominerande diskursane om "dei Andre" i dagens Bømlo?

Underspørsmål 2b) tek tak i diskursane kring det fleirkulturelle i dagens Bømlo, under tidsrommet for feltarbeidet. I siste del av studien er fokuset òg på samanhengen mellom det rurale og det fleirkulturelle, men her handlar det om ungdomsdiskursen på Bømlo. Gjennom prosjektarbeid ved ungdomskule og stiloppgåver på vidaregåande skule har ungdommar

fortalt sine historier om bømlingen, Bømlo og det fleirkulturelle. Å bruke ungdommar kan vera nyttig fordi dei gjennom skule og fritid, kvardagsyslane sine, vil ha eit forhold til det fleirkulturelle i lokalsamfunnet. I tillegg er det ein måte å nå mange menneske på kort tid. Å bruke prosjektarbeid der eg sjølv er til stades vil gje meg høve til å snakke og drøfte med ungdommane medan dei utførar prosjektet. Samstundes vil eg få skriftleg materiell. Skulestil i vidaregåande skule vil gje meg større mengder skriftleg materiale der ungdommane har høve til å skrive rundt tema som eg har formulert. Problemstilling 3 er derfor som fylgjande:

3. Korleis blir ”dei Andre” framstilt i ungdomsdiskursen på Bømlo?

1.4 Gangen i oppgåva

Oppgåva er strukturert i 8 kapittel. I Kapittel 2 fylgjer ein gjennomgang av det teoretiske grunnlaget som oppgåva er basert på. Her går eg gjennom relevante teoriar som er bærebjelken for analysedelen av oppgåva. Framgangsmåten for feltarbeidet blir presentert i kapittel. Der drøftar eg òg dei analytiske verktya som blir brukt i analysedelen. Vidare blir oppgåva posisjonert i ein større kontekst. Geografisk, der staden Bømlo blir presentert og i forhold til det fleirkulturelle tema for prosjektet. Kapittel 5, 6 og 7 er analysekapittel som analyserer problemstillingane mot empirien, på bakgrunn av teorien. Til slutt fylgjer ei oppsummerande og samanfattande drøfting.

Kapittel 2: Teoretisk grunnlag

For å granske problemstillingane eg har presentert trengs det eit teoretisk rammeverk. I dette kapitlet skal eg diskutere relevante teoretiske tilnærmingar som er naudsynte for å gjere den vidare analysen. Feltarbeidet har føregått på Bømlo som eg kategoriserar som bygd, ein rural stad. Dette kapitlet startar derfor med ein historisk gjennomgang av bygdeomgrepet som endar i Halfacree (1993, 2002, 2006) sin modell av det rurale rom. Den store nytta dette prosjektet har av Halfacree sin modell som tilnærming til det rurale rom vil bli eksemplifisert gjennom analysekapitla. Omgrepa *representasjonar* og *diskurs* er essensielle for prosjektet og blir drøfta aleine, samt i forhold til bygd. Vidare er fokuset på kor viktig identitet er i studien av menneske og stadar. Til slutt blir forholdet mellom moral og stad drøfta gjennom ulike tilnærmingar til den normative geografien.

2.1 Mot dagens bygdeomgrep

Dei siste 80 åra har samfunnsvitarar, inkludert geografar, søkt å definere omgrepet bygd. Dei fyrste tilnærmingane var deskriptive tilnærmingar. Slike definisjonar la til grunn ein definisjon av rurale område ut i frå visse målbare kriterium som karakteriserte området. Til dømes kunne det målast ut frå sysselsetjing, arealbruk, befolkning og migrasjon. Ut i frå slike kriterium kunne ein måla graden av ruralitet til eit område (Halfacree 1993). Denne tilnærminga utelukkar menneska som aktørar sidan berre det målbare blir fokusert på. Tilnærminga tek heller ikkje det fleirkulturelle med som målbart kriterium på bygd, og sidan denne tilnærminga var allmenn gyldig i lengre tid, var den med på å stenge det fleirkulturelle ute frå bygdeomgrepet. Halfacree (1993) kritiserar slike deskriptive tilnærmingar for å ikkje vera nyttige til generell bruk, men berre som reiskap i spesifikk forskning som, til dømes, landbruksforskning og forskning på befolkningstettleik. Vidare seier Halfacree (1993) at definisjonane berre beskriv det me allereie oppfattar som det rurale, og ikkje kjem med ny kunnskap. Det blir i staden ei klassifisering av det me allereie veit.

Ei anna tilnærming til bygda, og det rurale, er basert på det sosio-kulturelle. Denne tilnærminga tok utgangspunkt i at stadane gjennom til dømes befolkningstettleik og/eller storleik, påverka livet til menneska som bur der (Halfacree 1993). Storleiken på befolkninga ville avgjere kor urban staden var. Dikotomien rural-urban gjorde seg etter kvart gjeldande


innanfor tilnærminga og dei to omgrepa blei definert som motsetnadar. Urbant som dynamisk og ustabil og ruralt som stabilt og trygt. Dette antok ein òg gjorde seg utslag i menneska som budde på staden. I tilnærminga vart by og bygd tillagd spesifikke eigenskapar, og visse grupper av menneske vart plassert på bygda og andre i byen. Byen vart med sine dynamiske eigenskapar sett på som ein fleirkulturell stad, og det fleirkulturelle vart igjen utelukka frå bygdeomgrepet. Dikotomien by-bygd fekk likevel ikkje leva lenge då forskarar kom fram til at forholdet mellom by og bygd var meir komplisert enn ein dikotomi kunne avspegla. Ein skala vart løysinga slik at ein kunne gradera by og bygd etter kor urbane eller rurale dei var. Halfacree (1993) kritiserar denne tilnærminga for å vera for deterministisk ved at staden legg føringar for menneska som lever på staden. I tillegg meiner han at tilhengarane av tilnærminga hadde ei "feil oppfatning" av kva rom var.

For å komme fram til ein god måte å definere ruralitet på, er det viktig at ein har ei nyttig oppfatning av rom, i forhold til det ein skal studere. Historisk har rom gått frå å vera "absolutt", noko fysisk, som ein konteinare, til "relativt rom", redusert til avstandar og målingar med kausale krefter, til det "relasjonelle rom". Oppfatninga om rom som noko relasjonelt er den hegemoniske i dag, og den går ut i frå at rom er ein del av menneska og deira handlingar. Gjennom denne interaksjonen er rommet dynamisk og blir slik stadig produsert og produsert (Holt-Jensen 1999).

Den tredje tilnærminga til bygda tok utgangspunkt i at rom er relasjonelt, produsert og produsert gjennom sosial handling. Tilnærminga såg på det rurale som ein "locality", ein lokalitet, og hovudfokuset var dei økonomiske aspekta av lokaliteten. Bygda endra seg i møtet med overordna nasjonale og globale endringar. Eit problem med tilnærminga var at den berre tok føre seg dei økonomiske aspekta ved globalisering, og såg ikkje på sosio-kulturelle sider ved globalisering som migrasjon og flyktningsstraumar. "Locality" tilnærminga til bygda kom aldri fram til ein definisjon av bygda, det var heller eit bidrag til korleis ein kan tilnærme seg omgrepet (Berg og Lysgård 2004).

Den fjerde tilnærminga til bygda tek utgangspunkt i at bygda er ein sosial og kulturell konstruksjon, og at for å studera det rurale er det *representasjonane* av det rurale me må studere. Tilnærminga vaks fram som eit produkt av postmoderne og poststrukturalistisk tenking og omgrepet bygd blei dematerialisert. Bygd blir slik ein mental kategori (Berg og Lysgård 2004). Likevel er ikkje bygdeomgrepet heilt lausriven frå det materielle.

Med dette romlege utgangspunkt har Halfacree (1993, 2002, 2006) utvikla ein modell for korleis ein kan tilnærma seg det rurale rom. Modellen er basert på Lefebvre sin romlege triade, og viser korleis ”*rural locality*”, romlege praksisar, ”representations of the rural”, formelle representasjonar og ”lives of the rural”, den sosiale representasjon utgjer det rurale rom (Halfacree 2002).



Figur 2.1: Halfacree (2002) sin modell av det rurale rom

Med ”rural locality” meinast særmerka romlege praksisar knytt til konsum eller produksjon (Halfacree 2006). Dimensjonen viser til både det materielle uttrykk og sosial produksjon og reproduksjon av rommet. Eit viktig aspekt ved dimensjonen er at strukturane er med på å legge føringar for ein stad gjennom premissar for praksis, til dømes er nokre stadar meir egna for jordbruk eller fiske enn andre.

Dimensjonen ”representations of the rural” i modellen viser til dei formelle representasjonane som blir kommunisert om det rurale, til dømes frå politikarar, planleggarar eller akademikarar. Dei formelle representasjonane er abstrakte og uttrykt gjennom symbolbruk, kodar og teikn. Uttrykket kan slik komme fram både som lovar og reglar og som normer i kvardagen i eit gitt rom. Representasjonane får ein maktdimensjon i at dei kan vera med på å styre våre persepsjonar av rommet.

”Lives of the rural” ser Halfacree på som kvardagslivet til menneska på bygda, og omfattar den sosiale representasjonen av bygda. Kvardagspraksisane er i konstant endring gjennom stadig forhandling og reforhandling av representasjonar. Dei to sist nemnte dimensjonane er tett knytt saman, jamvel vil dei formelle representasjonane alltid freista å kontrollere kvardagspraksisane. Dei tre dimensjonane er i dynamisk samspel og kan ikkje stå aleine. Til saman utgjer dei ein tilnæringsmåte for det rurale rom.

Det rurale rommet som er presentert som tilnærming til prosjektet er ein abstrakt modell, men det er viktig å kunne sjå den i forhold til *stad*. Halfacree (2002) argumenterer at alle tresidige arrangement av rommet kombinerer særmerka romlege praksisar, formelle representasjonar og kvardagspraksisar som i seg sjølv kan sjåast på som eit varig nettverk. *Stad* er eit slikt varig nettverk, og er slik der abstraksjonane av rommet er teken ned til jorda og skriven inn i landskapet (Halfacree 2002:4). Bømlo er staden som blir studert i dette prosjektet, og dei romlege abstraksjonane som fangar dei tre dimensjonane i den romlege modellen vil utgjere den rurale staden Bømlo som ein særmerka stad, med særmerka representasjonar og praksisar.

Det er no etablert eit romleg utgangspunkt for prosjektet. Gjennom oppgåva skal ein sjå at modellen er eit nyttig verkty for å tilnærme seg bygdeomgrepet, her Bømlo. Korleis bømlingen representerer Bømlo vil vera ein del av kvardagslivet, ”lives of the rural”, dei formelle representasjonane, ”representation of the rural” og ”rural locality”. Vidare i dette kapitlet skal fokuset fyrst vera på den sosiale representasjonen gjennom omgrepa representasjon og diskurs.

2.2 Representasjonar

Omgrepet representasjon omhandlar korleis menneske kommuniserar informasjon om samfunnet og verda. Holloway og Hubbard (2001) definerar omgrepet slik:

“We are using the term ‘representation’ in a very general sense, referring to any means of communication by which people tell each other about the world and share information. These take a variety of forms, including writing, speech, music, painting, fashion, computer graphics and ‘body language’.” (Holloway & Hubbard 2001:144).

Omgrepet representasjon grunnar semiotisk i at teikn formidlar meining. Kvar teikn har ei spesifikk meining, men forholdet mellom teiknet og meininga er ikkje gitt. Konteksten og publikumet til teikn er essensielt for forståinga av teikn. Slik kan teikn tyde ulike ting for ulike menneske i ulike kontekstar. For at teikn, representasjonen, skal bli forstått på same måte er ein avhengig av eit delt fortolkande rammeverk, eit likt meiningssystem (Holloway & Hubbard 2001). Språket er eit system som formidlar meining, men som forklart i sitatet ovanfor blir teikn her tolka breidt, som alt som kommuniserer meining, det vere seg musikk, kunst, tekstar eller politiske debattar (Holloway & Hubbard 2001).

Representasjonane er sosiale fordi dei er teken for gitt av grupper av menneske som kommuniserar, og som deler kodinga av denne kommunikasjonen (Halfacree 1993). Ei bygd som Bømlo, og bømlingane kan tenkjast å dele det same kodesystemet som sosial gruppe. Dei kan derfor òg ha like oppfatningar av kva som er rett og feil, og om kva og kven som høyrer til og ikkje høyrer til på staden. Som nemnt i innleiinga kan ulike omgrep som blir introdusert på Bømlo i samband med opprettinga av asylmottak i utgangspunktet vera ”blank figurs”, berre med denotativ meining på staden. Dømer på dette er asylmottak, asylsøkjjar og flyktning. Etterkvart vil slike omgrep fyllast og få ei kulturspesifikk meining på staden Bømlo. I problemstilling 2a) skal eg gjennom lokalaviser og intervju sjå på kva meining desse omgrepa blir fylt med på Bømlo. Kva type meining dei blir fylt med når dei blir introdusert i samband med Bømlo vil mest sannsynleg ha stor påverknad for korleis det fleirkulturelle vil bli oppfatta i lang tid framover fordi endring av representasjonane er tidkrevjande.

Berg og Lysgård (2004) peikar på kor viktig nettopp det sosiale er ved representasjonane: ”*sosiale representasjoner av ruralitet er viktige fordi hvordan ruralitet konstrueres, forhandles fram og erfares, er avgjørende for sosial praksis.*” (Berg og Lysgård 2004:65). For å få fatt i innhaldet i det rurale er det viktig at ein analyserer *diskursane*. Desse skal eg gå nærmane inn på nedanfor. Det er slik ikkje viktig å gå inn på målbare kategoriar som befolkningstettleik eller sysselsetjing når ein skal analysere bygdeomgrepet, det er representasjonane – mytane, diskursane, korleis menneska kommuniserar kvardagslivet som er viktig. Berg og Lysgård (2004) poengterar at der dei sosiale representasjonane blir knytt til stadar, som til dømes bygda, blir legitimiteten stadig forhandla for å finne ein sameina diskurs på staden. Dette har etterkvart ofte vist seg å utelukka komponentar/aktørar som ikkje passar inn. Det kan vera personar med annan hudfarge eller annan seksuell legning. Bygda blir, og

skal bli oppfatta som idyllisk (Berg og Lysgård 2004). Dette er ein viktig del av oppgåva, og eg skal etterkvart gå grundig inn på kva omgrepet ”den idylliske bygda” inneber.

Bygdeomgrepet blei som sagt tidlegare dematerialisert i tilnærminga til omgrepet. Berg og Lysgård seier at dematerialiseringa var viktig og naudsynt, men at omgrepet ikkje kan sjåast som totalt lausriven frå det materielle (Berg og Lysgård 2004). Dømer på at representasjonane og det materielle ikkje kan skiljast, seier Berg og Lysgård kan vera at ein får problem dersom ein skal formidle ein nasjonal representasjon av bygda. Representasjonen av bygda vil sjølvstundt variere rundt i nasjonen. Samstundes som staden påverkar den sosiale praksisen, blir den sosiale praksisen òg påverka av representasjonane, og til saman vil desse vere med på å forme dei rurale stadane (Berg og Lysgård 2004). Bømlø, som stad, vil slik vera eit produkt av representasjonane som blir kommunisert og den sosiale praksisen desse gjer seg utslag i.

Representasjon heng uløysleg saman med omgrepet diskurs, og dei byggjer på kvarandre. Problemstillingane i denne oppgåva er bygd opp kring desse omgrepa. Eit naturleg steg vidare er derfor å gå inn på diskursomgrepet.

2.3 Diskurs

Diskurs er eit samansett omgrep som omhandlar spesifikke måtar å tenke om, kommunisere og representere noko på. Neumann definerar diskurs som:

”.. .en diskurs er et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkeligkonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner.” (Neumann 2001:18).

Representasjonar vil vera ein del av, og utgjera dei rådande diskursane i eit samfunn. Når bærarar av same representasjon er institusjonalisert, utgjer dei ein posisjon i diskursen (Neumann 2001). Dette får materielle konsekvensar fordi dei institusjonaliserte representasjonane vil bli den hegemoniske oppfatninga av korleis ting er, kva som er rett og kva som er feil. Korleis bømmlingen representerar staden Bømlø vil vera den hegemoniske oppfatninga av staden Bømlø. Om det fleirkulturelle er med i denne representasjonen eller

ikkje, og i så fall på kva måte, vil og vera uttrykt gjennom dei hegemoniske diskursane på staden.

Hall (1997) fokuserer på Foucault sitt bidrag til studien om diskursar. Foucault ser på diskursar, som eit system av representasjonar, og flyttar slik fokuset bort frå synet på diskurs forstått som språk (Hall 1997). Diskursar omhandlar produksjon av kunnskap både gjennom språket og gjennom sosial praksis. Diskursar omhandlar kor meining kjem ifrå, og kven som definerar den, dei er òg i fylgje Foucault viktige i sin spesifikke historiske kontekst. I Foucault sin tilnærming til diskursar er maktaspektet viktig. Han introduserte eit nytt maktomgrep, der makt vert forstått som sirkulerande, i nettverk. Makt er slik noko gjennomsyrrer alle nivå i den sosiale eksistens, og me er alle ein del av den på ulike nivå og måtar. For Foucault er ikkje makt nødvendigvis ei negativ kraft, den kan òg vera produktiv. Slik definerar diskursar *inn* spesifikke måtar å kommunisere ulike emne, og definerar både kva som er ein forståeleg måte å kommunisere på, og akseptabel måte å te seg på. Samstundes definerar diskursar *ut* reglar som avgrensar andre måtar for kommunikasjon og oppføring (Hall 1997). Diskursar blir kontrollert av grupper i samfunnet. Gruppene vil kontrollere kva som er den hegemoniske oppfatninga om korleis ting er, kva som er den "rette" måten å tenke og kommunisere på.

Panelli (2004) understrekar at tilnærminga til rase og etnisitet gjennom diskursar avdekkar sosiale prosessar som både produserar rasediskriminerande kategoriar og som kan diskriminere heile landskap. Rase er gjennom ei slik tilnærming eit sosialt konstruert fenomen, og kategorien "kvit" ("whiteness"), er konstruert som den hegemoniske posisjonen i etnisk kvite område (Panelli 2004). Makta i diskursar er såleis viktig for kva kategoriar som blir produsert diskursivt, og kven som definerar den hegemoniske posisjonen i diskursen.

Det er alltid fleire diskursar som eksisterer side om side i eit samfunn. Til dømes kan lokalbefolkninga sine diskursar om innvandarane vera annleis enn politiske diskursar om emnet. Det føregår slik mange diskursar i samfunnet, og byggjesteinane i diskursane vil vera representasjonane – korleis me kommuniserer meining til andre. Nokre diskursar vil vera meir dominerande og hardføre enn andre, og vil slik i større grad kunne definere "sanningar" i samfunnet. Diskursane vil vera i stadig endring fordi dei konstant blir forhandla og reforhandla. Dei er slik dynamiske. Representasjonane vil styre kva som er dei hegemoniske diskursane til ei kvar tid, og diskursane vil slik alltid vera i endring. I dei to fyrste problemstillingane er diskursomgrepet viktig. I 2a) skal eg med hjelp av lokalavisa og intervju

finne innhaldet i diskursane knytt til spesifikke hendingar, oppretting og nedlegging av asylmottak i bygda, og i 2b) er fokuset på diskursane om ”dei Andre” i dagens Bømlo. I den siste problemstillinga skal eg gjennom prosjektarbeid og skulestilar presentere ungdommen sin representasjon av det fleirkulturelle, altså ungdomsdiskursen om det fleirkulturelle. Dette blir to ulike tilnærmingar til diskursomgrepet. Den eine avgrensa av spesifikke hendingar, den andre avgrensa av aldersgrupper.

Stadar og menneske blir altså representert på spesifikke måtar. Desse måtane vil utgjere diskursane i samfunnet, som vil ligge til grunn for den sosiale praksis. Korleis blir så bygda forstått og representert? Eg har no drøfta dei to omgrepa representasjon og diskurs. Vidare skal eg vise måtar desse gjev seg utslag gjennom ulike representasjonar av bygda.

2.4 Representasjonar av bygda

Bygda er ofte forstått og representert som tradisjonell, statisk og homogen, medan byen gjev moglegheiter med sitt pulserande dynamiske liv. Samstundes kan bygda vera forstått og representert som trygg og fredleg, medan byen er framandgjerande og stressande. Dette er i tråd med omgrepa ”community” (jf. Valentine 2001a) og ”gemeinschaft” (*“term that denotes the close, local relations between people in traditional, rural societies and the strict social control of, and care for, all members of that community”* (Holt-Jensen 1999:219)) som viser til slike sosiale representasjonar av bygda som her blir nemnt. Motsetnaden er omgrepet ”gesellschaft” som ofte viser til urbane stader med dei eigenskapane som blei nemnt ovanfor (Valentine 2001a). Holloway og Hubbard (2001) seier at representasjonane kan vera med på å skapa myter om stadar:

“Yet geographers’ interest in representations is somewhat broader than this, as all representations potentially communicates place as myths in one way or another – even if that was not necessarily the intention of the author who created the representation”
(Holloway & Hubbard 2001:143).

Med dette seier Holloway og Hubbard (2001) at representasjonane, om det er intensjonen eller ikkje, kan skapa myter om stadar. Mytane eller forteljingane som blir framstilt av bygda er den hegemoniske diskursen om bygda. Mytane er i fylgje Holloway og Hubbard:

"powerful 'stories' which shape our physical (bodily) and imaginative journeys into both familiar and unfamiliar places and spaces" (Holloway & Hubbard 2001:116). I tillegg seier dei at det er viktig å tenkje på at mytane ikkje er universelle, at ulike menneske har ulike oppfatningar av stadar og rom. Mytane er derfor sosialt og kulturelt konstruert. Eit anna viktig poeng med mytane er at sjølv om dei er bilete eller historier må dei ikkje bli avfeia som uviktige eller falske bilete av "sanninga". Om det er sanning i dei eller ikkje blir irrelevant sidan dei konstruerar ei sanning for dei som brukar mytane. Spesielt skapar dei sanningar for menneske om ukjende stadar og menneske. Geografar brukar mytane ikkje som sanningar om stadar, men for å analysere kva effektar mytane i seg sjølve har på menneske og stadar.

Mytane påverkar kvardagslivet på to måtar. For det fyrste påverkar dei korleis menneske ter seg i lokalmiljøet i kvardagen, både fysisk og sosialt. For det andre kan mytane sei noko om dei menneska som fortel mytane. Dette kjem spesielt fram når mytane omhandlar gruppe av menneske. Ofte skapar ein grupper av menneske til stereotypar og seier at "alle" i byen, eller "alle" på bygda har spesielle eigenskapar (Holloway & Hubbard 2001).

Shields (1991) omtalar myter som biletførestillingar og metaforar som me lever etter. Dette er bilete som kan byggja opp under dei polariserte sidene av bygda og byen. Ved å skapa myter opprettheld ein dei kulturelle forskjellane mellom by og bygd. Dette er igjen med på å oppretthalde sjølvbilete og identitetar som blir skapt i desse mytane og legg føringar for både korleis ein tenkjer og handlar. Ein kan då sei at mytane opprettheld dei hegemoniske diskursane som er om bygda.

Berg og Lysgård (2004) presenterer ein tabell som byggjer på deira forskning kring urban - rural migrasjon. Denne tabellen identifiserar to dominerande sett bilete av bygda og byen:

Bygda	Byen
Den tradisjonelle bygda	Den moderne byen
Smalt vare og tjenestetilbud Kjedelig Likhet Sosial kontroll	Bredt vare og tjenestetilbud Spennende Mangfold Stor takhøyde
Den idylliske bygda	Den fæle byen
Ro Rent Trygt Sosial omsorg Pent, grønt Sunt liv	Bråk Skittent Farlig Sosial isolasjon Stygt, grått Usunt liv

Figur 2.2: Bygda og byen

(Kjelde: Berg og Lysgård 2004:73)

I tabellen visast to sett bilete av bygda og byen. I det fyrste biletet er bygda den tradisjonelle bygda som er kjedeleg, homogen, med høg grad av sosial kontroll og eit smalt vare- og teneste tilbod. Byen er den moderne motsetnaden som er spanande, har mangfald, stor takhøgde og eit bredt vare- og teneste tilbod. Fokuset i dette settet er at bygda har heller negative assosiasjonar medan byen er den kjekke, positive motsetnaden.

I det andre settet er bygda positiv og idyllisk assosiert med ein roleg stad der det er reint, trygt, pent, sunt med sosial omsorg medan byen er sett på som negativ som bråkete, skitten farleg, stygg, usunn og med sosial isolasjon (Berg og Lysgård 2004). Anna norsk forsking på bygd og by som Bjaarstad (2003) og Fosso (2004) identifiserer same bilete av bygda og byen. Fosso (2004) poengterer at idylliske førestillingar om bygda fungerer som ein kulturell ”sanning” og som eit hegemonisk tanke-system.

Ein kan sjå at bygda og byen, ruralitet og urbanitet ofte blir sett på som dikotomiar og blir nemnt som motsetnadar. Dette skjer ofte i same ordelag. Når ein forklarar noko om bygda brukar ein byen som referanse eller motsett. Dette understrekar det relasjonelle ved omgrepa, og er ein måte å oppretthalde dei hegemoniske diskursane om bygda som ein idyllisk stad, eller bygda som ein kjedeleg, statisk stad.

2.5 Den idylliske bygda

”Somewhere deep down in the early twenty-first century psyche there seem to remain longstanding, handed-down precepts about rural areas, marking them as spaces enabled by nature , offering opportunities for living and lifestyle which are socially cohesive, happy and healthy, and presenting a pace and quality of life that differs from that in the city. (...) These knowing of the country are often, somewhat loosely, given the overarching categorisation of ‘idyll’.” (Clove 2003:1).

”Den idylliske bygda” viser til eit bilete av ein rein, sunn og naturleg stad, jamfør 2.4 (Berg og Lysgård 2004). Holloway og Hubbard (2001) seier at omgrepet er eit resultat av korleis bygda over lang tid er blitt representert. Myta om bygda som ein idyllisk stad, inneberer faktorar som: eit inntrykk av tidløyse, ei hovudvekt på tradisjonelle familieverdier i lokalsamfunnet, harmoni mellom natur og kultur, fråver av sosiale problem og ei fostring av god fysisk, religiøs og moralsk helse (Holloway & Hubbard 2001:154), jamfør Valentine (2001) om ”community” omgrepet og ”gemeinschaft”.

Myta om bygda som idyllisk er sosialisert i oss og er derfor slik me ser bygda. Mykje forskning har framstilt menneska på bygda på ein spesifikk måte, som ”Mr Averages” (Valentine 2001a). Philo (1992) kritiserte denne forskinga som han meiner framstilte menneska som:

”as being men in employment , earning enough to live, white and probably English, straight and somehow without sexuality, able in body and sound in mind, and devoid of any quirks of (say) religious belief or political affiliation.” (Philo 1992:200).

Ein slik måte å sjå bygda på vil utelate dei gruppene som ikkje har eigenskapane som Philo (1992) viser til i sine erfaringar av det rurale rom. Philo sin kritikk har ført til forskning på ”dei Andre” på bygda. Ei forskning som har kasta lys over at ”dei Andre” sine opplevingar av bygda ikkje nødvendigvis er i samsvar med dei hegemoniske diskursane om ei idyllisk bygd (Valentine 2001a).

Ein av eigenskapane som ligg i oppfatninga av den idylliske bygda er at den er "pure", rein, eit "kvitt landskap" (Agyeman og Spooner 1997, Hubbard 2005, Valentine 2001a, Woods 2005). Omgrepet "kvitt landskap" viser til at bygda blir oppfatta som ein stad som der det bur kvite menneske. Det faktum at bygda konstant får eit aukande tal av fleirkulturelle innbyggjarar blir skjult gjennom måten bygda blir representert på. Hubbard (2005) kallar (den engelske) bygda for ein oppbevaringsstad for kvite verdiar, ideologiar og livsstilar og brukar dette i sitt studie om korleis den engelske landsbygda stiller seg til bygging av asylmottak (jf. kap. 1.3). I studien ser Hubbard på korleis det rurale lokalsamfunnet agerer mot tiltenkt bygging av asylmottak i nærmiljøet. Dei lokale innbyggjarane reagerer med protestar mot planane og han har diskursivt analysert protestskriva, og slår fast to grunnleggande oppfatningar av asylsøkarane. Den fyrste at dei ikkje ville vera i stand til å bli integrert i bygdemiljøet som er framstilt som lovlydig, hardt-arbeidande og organisert. Landsbygda ville derfor vera lite attraktiv for asylsøkarane. Dette heng saman med den andre oppfatninga om at asylsøkarar vil ha større suksess ved integrering inn i urbane miljø, som i utgangspunktet er meir fleirkulturelt (Hubbard 2005). Dette er heilt i tråd med oppfatninga av den idylliske bygda og omgrepa "community" og "gemeinschaft/gesellschaft".

Representasjonen av ei idyllisk bygd vil ekskludere grupper av menneske som ikkje blir sett på som ein del av denne idyllen. Verstad og Thorsen (2004) har i si forskning av bygda i Noreg peikt på det same. Informantane dei har intervjuar snakkar om at dei tette sosiale relasjonane på bygda kan slå ut i at utsette grupper, som innvandrarar og homofile, ikkje "høyrer heime" i bygdemiljøet. Thuen (2006) si studie om korleis homofile og lesbiske forstår seg sjølv i forhold til bygda og byen, viser òg at bygda er oppfatta som ein stad der det ikkje er rom for dei som er "annleis". Myter kan, som dei hegemoniske diskursane i samfunnet, ha ein ekskluderande effekt på visse grupper. Dette er sentralt i mitt prosjekt der eg skal sjå på kva diskursane på Bømlo inneheld, korleis dei blir representert, og korleis det fleirkulturelle blir representert i diskursen. Dersom Bømlo blir representert som ein idyllisk, "kvit" stad vil ikkje det fleirkulturelle vera ein del av denne representasjonen, og kan slik bli ei marginalisert gruppe på Bømlo. Som Hubbard (2005) i si studie skal eg sjå på diskursar i samband med asylmottak og bygd. Feltarbeidet vil vise om argumentasjonen for og imot asylmottak på den engelske landsbygda er i samsvar med mine funn på bygda i Noreg.

Dei sosiale representasjonane, diskursane, mytane er i stadig endring og endrar slik gjennom kvardagslivet normene på stadar. I desse sterke sosiale representasjonane, eller mytane finn

ein staden sin identitet. Identitet er eit viktig omgrep i diskusjonen om menneske og stader, nettopp fordi menneske og stader utviklar identitet i samspel med kvarandre (Berg og Dale 2004:49) I det neste avsnittet skal eg kaste lys på denne koplinga mellom identitet og stad.

2.6 Identitet og stad

Identitetsomgrepet viser til korleis ein ser på seg sjølv, og korleis andre oppfattar ein – i forhold til, til dømes, kjønn, seksualitet, rase, yrke eller sosial klasse (Holloway & Hubbard 2001, Panelli 2004, Jenkins 1996). Ved at ein identifiserar seg mot andre er identitet ein dynamisk prosess (Jenkins 1996), og handlar slik både om å bli godkjent og om å vera annleis (Panelli 2004). Ein person sin identitet er såleis sosialt konstituert og produserast gjennom at ein er eit sosialt vesen som samhandlar med andre menneske (Jenkins 1996). Panelli (2004) poengterer at identitet er knytt til fleire fenomen:

”Identity may be attached to many contrasting phenomena: identity of the self, identification of others, and identification of places (e.g. a town or community identity). Each of these identities is a social construction, developed as social understandings that may define our experiences of difference and sameness, and will form boundaries.”
(Panelli 2004:140).

Panelli understrekar her at identitet er knytt til fleire fenomen; til sjølv, til andre menneske og til stadar. I dette avsnittet er fokuset på korleis identitet er knytt til stadar. Rose (2000) fokuserer på korleis identitet er knytt til kjensler for stadar. Dei tre måtane er å identifisere seg med ein stad, å identifisere seg mot ein stad, eller å ikkje identifisere seg i det heile med ein stad.

Å identifisere seg med ein stad går ut på at ein kjenner tilhøyre til ein geografisk. Omgrepet blir delt opp i skala, og kan gjelde på det lokale plan som i heimen eller på bygda, så vel som på det regionale og nasjonale plan. ”Sense of place” er eit uttrykk geografar brukar for å vise til at menneske kan ha personlege kjensler for stadar. Mening blir knytt til staden, den blir meningsfull for oss. Slik vil me føle tilhøyre til staden. Ein stad, ofte der ein er født og oppvaksen, vil tyde meir for ein person enn andre stadar. Me har funne ”vår stad i verda”.

Denne staden vil slik vera viktig i forminga av individet sin identitet (Rose 2000). Når identitet er sett i samanheng med stad, meiner Rose (2000) at identitet refererer til:

”lived experiences and all the subjective feelings associated with everyday consciousness, but also suggests that such experiences and feelings are embedded in wider sets of social relations” (Rose 2000:88).

Å identifisere seg mot ein stad går inn på kontrasten mellom oss og ”dei Andre”. Menneske identifiserar seg sjølv ut i frå kva dei ikkje er. Ein etablerer sin identitet ut i frå kontrastar mot andre identitetar. Det kan vera kvinne/mann, eller by/bygd. Å ikkje identifisere seg i det hele viser til at ein ikkje bryr seg om ein stad, at ein ikkje føler tilhøyre. Dette er ei kjensle som er vanleg blant emigrantar og flyktningar (Rose 2000).

Identitetsomgrepet står altså her for noko som omhandlar individuelle kjensler og handlingar i kvardagslivet så vel som vår samhandling med omgjevnadane som sosiale individ. I dette prosjektet vil det vera det rurale rom som står i fokus, spesifikt staden Bømlo. Ein kan slik tru at for bømblingane spelar staden Bømlo ei viktig rolle for deira identitetsprosjekt. Enda viktigare vil Bømlo spele ei stor rolle for asylsøkjjarar som kjem til Bømlo som den fyrste staden i Noreg. Stadar sin identitet er forankra i sosial praksis og stadsmytar (Shields 1991). Dynamikken i identitetskonstruksjonen gjer at stadar sin identitet vil vera i stadig endring sidan kvardagspraksisar er i stadig endring. Endring i representasjonar, diskursar og stadsmytar vil såleis vera med på å endre ein stad sin identitet (Berg og Dale 2004).

Som nasjon identifiserar me oss mot andre nasjonar, kvinner mot menn, bygd mot by (Hylland Eriksen 1997). På same måte identifiserar minoritetsgrupper seg mot majoritetsgrupper. Minoritetsgruppa ofte blir tillagt ein spesiell gruppeidentitet medan majoriteten blir oppfatta som normalen. Gruppeidentiteten til minoriteten blir ofte framtrødande og heng sterkt ved personane i gruppa, til dømes ”innvandarane” eller ”dei homofile”. Tillagd gruppeidentitet er ofte sterkt misvisande og stereotypifiserande. Spesielt gjeld dette innvandrargruppa. Desse er frå ei rekkje ulike land, kulturar og religionar, men blir greidd under same kam og sett på som ei sameina gruppe (Hylland Eriksen 1997). I bygdebiletet kan slike stereotypifiseringar blir sterkt representert då minoritetsgruppene blir svært synlege i små samfunn der ”alle kjenner alle”, (jf . ”community”, Valentine 2001a).

Massey (1994) gjev omgrepet "sense of place" eit nytt innhald når ho introduserar sitt omgrep "A global sense of place". Globalisering, og med det tid-stad kompresjon førte til ei meiningsstrid om stader vart oppløyst gjennom globaliseringa. Massey redefinerte derfor stadsomgrepet og argumenterer for at stadar er relasjonelle, opne og hybride. Det dynamiske identitetsomgrepet som her er presentert står i samsvar med omgrepet til Massey, der ho forstår stadar som i kontinuerleg endring og med mange identitetar (Massey 1994, Cresswell 2004, Danielsen 2006). Stadar sin identitet, meiner Massey, kan med denne forståinga byggje utoverretta identitetar i staden for innoverretta nasjonalistiske stadsoppfatningar (Danielsen 2006). "A global sense of place" er eit omgrep som søker å femne inkludering, heller enn ekskludering, ved at ein open, hybrid stad er meir inkluderande for "nye" menneske enn lukka stadar.

Massey sitt omgrep har blitt kritisert for å underkommunisere korleis stadar kan brukast til å ekskludere. Det kan derfor vera nyttig å bruke metaforen porøs om stadar, som viser til dei flytande grensene ved stadar, og om dei er progressive eller reaksjonære (Danielsen 2006).

Både stadar og identitetar omhandlar grensedragning, og handlar dermed både om inkludering og ekskludering. Ved at ein gjer stader til "sine" som til dømes heimen, bygda eller landet, gjer ein samstundes denne staden utilgjengeleg for andre som ikkje "hører til". Ein inkluderer nokre og ekskluderer andre og skaper ein geografisk segresjon/separasjon med grunn i staden. I kraft av dette vil nokre menneske og/eller grupper av menneske bli "out of place" på nokre stadar (Holloway & Hubbard 2001).

2.7 Normativ geografi

Den normative geografien handlar om forholdet mellom moral og stad. Korleis ein stad blir konstruert og framstilt legg føringar for kva og kven som hører heime og kva eller kven som ikkje hører heime på staden. Rom og stad strukturerar slik eit normativt landskap som har reglar for kva som er forventa og kva som er tillate. I dette avsnittet av teoridiskusjonen er fokuset på ulike tilnærmingar til den normative geografien gjennom forskinga til Sibley (1995) og Cresswell (1996).

Sibley (1995) viser til Kristeva (1982) sin teori om “*abjection*” for å forklare korleis menneska har frykt mot det som er annleis og “*out of place*”, (jf. kap. 1). Sibley ser på stereotype førestillingar som ein viktig del av at ein inkludere nokre grupper og ekskludere andre. Det finnst både gode og dårlege stereotype førestillingar av grupper og desse spelar ei viktig rolle i korleis ein ordnar det sosiale rommet rundt seg. Nettopp fordi dei avgjer kven me distanserer oss frå. Me vil distansere oss frå, og ekskludere dei som blir presentert negativt. Til saman vil bilete me har av grupper av menneske og bileta me har av stadar skapa eit ekskluderande landskap (Sibley 1995).

Farge, sjukdom og natur er tre teikn på ”dei andre” som Sibley (1995) går inn på. Svart – kvit dikotomien har vore ein gjennomgåande måte vestlege samfunn har dominert andre. Denne dikotomien har assosiasjonar til tilskitning og reinleik:

”the association between black and dirt, between dirt and disease, emphasizes the threatening quality of blackness. Removing blackness, injecting light, removes fear, but this fear may be a fear of others as much as a fear of darkness.” (Sibley 1995:23).

Svart er ein farge som i kvite samfunn har blitt brukt for å syne frykt fordi me assosierar svart med skit, sjukdom og død. Det kvite er den reine motsetnaden og har blitt brukt for å legitimere at det er dei kvite som skal ha makt i eit samfunn. Det kvite er blitt normalisert i Europa, Nord Amerika og Australia med omegn. Svart blir i desse områda blir sett på som det unormale, dermed ”*out of place*”. Sibley viser korleis me fryktar det som er annleis og korleis me brukar førestillingar og representasjonar til å skape stereotypar som me fryktar. Jamfør kapittel 1.1, er sjølv et ein del av både den kulturelle, sosiale og materielle verda ein lever i og blir forma ut i frå dette. Konteksten ein lever i vil slik vera med på å forme kva kriterium ein brukar for å kategorisere kven som er ”*in place*” og kven som er ”*out of place*” (Sibley 1995).

Sibley (2006) tek drøftinga om inkludering og ekskludering av ”dei Andre” vidare på eit ruralt nivå, og ser på korleis rurale samfunn produserar imaginære geografiar av ”*community*” som motsett seg mangfald i samfunnet. Han skriv òg om korleis rurale områder i England motsett seg mottak av asylsøkarar og refererer menneska på landsbygda slik: “*a rural area, particular a wealthy one, is no place for poor people of a different ethnicity – asylum seekers should be accomodated in cities*” (Sibley 2003:228).

Cresswell (1996) har gitt bidrag til den normative geografien med si forskning på forholdet mellom mennesket og staden. Rommet som sosialt konstruert skaper grenser for kva som er rett oppførsel i rommet. Grensene har to roller. Fyrst å bestemme kven som er *på innsida*, kven som høyrer til staden, og for det andre å bestemme kven som er *på utsida*, kven som ikkje høyrer til. Det argumenterast derfor for at det er teken for gitt ("common sence") kva som er rett oppførsel i dei ulike romma, og at kvart rom slik har sin ideologi med implisitt meining. Meininga og verdiane som er i rommet skapar eit normativt landskap som opptre gjennom produksjon og reproduksjon, det blir kontinuerlig og dynamisk skapt. Omgrepet "transgression", *overskriding*, fokuserer på kva som skjer når grensene mellom det som er "in place" og det som er "out of place" kryssast, og omhandler det å bryte med normene og grensene i samfunnet.

"The moment of transgression marks the shift from the unspoken unquestioned power of place over taken-for-granted behaviour to an official orthodoxy concerning what is proper as opposed to what is not proper – that which is in place to that which is out of place." (Cresswell 1996:10).

Cresswell meiner at ved å studere det som er marginalt og unormalt, lærer ein meir om det som oppfattast som det normale. I eit samfunn er det aldri full konsensus om kva som er det normale eller det hegemoniske. Det er derfor viktig å studere det som vert utfordra i kvardagslivet. "Transgression" er ikkje eit faktum, og blir heller ikkje sanksjonert før dei som er "in place", det normale, reagerer. Det vil sei at grensene mellom, til dømes, grupper i samfunnet ikkje blir oppdaga før dei blir overskrida og dermed sanksjonert (Cresswell 1996). Eit metodisk grep for prosjektet er å ta utgangspunkt i etablering av asylmottak på Bømlo. Denne hendinga vil vera "unormal" for Bømlo, og slik kan diskursane om kva som er "det normale" tydlegare komme fram (jf. kap. 1.3).

Bygda i Noreg blir, som nemnt ovanfor, ofte rekna som ein idyllisk stad utan sosiale problem. Heller ikkje innvandraran blir rekna som ein del av bygdebiletet og er derfor "out of place" på bygda. Grensene mellom innvandarane og resten av befolkninga på bygda blir i fylgje Cresswell ikkje eit faktum før dei eventuelt blir sanksjonert. Om det finnast markerte grenser mellom "oss" og "dei andre" er noko eg vil søkja å finna ut gjennom å sjå på kva diskursar som eksisterar om emnet på Bømlo. Dersom innvandarane på bygda blir sett på som "out of place" og det eksisterar klare grenser mellom dei og lokalbefolkninga vil dette hindre

integrering i samfunnet. Integreringsprosessen skal vera ein gjensidig prosess mellom innvandarane og resten av befolkninga. Dersom gjensidigheita sviktar vil det bli nærmast umogeleg for innvandarane å bli ein del av samfunnet.

2.8 Oppsummering

I denne delen av oppgåva har det teoretiske rammeverket blitt lagt. Teoridrøftingane vil vera grunnlaget for korleis analysen vil bli utført. Den teoretiske tilnærminga starta med ei tilnærming til det rurale. Gjennom ei historisk tilnærming vart grunnlaget lagt for korleis rommet, bygda, skal forståast i dette prosjektet. Som utgangspunkt for prosjektet ligg ei forståing av rommet som sosialt og kulturelt konstruert. Bygda som ein sosio-kulturell konstruksjon er eit dematerialisert omgrep. Halfacree (2002, 2006) argumenterer for at det materielle er ein viktig del av korleis bygda blir representert. Fylgjeleg blir Halfacree sin modell av det rurale rommet lagd til grunn som ein nyttig tilnæringsmåte til bygda, her Bømlo. Det sosio-kulturelle romomgrepet ser på dei sosiale representasjonane av rom. Den teoretiske drøftinga gjekk derfor inn på diskusjonar kring representasjonar, om kva dei er, og ulike representasjonar av bygda. Prosjektet søkjer gjennom dei tre problemstillingane å finne representasjonar av Bømlo og innhaldet i diskursane kring det fleirkulturelle på Bømlo. Teoridrøftinga har derfor eit tyngdepunkt i diskusjonar om representasjonar, diskursar og mytar i sin breidde, og kopla til ulike omgrep som identitet og den normative geografien med hovudvekt på Sibley (1995) og Cresswell (1996) sine bidrag.

Den vidare vegen mot analysen går fyrst gjennom å presentere ein metodisk framgangsmåte, samt å legge eit grunnlag for analytiske verktøy. Vidare gjennom ein djupare presentasjon av studiestaden Bømlo og posisjonering av det fleirkulturelle på lokalt og nasjonalt nivå.

Kapittel 3: Metode

3.1 Kvalitativ metode

Denne oppgåva handlar om sosiale representasjonar av rommet og diskursane desse utgjer. I det førre kapittelet vart det teoretiske rammeverket lagd til grunn. Vidare trengs ein framgangsmåte for å oppnå forståing for problemstillingane gjennom feltarbeid. For å oppnå forståing av eit sosialt fenomen er det naturleg å tilnærme seg fenomenet gjennom kvalitativ metode. Dette fordi ein vil søkje å forstå meiningane og intensjonane bak handlingar og ytringar, altså karakteren av eit fenomen heller enn utbreiinga av det. Formålet med kvalitativ metode vil nettopp vera å forstå sosiale fenomen, på grunnlag av data om hendingar, situasjonar og personar. For å oppnå denne forståinga er tolking ein viktig del av den kvalitative metode (Thagaard 1998).

I kvalitativ forskning blir ikkje data samla inn, den blir *produert* i samhandlinga mellom informant og forskar (Fossåskaret 1997). I kvalitativ forskning nyttast ei mengd ulike produksjonsmetodar som intervju, observasjon og analyse av dokument. Eit særtrekk ved forskinga er at forskaren brukar seg sjølv som eit middel for å få informasjon, gjennom til dømes intervjusituasjonar. I slike situasjonar oppstår relasjonar som er viktige for utfallet for forskinga (Thagaard 1998).

3.1.1 Kvalitative metode i dette prosjektet

Oppgåva baserar seg på feltarbeid gjort i øykommunen Bømlo. Prosjektet søkjer å finne bømlingen sin *representasjon* av Bømlo og innhaldet i *diskursar* om ”dei Andre”. Representasjonar er basert på at teikn blir kommunisert og at dette skapar meining i den spesifikke kontekst for det gjevne publikum. Representasjonar er alt som blir kommunisert av teikn som til dømes; tekst, bilete og symbol (jf. kap. 2.7) (Holloway & Hubbard 2001). Diskursar er bygd opp av representasjonar og Valentine (2001) definerar omgrepet som “*Set of connected ideas, meanings and practices through which we talk about and represent the world*” (Valentine 2001a:342).

Utgangspunktet for feltarbeidet er dei tre problemstillingane og studiestaden Bømlo. For å finne bømblingane sine representasjonar av Bømlo må bømblingane fortelje sine historier om staden. Intervju blir derfor ein naturleg framgangsmåte. Tanken er at P1, med bømblingane sine representasjonar av Bømlo skal ligge i grunn for dei to neste problemstillingane som omhandlar diskursane om "dei Andre" på Bømlo. Innfallspørsmåla til dei tre problemstillingane som omhandlar "dei Andre" er ulike. 2a) tek utgangspunkt i spesifikke hendingar knytt til oppretting av asylmottak på Bømlo. For å oppnå forståing for ei hending tilbake i tid skal eg ta utgangspunkt skriftlege kjelder i hendinga si samtid, nemleg lokalavisene i tidspunktet rundt opprettinga av asylmottaket. Intervju med nøkkelinformantar er tiltenkt til å brodere ut diskursane. 2b) omhandlar diskursane i dagens Bømlo, kjelder vil såleis hovudsakleg vera intervjumateriale. For å finne innhaldet i ungdomsdiskursen eg spør etter i den tredje problemstillinga må eg snakke med ungdommar. Dette har lagt grunnlag for eit samarbeid med to ungdomsskular og ein vidaregåande skule i kommunen. Oppsummert har eg brukt fleire metodar som framgangsmåte; "Kjeldegransking" i form av analytisk gjennomgang av lokalavisene, ulike typar intervju, prosjektarbeid på ungdomsskular og skulestil på vidaregåande skule.

Kapittelet er oppbygd med ein diskusjon av å forske i eigen kultur, etterfylgt av ein gjennomgang av dei metodiske framgangsmåtane prosjektet nyttar seg av. Gjennomgangen er bygd opp etter type framgangsmåte sidan alle problemstillingane skal bli analysert med kombinasjonar av metodane. Siste del av kapittelet tek føre seg ein etisk refleksjon rundt det å bruke kvalitativ metode, samt ein gjennomgang av ulike analytiske verktøy som er relevante for dei fylgjande analysekapitla.

3.2 Å forske i eigen kultur

Når eg skulle velje stad for feltarbeidet mitt vurderte eg fleire. Vurderingskriteriet var fyrst og fremst at det måtte vera eit asylmottak der, ein stad der det var ei kjelde til det fleirkulturelle utanom dei flyktingane som kommunane årleg tek imot. Eg valte til slutt å gå for den staden eg sjølv er oppvaksen på, Bømlo. Ei nærmare utgreiing av studiestaden Bømlo kjem i kapittel 4, der konteksten til prosjektet blir presentert.



Figur 3.1: Bilete frå Sortland, kommunesentrum på Bømlo.

Foto: Ingeborg Øien Thorsland

Gry Paulgaard (1997) skisserer korleis å studere i eigen kultur har vore eit tema i metoddebatten. Det oppstår eit dilemma ved at ein som vil studere eit framand samfunn kan ha problem med å komme inn i samfunnet for å oppnå forståing. På den andre sida vil ein som studerer sitt eige samfunn ha problem med å få stor nok distanse. I dette prosjektet vil det sistnemnte vera eit tema, då stad for feltstudie er oppvekststaden for meg. Tradisjonelt er feltarbeid assosiert med kulturstudie som har studert andre kulturar enn sin eigen. Det å studere andre rom enn dei ein kjenner har vore ein føresetnad for objektiv vitskap. Det vil seie at våre forkunnskapar om ein stad eller ein kultur hindrar vitskapleg forskning. Denne retninga såg på konteksten til forskingsobjektet, det er meininga bak ei handling som er den eigentlege innsikta. Frå ein slik vinkel vil forskaren sine forkunnskap vera ei feilkjelde som hindrar forskaren i å få den rette innsikt i det sosiale rommet som blir studert (Paulgaard 1997).

Andre retningar meiner at eit slikt perspektiv ikkje ser på forskaren sin kontekst som viktig for produksjonen av data. Forskaren tolkar observasjonar og produserar data ut i frå egne forståingar av verda rund seg og sine kategoriar. Forskaren sin forkunnskap blir i eit slikt perspektiv ikkje eit hinder for vitskap, men ein føresetnad for vitskap. Ei ikkje-subjektiv forskning der ein kan lausrive seg frå sine kategoriar og forske objektivt på andre rom vil vere umogleg sidan ein uansett vil vere prega av egne kategoriar i sin eigen kontekst. Å forske i eigen kultur vil slik vera den einaste måten ein kan oppnå eigentleg innsikt i rommet (Paulgaard 1997).

Begge desse retningane blir ytterpunkt i debatten om korleis ein skal gjere feltarbeid. Nyare retningar opnar for at ein kan få ny innsikt, og i staden for å snakke om eigentleg innsikt snakkar ein om posisjonert innsikt. Det vil seie at forskaren sin kontekst gjev tilgang til nokre delar av rommet medan den hindrar tilgang til andre. Dette gjeld om ein forskar i eigen eller andre kulturar. Fokuset bør derfor heller vera at ein gjer seg bevisst på kva som gjev tilgang og kva som lagar hinder og slik kan utnytte sin kontekst best mogleg i felt.

Det kan vera vanskeleg å vera objektiv på den staden der ein sjølv har gjennomgått sosialiseringprosessen. Det er dette lokalsamfunnet sine normer og reglar ein har lært, det er desse diskursane ein er ein del av. Ein kan og ha vanskar med å sjå og uttrykke sjølvsegte hendingar. Det vil vera ein del ting i samfunnet som ein tek for gitt, som ein ikkje klarar å sjå. Samstundes kan det vera vanskeleg for meg som bømbling at fokuset er på å "avdekkjer" sambygdingane sine representasjonar om det fleirkulturelle. Eit tema som kan reknast som ømtålig.

Det var 6 år sidan eg flytta frå staden der eg har vakse opp når eg gjorde feltarbeidet. På desse åra har eg fått både ein fysisk avstand til staden i tillegg til sosial avstand. Med det meiner eg at eg har sosialisert meg inn i eit anna miljø som ikkje eksisterer på heimstaden, eit studentmiljø som er annleis enn miljøet for jamnaldrande på Bømlo.

Sjølv om det å gjere feltarbeid i eige oppvekstmiljø kan by på utfordringar, har det synt seg at det å vera bømbling i utgangspunktet har vore positivt. I ei bygd der mange kjenner mange, er folk svært opptekne av kven ein er og kvar ein kjem i frå. Når dette er plassert, er folk meir opne for å snakke. Når eg snakka med lærarane på dei tre skulane eg har samarbeida med er dei fyrst å fremst interessert i om eg har gått der sjølv og kva tid. Når eg hadde prosjektarbeidet på ungdomskulane skjedde det fleire gongar at elevane spurde meg om familiære forhold for å plassere meg, kjente dei til, eller visste dei kven mine søsken var til dømes. I byrjinga av nesten alle intervju starta samtalen med at intervjuobjektet plasserte kven eg var og kor eg kom ifrå.

I alle situasjonar har eg blitt teken svært godt imot når eg har tilnærma meg, både på skular i kommunen og av enkeltpersonar. Om dette er fordi eg er ein bømbling eller fordi folk har vore genuint interessert i prosjektet er ikkje så lett å vite, men det har i alle fall gjort det lett for meg å gjere feltarbeid. Eg har ikkje møtt noko motstand. Det at eg er bømbling har i tillegg

gjort at eg til ei kvar tid har visst kvar eg skulle vende meg til for å få tak i folk. Eg har god geografisk kunnskap om øya og veit, til dømes, kor kommunehuset er og kvar skulane er. Eg har hatt tilgang til bil og kjørt heim til folk for å gjere intervju. Dette har gjort til at eg har spart tid i forhold til det å arbeide på ein ukjend stad. Bømlo er ei stor øy med svært dårlege bussamband og det å ha tilgang til kjøretøy og kjennskap til staden har gjort at eg kunne arbeida effektivt.

Det at eg er bømbling meiner eg òg at har ufarleggjort meg. Temaet som eg arbeidar med kan vera litt skummelt å snakke om. Folk vil ikkje oppfatast som rasistar og kan vera redde for korleis dei skal uttale seg. Når eg som bømbling snakkar med ein annan bømbling vil intervjuobjektet tenkje at me i kraft av det å vera bømblingar meiner det same. Til dømes uttalte fleire av mine intervjuobjekt *"du veit jo korleis det er"*. Dei identifiserer seg med meg som bømbling og det blir slik lettare for dei å snakke med meg om ømtålige tema enn det kanskje hadde vore med ein person som ikkje var bømbling.

Samstundes er det viktig å vera klar over at det kan vera ting eg har oversett som viktige nettopp fordi eg kjenner dette samfunnet godt. På dette grunnlag er det viktig med svært grundig gjennomgang av datamaterialet som eg har produsert og sjølvinnsett i denne gjennomgangen. Slik kan eg prøve å setje meg sjølv utanfor i ein situasjon der eg i utgangspunktet arbeidar som ein innanfor person. Vonleg har bømblingen i meg gjeve meg meir tilgang enn hinder gjennom feltarbeidet. Det er likevel viktig med ein etisk refleksjon i forhold til å studere på eigen oppvekststad. Som nemnt handlar prosjektet om ømtålige tema som kan vera vanskeleg å snakke om. For meg som sambygding kan det og dukka opp kjensler for at eg "avdekkjer" haldningar som ikkje er "korrekt" å inneha. Måten ein går fram for å produsere materiale vil òg vera viktig for kva materiale som blir produsert. Til dømes vil det vera viktig kva ein fokuserer på når ein presenterar prosjektet for potensielle informantar (Valentine 2001b), og kva spørsmål ein brukar. Vidare kjem ein presentasjon av dei ulike måtane eg har tilnærma meg dei ulike kjeldene.

3.3 Metodisk framgangsmåte

3.3 Skriftlege kjelder

Som utgangspunkt for problemstilling 2a), som omhandlar innhaldet i dei dominerande diskursane knytt til oppretting av asylmottak i kommunen, er kjeldegransking i form av analyse av lokalaviser hovudmetoden. Cresswell (1996) meiner at ved å studere det marginale vil ein lære meir om kva som er sentrum, kjernen av det som er oppfatta som rett og godteke (Cresswell 1996:21). Ved å ta utgangspunkt i spesifikke hendingar som overskrid grenser for det som er "normalt", det som utfordrar dei hegemoniske representasjonane i kvardagslivet, vil ein utløyse reaksjonar som vil vera nyttig å studera. Ein kan gjennom slike studie av hendingar som utfordrar hegemoniet finne kva som er oppfatta som "in place" og "out of place". Bygda har sterke assosiasjonar som eit "reint rom" (jf. kap.2.5), oppretting av eit asylmottak vil derfor kunne sjåast på som ei hending som utfordrar representasjonen av bygda Bømlo. Når ein skal analysere ei hending tilbake i tid er skriftlege kjelder eit godt utgangspunkt. I denne oppgåva utgjer aviser hovudtyngda for kjeldegranskinga. Andre skrivne kjelder er referat frå politiske vedtak om asylmottak eller flyktningsspørsmål.

Når ein skal analysere skriftlege kjelder er det viktig at ein veit kva for eit dokument ein har føre seg og kva føremålet med dokumentet er. Ein må setja dokumentet i sin kontekst ved å finne ut kven det er mynta på, offentleg eller privat, kven forfattaren er, kva tid det er forfatta og så bortetter. Ein må og tenkje på korleis ein kan bruke kjelda til å svare på problemstillingane sine (Kjeldstadli 1997).

Kjeldstadli (1997) omtalar aviser som ei uvurderleg kjelde til mange føremål og som ei samtidsdagbok. Aviser kan "*Fange atmosfæren i en spesiell tid*" (Kjeldstadli 1997:215). Ein må samstundes vera kritisk til stoffet i aviser til dømes fordi artiklar blir skrivne under tidspress og i nær tid til hendingar, slik kan journalistar kanskje mangle oversikt og informasjon på saken. Aviser kan lesast som eit uttrykk for meining. Ein må då vera klar over kven sine meiningar avisa representerar, det kan vera journalisten, organisasjonar eller politiske parti. Ein tekst vil alltid vera i ein kontekst som set innhaldet i eit bestemt lys. Lokalavisene eg har analysert skal i utgangspunktet vera ei "objektiv" avis som tek opp smått og stort i kommunen. Avisa reklamerar for seg sjølv som "ei lett avis med tyngde".

Alle utgjevne aviser fann eg på biblioteket, her var det i tillegg tilgang på kopimaskin. Eg valde fyrst ut avisene frå 1993 og 1994 fordi det var det året asylmottaket blei oppretta i kommunen. Mottaket blei så nedlagt for å bli opna att i 1998, eg gjekk derfor i tillegg gjennom avisene frå 1998. Det er hovudsakleg ei avis, Bømlo-nytt, denne kom ut to gongar i veka i byrjinga av mine utvalde tidsperiodar men blei utvida til tre dagar; måndag, onsdag og fredag. I tillegg kom det ei ny avis BTB – Bømlo i tekst og bilete, i delar av tidsperioden som kom ut to dagar i veka; tysdag og torsdag.

I gjennomgangen av avisene tok eg kopi av alle artiklar som nemnte asylmottaket, flyktningar eller innvandrarak, det være seg "fredagsdrøsen" med bebuarak på asylmottaket eller referat frå vedtak kommunestyret hadde gjort i sambande med, til dømes, kor mange flyktningar kommunen skulle ta inn komande år.

Mitt føremål med å analysere avisene var å finne innhaldet i diskursane om etablering av asylmottaket, kva for ei meining som vart lagt til omgrepet "flyktning", og om det eksisterte førestillingar om "dei Andre" i Bømlo-samfunnet. Jamfør kap. 1.3, er det fleire innfallsportar til diskursane. Med problemstilling 2a, er innfallsporten opprettinga av asylmottaket i 1993 og gjenopprettinga i 1998. Avisene vil representere nokre av diskursane i samfunnet. Det vil i denne samanheng vera viktig å halde fokus på at det som avisa representerar ikkje er representativt for alle bømblingane, men det vil vera avisa og journalistane som skriv artiklane sine representasjonar av lokalsamfunnet og diskursane slik dei ser det. Korleis avisene framstiller nyhender er såleis viktig i seg sjølv å reflektere over (Clark 1997). Journalistane er subjektive i det dei vel ut kva som skal skrivast og ikkje skrivast i avisa. Avisa vil derfor aldri vere heilt objektiv og reflektere ei "sanning" i lokalsamfunnet. Ein kan òg spørje seg om aviser i eit lite samfunn "tør" å vera kontroversiell i si formidling, og om dette i så måte påverkar *kva* som blir framstilt og *måten* det blir gjort på.

Avisene skriv om det meste som skjer i samfunnet på Bømlo og derfor er dette ei god kjelde for meg. Journalistane skriv om alt frå kommunestyremøte til fleirkulturelle samskipnadar. I tillegg er det intervju av enkeltpersonar som er relevante for mitt prosjekt. Det vil derfor vera mogleg å trekke fleire diskursar ut av denne kjelda. Denne metoden er hovudmetoden for å kaste lys på problemstilling 2a). Dei politiske skriva som blir brukt i analysen har eg fått tak i ved å kontakte arkivet i kommunen. I lokalavisene vart det referert til kommunestyremøte, og

arkivet i kommunen har funne fram materiale frå dei aktuelle møta, kopiert opp, og sendt informasjonen til meg. For å supplere informasjonen avisene gjev, har eg i tillegg gjort seks intervju med nøkkelinformantar og fire intervju med bømblingar som har vore med på å brodere ut diskursane kring opprettinga av asylmottaket og om ”dei Andre” på Bømlo.

3.4 Utval av informantar

Prosjektet er knytt spesifikt til staden Bømlo, korleis bømblingane representerar Bømlo, og kva innhald ulike diskursar om ”dei Andre” har. Utvalet av informantar har vore *strategisk*. Med dette meinast at utvalet av informantar vart gjort på grunnlag av teorien og problemstillingane (Thagaard 1998, Valentine 1997). Føremålet med nøkkelinformantane var å kunne illustrere og kaste lys på mine tema, ut i frå mine hypotesar om kva eg ville finne ut. Alle informantane ville, som innbyggjarar på Bømlo, kunne fortelje noko om si oppfatning av bømblingen og Bømlo i samband med problemstilling 1. Fokuset for utval av informantar var derfor for det fyrste å finne personar med spesiell kompetanse om det fleirkulturelle på Bømlo for å kaste lys på 2b), altså *nøkkelinformantar*. Og for det andre å finne ungdommar som kunne avdekkje ungdomsdiskursen om ”dei Andre”, jamfør problemstilling 3 . Under kjem ein presentasjon av korleis eg gjekk fram for å få informantar, og kven desse er.

Ein viktig del av utvalet er dei intervjuar eg har med personar som anten har arbeida eller arbeidar med asylsøklarar og/eller flyktningar, eller som på annan måte har engasjert seg i det fleirkulturelle miljøet på Bømlo. Desse informantane blir her etter kalla *nøkkelinformantar*, personar som gjev forskaren spesielt mykje innsikt (Thagaard 1998, Wadel 1991). Måten det vart oppretta kontakt med nøkkelinformantar i dette prosjektet kan karakteriserast som ”snøballmetoden” (Thagaard 1998, Valentine 1997). Med dette omgrepet meinast at ein fyrst etablerar kontakt med ein informant, som igjen føreslår nye informantar og så vidare. Både Valentine (1997) og Thagaard (1998) peikar på at eit problem med denne metoden er at ein lett kan få for mange informantar innanfor same krins, men at dette kan løysast ved at ein bevisst kontaktar personar som har tilknytning til ulike nettverk. Ein slik formidlar for meg var flyktningkonsulenten i kommunen. Ho var svært hjelpsam og formidla kontaklinformasjon til meg om moglege informantar. Flyktningguideprosjektet i regi av Røde Kors var eit prosjekt ho sette meg i kontakt med. Prosjektet har ein ide om at vegen til eit aktivt liv i samfunnet for flyktningar er gjennom kontakt med lokalbefolkninga. Flyktningguidar er slik ein frivillig 1:1

ordning der personar i lokalsamfunnet brukar ca to timar i veka saman med ein flyktning i ein periode på 9 månadar for å opprette kontakt mellom flyktningen og lokalsamfunnet (www.home.no/flyktningeguide/, Flyktningeguiden). Denne kontakten resulterte vidare i fire intervju. Eit med leiaren for frivilligsentralen og tre med personar som var flyktningguidar, jf ”snøballeffekten”. Flyktningeguidane hadde eit spesielt engasjement i forhold til det fleirkulturelle og opplevde miljøet på eit nærare hald enn bømblingar flest.

Neste nøkkelinformantintervju var med ein person som hadde jobba ved norskopplæringa i kommunen og no jobba ved same avdeling i nabokommunen. Personen hadde gjennom spesiell interesse, kompetanse og utdanning, mykje kunnskap om tema som var interessante for prosjektet mitt. Personen var i tillegg utanfor nettverket til kommunen. Dei siste informantane som kan karakteriserast som nøkkelinformantar var miljøarbeidarane på asylmottaket. Gjennom ein dagleg kontakt med asylsøklarane på mottaket sat dei inne med uvurderleg informasjon. Fleire av miljøarbeidarane jobba ved mottaket ved oppstarten i 1994 og kunne slik fortelje om og reflektere kring deira oppfatninga av bømblingane sitt møte med asylmottaket.

Etter å ha gjennomført intervju med nøkkelinformantane fekk eg behov for å intervju ”bømblingen på gata”. Dette grunna formuleringane i problemstilling 1 og 2b). Eg ville ha tak i fleire forteljingar om staden Bømlo og fleire ytringar som kunne sei noko om innhaldet i diskursane om opprettinga av asylmottaket og om det fleirkulturelle i dagens Bømlo. Med utgangspunkt i personar eg kjende frå før intervju eg derfor fire personar i alderen 20-30 år, samt ordføraren i kommunen.

3.5 Intervju og intervjusituasjonen

3.5.1 Nøkkelinformantar

Eg gjorde totalt seks intervju med ti personar som kan karakteriserast som nøkkelinformantar. Som utvalet ovanfor viser var dette personar med spesiell kunnskap om tema som var interessante for prosjektet mitt. I desse intervju utarbeidde eg ulike intervjuguidar; ein for dei tre intervju som vart gjort med flyktningeguidane (sjå vedlegg 1). Denne vart brukt som base for intervjuet med leiaren for frivilligsentralen (som administrerte flyktningeguidane) og for

intervjuet med miljøarbeidarane på asylmottaket. I dei to sistnemnte intervjuja hadde eg notert ned nye, og andre tema/spørsmål der dei kunne tilføre interessant informasjon i kraft av til dømes sitt arbeid, sin posisjon i samfunnet eller sine fritidssysler. Intervjuguidane blei fylgt fast tematisk og dei fem fyrste intervjuja kan karakteriserast som *semi-strukturerte* (Hay 2000), det vil sei at intervjuet var planlagd på førehand, men at det er rom for å ta opp tråden dersom interessante emne kjem opp, og at ein kan vera ”på hugget” med oppfølgingsspørsmål som kunne føre til interessant informasjon. I intervjusituasjonen med nøkkelinformantar opplevde eg at å vera audmjuk for andre sin kunnskap var viktig og naudsynt for å skapa god relasjon til informantane. Samstundes var god førekunnskap gjennom undersøkingar ein føresetnad for å kunne føre gode samtalar med informantane.

Intervjuet med miljøarbeidarane på asylmottaket kan karakteriserast som intervju med *fokusgruppe* (Hay 2000, Longhurst 2003), der alle miljøarbeidarane diskuterte spørsmåla eg hadde med meg som ordstyrar. Hay (2000) poengterer at bruk av fokusgruppe kan vera spesielt nyttig når ein forskar på sosiale konstruksjon av kunnskap. Dette fordi bruk av fokusgrupper kan spegle dei mangfaldige meiningane menneske har til stadar, forhold, prosessar og hendingar. Samstundes blir meiningane forhandla fram og reforhandla gjennom meiningsuttrykkinga (Hay 2000). Grunnen til at intervjuet blei utført på ein slik måte var hovudsakleg fordi informantane var på arbeid og måtte gå litt til og frå. Samansetninga av fokusgruppa var såleis av ”like” personar, noko som gjennom semje om temaet kan forsterke meiningane til deltakarane i gruppa (Hay 2000). Det var ein hektisk periode på mottaket fordi mottaket var i ferd med å avviklast grunna UDI sin avgjerd om å leggje ned 40 mottak fordi det var nedgong i talet på asylsøkjjarar i Noreg. Miljøarbeidarane var i opprør som fylgje av dette, som resulterte at dei måtte flytte asylsøkjjarane til andre mottak. ”*Me pakkar dei og tingene inn i bilar og kjører dei bort som kveg. Det er uverdige. Me vil ikkje vera med på dette*” (Miljøarbeidar ved mottaket). Jamfør Cresswell (1996) om nytta av å studere spesifikke hendingar, var dette noko som truleg gav meg meir og ”viktigare” informasjon om forholdet mellom lokalsamfunnet og mottaket/asylsøkjjarane. Det var som dei hadde behov for å få utløp for dei frustrerte kjenslene sine over nedlegginga av mottaket, og at å kanalisere dette mot meg var ein ”vinn-vinn” situasjon for begge partar. Intervjuet var basert på ein førehandsformulert intervjuguide som blei fylgt tematisk, men med store krumspring då informantane hadde mykje interessant informasjon og komme med.

3.5.2 Intervju med bømlingen

Denne gruppa av intervju blei gjennomført fordi eg kjente eit behov for å utbrodere materialet som skulle kaste lys på korleis bømlingen representerte Bømlo og bømlingen. Intervjua handla derfor om informanten sin oppfatning av bømlingen, Bømlo, men eg nytta i tillegg høvet til å spørje om informanten sine representasjonar om det fleirkulturelle på Bømlo (sjå vedlegg 2).

Som nemnt kjente eg desse intervjuobjekta frå før, noko som kan slå ut både bra og dårleg. Å gjere feltarbeid i eigen kultur får enda ein dimensjon, når ein i tillegg til å gjere feltarbeid på eigen oppvekststad, intervjuar informantar ein kjenner frå før. Noko som krev sjølvrefleksjon kring korleis ein nyttar seg av informantar, grunna det felles kulturgrunnlag ein deler med informanten. Eg opplevde at dei eg intervjuar gav meg mykje informasjon og var opne. Rolla mi vart at eg var ein venn, og ein venn kommuniserer ein godt med. I byrjinga av desse intervjua følte eg at eg var i ein unaturleg situasjon i forhold til venane mine sidan eg satt der med opptakar og notatblokk, men etterkvart som intervjuar kom i gang gjekk det svært bra. Me snakka som om opptakaren ikkje var der, som om me skulle ha snakka om kva som helst tema. Som nemnt opplevde eg at dei var ærlege og opne om eit heller ømtålig tema. Intervjua eg gjennomførte hadde høg grad av struktur der eg hadde ein intervjuguide som mal. Denne vart følgt ganske fast tematisk. Dersom me kom bort i frå spørsmåla handla det om informanten sine opplevingar av det fleirkulturelle på sine arenaer, gjennom til dømes jobben. At asylmottaket var i ferd med å avviklast gjorde at eg kunne snakke med informantane om hendinga i samtid, i tillegg til at dei fleste kunne hugsa, og kunne reflektere kring opprettinga av asylmottaket som låg ti år tilbake i tid.

Etterhandsaming

Med unntak av to intervju, gruppeintervjuet og med den eine nøkkelinformanten blei alle intervjua gjennomførte med opptakar i tillegg til notering. Grunnen til at intervjuet med den eine nøkkelinformanten ikkje vart teken opp var fordi informanten ikkje ynskja det. Ved gruppeintervjuet var det strukturen på intervjuet, at personar kom og gjekk, som gjorde det vanskeleg å fange intervjuet med opptakar. Notering vart her prioritert. Alle intervjua vart transkribert kontinuerleg medan samtalanane var ferske i minnet.

3.6 Ungdomsinformantane

Innfallsvinkelen eg brukte for å kaste lys på ungdomsdiskursen var gjennom ungdomsskuleelevar. Å ta tak i ungdomsdiskursen om det fleirkulturelle har hovudsakleg to grunnar. For det fyrste vil ungdommane på skulen omgås med innvandrarakar både på skulen og kanskje i fritida, det blir ein del av kvardagen deira. Dei vil derfor ha eit forhold til det fleirkulturelle som ein kan rekne med gjev grunnlag for å ”naturleg” inkludere eller ekskludere innvandrarakar i sin representasjon av staden Bømlo. For det andre var det å kontakte bømlingar gjennom ungdommen ein måte nå mange på relativt kort tid fordi ein slik kan bruke skulane som arena. I prosjektet mitt snakkar eg om ”bømlingen”, men det ville vera umogleg for meg å intervjuar alle på Bømlo, derfor var det å bruke skulane ein måte å få eit stort utval av informantar. Til saman var ca 160 elevar med på prosjektet. Dei representerar ungdomsdiskursen, om kva som kjenneteiknar Bømlo og bømlingen, og kva som blir ekskludert og inkludert i denne representasjonen. I tillegg til prosjektarbeid brukte eg skulestil på vidaregåande som ein supplerande måte å produsere data om ungdomsdiskursen på. I prosjektarbeida handla det om Bømlo og bømlingen medan elevane på vidaregåande kunne velje mellom å skrive anten om Bømlo og bømlingen eller om påverknaden det fleirkulturelle har hatt på Bømlo-samfunnet. Til saman skreiv åtte elevar skulestilar kring same tema. Desse elevane gjekk i andre klasse ved ein vidaregåande skule og er slik eit par år eldre enn ungdomsskuleelevane.

3.6.1 Prosjektarbeid ved ungdomsskular

Eg valde å ta kontakt med to ungdomsskular. Den eine fordi den er størst med ca 100 elevar på kvart trinn, den andre fordi den er geografisk nærast asylmottaket. Det er to ungdomsskular til på Bømlo som eg ikkje kontakta. Dette fordi eg med dei to fyrste skulane ville nå minimum 130 elevar og tenkte at det ville vera tilstrekkeleg. Fyrste steget mitt gjorde eg ved å sende ein e-post til rektorane ved skulane, der eg kort forklarte kva prosjektet mitt gjekk ut på og om dei var interesserte i å vera med på prosjektet. Dei var begge positive og me avtalte eit møte nokre månadar fram i tid. Ved dette møtet diskuterte me best mogleg framgangsmåte og vart samde om prosjektarbeid på 3 timar (sjå vedlegg 4) ved den eine skulen og 4 timar ved den andre (sjå vedlegg 3). Eg utarbeida ein utformingsplan for prosjektet som eg sendte til skulane før sommarferien. Ved skulestart i august var det berre att å avtale tidspunkt for gjennomføring av prosjektet.

Prosjektet føregjekk i klassane sine klasserom på skulen. På den minste skulen var elevane på førehand informert om prosjektarbeidet og elevane hadde fått skriftleg samtykke frå føresette om å få vera med på prosjektet. På den største skulen meinte lærarane at det ikkje var naudsynt og elevane visste heller ikkje om prosjektet før eg dukka opp i klasserommet saman med læraren.

Min rolle i klasserommet vart lærar. Alderen min gjorde at dei såg meg som vaksen, og det at eg kom med eit skuleopplegg som skulle gjerast og leverast inn gjorde at eg fekk ein lærarstatus. Elevane var i utgangspunktet opne og engasjerte, så det å ha ei lærarrolle hindra ikkje arbeidet mitt. Dei hadde ein fin tone med sin eigen lærar, respekt samstundes som kommunikasjonen var bra og dette overførte dei til meg. Eg fekk svar på det eg spurte om og dei jobba flittig med prosjektet. Når blodsukkeret vart lågt og lunsjtid nærma seg var det likevel tydeleg at konsentrasjonen minka og uroa auka. Prosjektet handla om Bømlo og bømlingen, og oppgåva spurde etter kva ungdommane meinte var typiske trekk ved dei to kategoriane. Det var eit bevisst val frå mi side å ikkje introdusere det fleirkulturelle tema for ungdommane. Ved å spørje om Bømlo og bømlingen hadde eg ein "hypotese" om at prosjektarbeida ville spegle om ungdommane såg det fleirkulturelle som ein del av samfunnet, vist gjennom om ungdommane inkluderte det fleirkulturelle i sin representasjon av Bømlo og bømlingen.

Gjennom prosjektarbeidet nådde eg ca 160 ungdommar på kort tid. Desse elevane representerer ungdomsdiskursen i si breidde. Elevane var 14-15 år gamle og svarte på prosjektet ut frå sine ståstar.

3.6.2 Skulestil ved vidaregåande skule

Eg var usikker på kor mykje eg skriftleg ville få ut av prosjektarbeida ved ungdomsskulane. Ungdomsskulelærarar gjorde meg oppmerksom på at elevane kunne vera for unge til klare å reflektere rundt dei opne, generelle spørsmåla som eg ville bruke i prosjektet mitt. Eg tok derfor kontakt med ein vidaregåande skule i kommunen. Leiar for norskseksjonen var interessert i prosjektet mitt og let meg formulere to av oppgåvene til ein heildagsprøve.

OPPGÅVE 1

”Bømlingane har alltid vore glad i å ta imot gjester og tilflyttarar. Dei er stolte av heimstaden sin, røtene sine og det mangfaldet som Bømlo representerer”.

Teksten er henta frå turistbrosjyren ”Bømlo såg du ei øy...”

Skriv ein utfyllande tekst om kven bømlingane er, og om dei eigenskapane som dei blir tillagde her.

OPPGÅVE 2

Asylmottaket på Skogbu har eksistert i periodar frå 1993, då krigen i tidlegare Jugoslavia byrja. Bømlo har sidan då jamnleg teke i mot asylsøklarar og flyktningar, både på Skogbu og i desentraliserte bustadar rundtom på øya. Mange av desse har valt å busetje seg på øya, medan andre har flytta heim att eller til andre stadar i Norge. Grunna endringar i asylpolitikken skal mottaket på Skogbu no leggjast ned.

Skriv ein tekst der du går inn på korleis mottaket har påverka lokalmiljøet på godt og vondt og kva det vil bety for Bømlo og bømlingane at mottaket no blir nedlagt.

Figur 3.2: Stiloppgåver til elevar i vidaregåande skule

Tanken bak dei to oppgåvene var å få reflekterte samanhengande tankerekker kring for det fyrste kven bømlingen er, og for det andre kring korleis ungdommane ser på det fleirkulturelle i lokalmiljøet. Etter heildagsprøven var gjennomført sendte læraren meg kopiar av alle som hadde svara på ”mine” oppgåver. Det var ca 50 elevar på andre klasstrinn og av dei sju oppgåvene dei hadde å velje i, hadde 8 elevar valt å svare på ”mine” oppgåver. Stilane er i frå 3-6 sider lange, skrivne som resonnerande tekstar.

Eg møtte aldri dei elevane som har skrive stilane. All planlegging av dette føregjekk gjennom læraren til elevane. Eg veit heller ikkje om elevane nokon gong blei informert om at dei var med på prosjektet mitt. Læraren vart informert om at tekstane kan bli brukt i oppgåva mi.

3.7 Å vera i felt

I tillegg til det å gjera dei faktiske intervjuavtalane og gjennomføre intervjuet får ein ved å vera i felt heile tida informasjon, i tillegg til at ein heile tida gjer observasjonar berre ved å vera på staden og omgåast med dei som bur der. Eg trefte heile tida på folk som eg kjende litt eller mykje og samtalen kom ofte inn på kvifor eg var ”heime” og kom slik inn på prosjektet mitt. Ut av slike lause samtalar kom det ofte fram forskjellige uttalingar og refleksjonar som eg la meg på minne eller skreiv ned. Prosjektet blei drøfta med nokre av lærarane på skulane eg var på. I tillegg kom familiemedlemmene til informantane, der intervjuet blei gjort i heimen til informantane, med relevante refleksjonar. Eg har observert hendingar på gata, på bussen og i friminutta som har vore relevante for prosjektet mitt.

I det heile har det å vera i felten vore ei tid der eg har vore ein ”svamp”. For meg har alt handla om eit spesielt tema – bømlingen sin representasjon av Bømlo og diskursane om ”dei Andre”. Dette har vore i bakhovudet gjennom kvart eit skritt eg har teke gjennom heile opphaldet.

3.8 Etiske refleksjonar

Å bruke kvalitativ forskning gjennom intervju er noko ein må gjere med varsemd. Dette prosjektet handlar om ømtålige tema som kan vera vanskelege å snakke om. I ein slik situasjon må ein vera varsam med ordbruk og formuleringar slik at ein formidlar budskapet på ein rett måte. I intervjusituasjonen kjente eg stadig at eg var redd for å gå inn på samtalen om det fleirkulturelle. Redsla grunna i at eg frykta informantane trudde eg ville stemple dei som rasistar. Frykta viste seg etterkvart å vera grunnlaus. Som eg nemner i avsnittet om feltarbeid i egen kultur, gjorde det at eg er bømbling truleg det lettare for informantane å snakke med meg om desse sidene ved samfunnet. Men, sidan eg har oversikt over heile prosjektet, og informantane ikkje, lurte det ei kjensle om at eg skulle ut å ”avsløre” sambygdingane mine sine dårlege haldningar. Dette er ei kjensle som har vedvart etter kvart som prosjektet og analysen har utvikla seg gjennom skriveprosessen.

Eit anna etisk problem er knytt opp til måten ein brukar datamaterialet i analysen. Mitt prosjekt kan seiast å vera strukturert tematisk, der eg skal klarlegga spesifikke tema med hjelp frå informantane. Dei ulike informantane kan bli samanlikna og sitat blir slik henta ut frå heilheita for å sei noko spesifikt om eit tema. Thagaard (1998) fokuserer på at i ei slik type forskning kan sjølvforståinga til informanten forsvinne. Informanten snakkar samanhengande om spesifikke tema medan forskaren med sine perspektiv tek det ut av samanhengen og samanliknar med andre informantar. Dette kan føre til at informanten kan kjenne seg framandgjort i det ferdige produktet (Thagaard 1998).

For å bevare informanten sin integritet er det derfor viktig med anonymitet. Her kan sitat teken ut av sin samanheng vera ein fordel fordi det vil gje eit ekstra vern til informanten. Personane som er ein del av prosjektet mitt blir ståande anonyme gjennom analysen med nokre unntak. Unntaka vil vera nokre informantar i posisjonar i lokalsamfunnet som gjer at dei står for sine utsegn. Utanom dette vil eg skilje mellom kategoriane; prosjektarbeid, stiloppgåver, nøkkelinformantar og informantar ("bømlingar") utan å spesifisere nærmare.

Etter å ha produsert datamaterialet i felt, kjem fasen der ein skal knyte empirien saman med det teoretiske rammeverket for å svare på problemstillingane, analysedelen. For å kunne gjere dette er det naudsynt med *analytiske verktøy*. I den neste og avsluttande delen på dette kapitlet om metode, skal eg presentere innfallsvinkelen for analysen og dei analytiske verktøya som kan vera nyttige på vegen mot eit ferdig produkt.

3.9 Analytiske verktøy

3.9.1 Diskursanalyse

Diskursar blir i førre kapittel diskutert som ein del av det teoretiske rammeverket for prosjektet. I dette avsnittet skal eg presentere *diskursanalyse* som eit analytisk verktøy. Diskursar blir definert som: "*Set of connected ideas, meanings and practices through which we talk about and represent the world*" (Valentine 2001a:342). Diskursanalyse handlar såleis om å søkje å avdekke diskursane som blir konstruert og produsert i samfunnet. For å kunne svare på problemstillingane vil derfor diskursanalyse vera eit nyttig verktøy i analysen

materialet i prosjektet. Neumann (2001) poengterar at kulturell kompetanse er naudsynt for å gjere ein god diskursanalyse og at ein diskursanalytikar les tekstar og samfunnsprosessar *som* tekstar. Rein tekstanalyse, slik Neumann skisserar det, vil ikkje verta nytta i mine analysar. Likevel kan hans tre konkrete trinn for å utføre diskursanalyse vera ein nyttig guide i det vidare arbeidet. I korte trekk omhandlar det fyrste trinn avgrensing. Ein må avgrense det som skal studerast. Kvar grensene for diskursen skal trekkast går er individuelt for kvar diskurs, og grensene må trekkast av forskaren. Diskursen må avgrensast i forhold til andre diskursar så vel som i tid. I trinn to bør ein finne fram til dei representasjonane som finnst i den diskursen ein vil analysere. I og med at diskursar er røyndomsproduserande vil representasjonane utgjere sanningar. Det tredje trinnet handlar om diskursen sin lagdeling der det mellom anna er viktig tenke på at nokre representasjonar i ein diskurs vil vera tregare å forandre enn andre (Neumann 2001).

Diskursar er bygd opp av representasjonar (jf. kap. 2.3). Det er derfor naturleg med ein semiotisk innfallsvinkel til analysen, då denne grunnar i korleis teikn kommuniserer mening

3.9.2 Tolking gjennom teikn og kategoriar

I denne oppgåva skal eg sjå på diskursar og representasjonar. Omgrepa viser til korleis me kommuniserar informasjon med samfunnet og menneska rundt oss. Læra om korleis teikn kommuniserer mening er vanlegvis referert til som semiotikk. I denne teoritradisjonen er fokuset på at det å forstå meininga aktørar produserar i møte med eit teikn er avgjerande for å forstå korleis dei ser seg sjølv og sine handlingar (jf. kap. 2.2).

Hall (1997) understrekar tre hovudmåtar for korleis representasjonar kommuniserer mening, og slik korleis ein kan analysere representasjonane. Den fyrste måten er på ein *refleksiv* eller *mimetisk* måte, som viser til at røynda blir direkte avspegla, og at meininga ligg implisitt i representasjonen. Den andre måten er den *intensjonelle*. I dette perspektivet ligg det at forfattaren sin intensjon med budskapet blir motteke likt av mottakaren, det blir slik ikkje teke omsyn til kultur eller sendar/mottakar sine ulike kontekstar. Den tredje måten som Hall (1997) understrekar handlar om representasjonar som kulturelt konstruerte, og er den *konstruksjonistiske* måten. Mening blir her erkjent som konstruert i relasjonar mellom menneske, og blir slik produsert *av* kommunikasjon, heller enn *gjennom* kommunikasjon. Det

er den *utøvande* ("performed") delen av representasjonar. Det er denne siste måten som er fokus gjennom dette prosjektet, og analysen er basert på tankegangen om representasjonar som kulturelt konstruert, produsert av, og kommunisert gjennom representasjonar.

Dei to omgrepa *denotasjon* og *konnotasjon* kan vera nyttige for å forstå korleis det same teiknet kan framkalle ulike mentale førestillingar. Denotasjon er den bokstavlege tydinga av teiknet, medan konnotasjon er den meininga lesaren skapar i kraft av sin bakgrunn og kontekst. Det vil vera teiknet sin tilleggstyding (Fuglestad og Mørkeseth 1997). Omgrepa konnotasjon og denotasjon vil vera nyttige verktøy i dette prosjektet då analyse av tekst og språkbruk er essensielt.

For å kunne oppnå innsikt i informantane sine oppfatningar av tema som eg diskuterer med dei, må eg ha forståing for kva slags *kategoriar* dei systematiserer representasjonane i. Tolking vil derfor vera å finne informantane sine kategoriar og å finne kva han/ho legg i desse. Evna til å kategorisere alle persepsjonane er ein allmennmenneskeleg eigenskap. Alt me mottek av persepsjonar kjem til oss som ein straum av stimuli av fargar, lydar, lukter, formar, hardleik og rørsle (Aase 1997: 144). Me skapar orden på desse straumane ved å lokalisere dei i kategoriar slik at dei blir meiningsfulle for oss. Ein kategori kan seiast å vera verdien av eit omgrep, til dømes er kvinne og mann to kategoriar av omgrepet "kjønn". Det er klare grenser mellom kategoriar, men *kva slags* kategoriar me har varierar mellom kulturar, men og innover i kulturar mellom til dømes regionar, yrker, generasjonar og kjønn (Aase 1997). Omgrepet *prototyp* er knytt til kategoriar som "*den observasjonen som passer best til den konstituerte ideen i en kategori*" (Aase 1997: 162). Kategoriar vil altså ha eit sentrum og ein periferi, der prototypen ligg i sentrum. Sosiale fenomen er flytande og tvitydige og vil flytte seg inn, ut, og på tvers av kategoriar (Fossåskaret 1997). Gjennom ei metodisk bruk av kategoriar og prototyper gjer ein det lettare å rydde og systematisere datamaterialet, samstundes som tolkinga lettare kan etterprøvast av andre.

3.10 Oppsummering

Kvalitativ metode er ein nyttig tilnærming til sosiale fenomen som skal analyserast i dette prosjektet. Dette kapitlet har såleis gjennomgått framgangsmåten for feltarbeidet i ein gjennomgang av skriftlege kjelder i prosjektet, kva type informantar som er brukt og korleis,

samt kven ungdomsinformantane er og tilnærminga til dei. Vidare vart det reflektert over korleis det er nyttig å vera i felt, samt etiske problem knytt til kvalitativ metode. Siste del av kapittelet omhandla dei analytiske verktya som nyttast i analysedelen. Under kjem ein gjennomgang av oppbygginga av analysen.

3.11 Oppbygging av analysen

Prosjektet har tre analysekapittel, der kvart kapittel er knytt til ein problemstilling. I kapittel 5 omhandlar det representasjonar av Bømlo og bømlingen. Forteljingane er skildra i brotstykke, og er derfor påverka av forskaren si utveljing. Det er i tillegg gjort ein del teoretiske koplingar der dei analytiske verktya er teken i bruk. Kapittelet er såleis nærmare eit "etisk" nivå ("utanfråperspektiv", med større grad av kopling mellom teori og empiri). Kapittel 6 introduserar "dei Andre" i analysedelen av prosjektet. Med ulike innfallsportar vert dei analytiske verktøya brukt til å kople teori og empiri. Analysen vil òg i dette kapittelet ligga nærmare eit etisk nivå. Dei dominerande diskursane i ungdomsdiskursen er fokuset i kapittel 7. I størsteparten av kapittelet vil analysen vera på eit meir "emisk" nivå, ("innanfråperspektiv", med mindre grad av kopling mellom teori og empiri) fordi ungdommane sine representasjonar blir presentert. Det er eit poeng for analysen at ungdommane sine forståingar blir presentert som dei hegemoniske diskursane dei er, utan for mykje innblanding frå forskaren. Ein del tolking og refleksjonar blir likevel gjort for å vise korleis diskursane påverkar og kva effekt dei har på menneske og stadar.

Før analysen blir presentert kjem ein grundigare presentasjon av studiestaden og konteksten til prosjektet.

Kapittel 4: I ein større kontekst

Som siste stopp på vegen mot koplinga mellom teori, metode og empiri – analysedelen, kjem posisjonering av oppgåva i ein større kontekst. Dette inneber ein grundigare presentasjon av studiestaden Bømlo enn det som tidlegare er blitt gjort. Oppgåva fokuserer på *det fleirkulturelle* i samband med det rurale. Vidare i kapittelet kjem derfor ein gjennomgang av Bømlo og det fleirkulturelle, som blir etterfylgt av statistikk om det same tema. Til slutt blir Bømlo sett i samanheng med Halfacree sin romlege modell (jf. kap. 2), med fokus på dimensjonen ”rural locality”.

4.1 Bømlo, såg du ei øy...

”Såg du ei øy der storhavet veltar inn med ei veldig kraft mot ein steinhard barm av ljøs granitt” (Knut Thorsheim i Bømlo såg du ei øy)

Som sitatet tilseier er Bømlo eit øysamfunn som ligg ut mot havet, sørvest i Hordaland fylke. Bømlo, med sine 247km², omfattar nokre større øyar som Bømmeløy, Moster og Goddo, samt om lag 900 små øyar, holmar og skjer. Vegnettet er tett, og med unntak av to øyer, Espevær og Geitung, har alle øyene det bur folk på brutilknyting. Busetnaden er jamt fordelt over fleire tettstadar, med ei hovudvekt på kommunesentrum Sortland. Her finn ein rådhuset, offentlege kontor, kjøpesenter, kulturhus og idrettshall (www.snl.no). Øykommunen ligg i mellom fleire større byar, i nord finn ein Bergen, i aust Leirvik på Stord, og sørover er det berre nokre mil til Haugesund og Stavanger.



Figur 4.1. Kart over Bømlo

Kommunen har om lag 10800 innbyggjarar. Av tabell 4.1 ser ein at folketallet gjennom fødselsoverskot er positivt, men i forhold til nettoflytting har tala vore varierende positive og negative i frå år til år.

Tabell 4.1. Befolkningsutvikling i Bømlo kommune, 1995-2005

	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Fødselsoverskudd	47	78	65	61	86	40	102	79	72	61	79	92	64	44	82	9
Nettoflytting inkl. inn- og utvandring	5	-24	9	87	-16	220	37	-4	77	-17	20	-38	-87	-95	-64	3
Folketilvekst	52	54	74	148	70	260	139	75	149	44	99	54	-23	-51	18	12

(Kjelde: Statistisk sentralbyrå)

Det er verdt å merke seg i forhold til denne tabellen at tala er reint kvantitative og seier ingenting om *kvifor* tala er varierende frå år til år, og *kven* som flyttar til og frå kommunen. Ein kan likevel reflektere over at tala kan vera knytt til busetjing av flyktningar i kommunen i periodar etter oppstart av flyktning og asylmottaket på Skogbu i 1994 og 1998. I turistbrosjyrar om Bømlo er kommunen omtalt som ein stad med folkevekst, noko som er rett i forhold til fødselsoverskotet i kommunen. Men som tabell 4.1 viser er dette ei sanning med modifikasjonar i forhold til den totale folketilveksten.

Naturen på Bømlo er flott, og biletet under er teken frå fjellet Siggjo som ragar 474 moh. Herifrå har ein utsikt til Folgefonna i aust og Haugesund i sør. Siggjo er eit hyppig besøkt turområde for bømblingane. Landskapet er elles småkupert og varierar i frå nakne parti ut mot havet til frodige, lune parti i aust.



Figur 4.2. Bilete teke frå Siggjo.

Foto: Ingeborg Øien Thorsland

Misjonshistoria står sterkt på Bømlo. I år 995 steig Olav Tryggvason i land på Moster på Bømlo og heldt messe, og i 1024 kom Olav Haraldson den heilage til Mostratinget for å få vedteke kristenretten. På Moster står i dag ei steinkyrkje frå 1100 talet som seiast å vera den eldste steinkyrkja i Noreg, bygd på tuftane frå kyrkja Olav Tryggvason etter tradisjonen let byggja i år 995. Mostraspelet gjengjev desse hendingane i eit årleg spel "Kristkongane på Moster" (www.bømlo.kommune.no). Kristendommen står framleis sterkt på Bømlo og det er heile seks kyrkjer i kommunen i tillegg til mange bedehus. Ved kommunestyrevalet i 2003, fekk KrF på Bømlo 20,2% av stemmene, mot 8,0% i resten av fylket, og 6,4% på landsbasis (www.ssb.no).

Industrihistoria starta òg tidleg på Bømlo. Dei eldste steinalderbusetnadar som er funne er over 10000 år gamle og allereie for 9000 år sidan var det industridrift på Hesperiholmen, der ein vann ut grønstein til reiskapar og våpen. På 1800-talet vart det funnen gull på Lykling sør på Bømlo. Dette starta eit "gullrush", og storstilt gruvedrift vart sett i gang, finansiert av rike engelskmenn. Til saman blei det utvunne om lag 140 kg reint gull frå gullgruvene over ein tidsperiode på ca 30 år.

Naturleg nok har fiske vore ein viktig del av næringsgrunnlaget til øya. Bømlingen har i stor grad vore fiskarbond og Bømlo er framleis ein av dei største fiskerikommunane i fylket,

rekna etter kvantum teken på land (www.snl.no). For sysselsetjinga i kommunen er derimot industridrift, samt offentlig og privat tenesteyting, viktigaste næringar i dag.

Tabell 4.2. Sysselsetjing i Bømlo kommune

Sysselsetjing i Bømlo kommune (2001)	%
Jordbruk, skogbruk, fiske/fangst	7
Industri og bergverk	30
Bygg/anlegg, kraft- og vannforsyning	7
Varehandel, hotell- og restaurantdrift	11
Transport og kommunikasjon	13
Finans- og forretningsvirksomhet	4
Offentlig og privat tenesteyting	28

(Kjelde: www.snl.no, Store Norske Leksikon)

Store delar av industrinæringa er på ein eller annan måte knytt til havet. Den største industrisysselsettingsbedrifta med 49%, er Wartsila NSD Norway A/S, som produserar motorar og utstyr til båtar. Det finnast store reiarlag, som Eidesvik A/S, som driv med ulike næringar innanfor shipping (www.eidesvik.no). I tillegg er fiskeopprett ein viktig næring samt foredlingsbedrifter knytt til desse.



Figur 4.3. Bilete av ei av mange bruer i kommunen.

Foto: Ingeborg Øien Thorsland

Våren 2001 blei Bømlo gjennom Trekantsambandet knytt saman med fastlandet i sør, Sveio, og til naboøya Stord. Det faste vegsambandet mellom øyene er viktig for næringslivet i regionen og for dei aukande krav til mobilitet i arbeidsmarknaden. Sambandet blir generelt sett på som ein monaleg økonomisk og næringsmessig stimulans og gir samstundes auka sosial kontakt og fleire valmoglegheiter innan skulegong og fritid (www.trekantsambandet.no). I kommuneplanen for Bømlo 2006-2018 er Trekantsambandet eit eige punkt under kapittelet for samfunnsutvikling. Her blir sambandet understreka som ein faktor for at Bømlo skal vera ein god stad å bu grunna det regionale bustad og arbeidsmarknadsamfunnet Bømlo er ein del av gjennom Trekantsambandet. I tillegg definerar kommuneplanen sambandet si "regionale rolle" som ei folkemessig utvikling for Bømlo og vidare kva følgjer dette kan få for Bømlo som del av ei nærare samferdselsmessig eining (Kommuneplan for Bømlo 2006-2018). Det er slik knytt optimisme til Trekantsambandet si rolle for folketilveksten til kommunen. Tabell 4.1 viser likevel ein nedgong i folketilveksten i dei to åra etter Trekantsambandet kom.

Som ein ser av presentasjonen av Bømlo, er sjøen ein medspelar i dei fleste sidene av Bømlo-samfunnet. Bømlo er eit øysamfunn som er omslynga av sjø på alle kantar. Havet er slik integrert i levemåten både gjennom næring, infrastruktur og fritid.

4.2 Det fleirkulturelle Bømlo

Det fleirkulturelle samfunn som har blitt meir og meir vanleg i dei seinare tiåra, fordrar til ein ny politisk og kulturell tenkemåte kring samfunna. Ein kan ikkje lenger sjå på verda som ein stad der kulturar er knytt til bestemte territorium. Dette er essensen i Massey (1994) sitt omgrep "A global sense of place", der stadar blir oppfatta som opne og hybride, med multiple identitetar. Dei fleste land består av ulike grupper av menneske, forskjellige i kultur, språk, religion eller rase. Hylland Eriksen (1997) seier at minoritetar berre oppstår i kraft av majoritetar. Dei oppstår som ein relasjon mellom to eller fleire grupper:

"Det er først når en regjering eller et folkeslag, gjerne med støtte av en statlig militærmakt, gjør krav på politisk overherredømme over et område hvor det allerede bor andre, at disse blir til en minoritet" (Hylland Eriksen 1997:12).

Minoritetar treng ikkje absolutt å vera undertrykt i samfunnet, det fins eksempel der minoritetar og majoritetar kan leve side om side. Derimot skjer det ofte at dei blir diskriminert på måtar som har meir med maktforskjellar i samfunnet enn dei etniske forskjellane. Til dømes kan minoritetane ofte vera underrepresentert i politikken og slitarar på arbeidsmarknaden. Dette kan føre til ein vond sirkel med tanke på til dømes inntekt, bustad, sosiale problem. òg i Noreg har forskjellane mellom innvandrarar og etniske nordmenn vore tydlege. Debatten om innvandring i Noreg har føregått sidan 1970 talet då dei fyrste innvandringsgruppene byrja å etablera seg i landet, i utgangspunktet som framandarbeidarar. Etter dette har Noreg teke i mot flyktningar frå mange land i heile verda (Hylland Eriksen 1997). På Bømlo har ein teke imot flyktningar sidan 1989.

"Bømlingane har alltid vore glad i å ta imot gjester og tilflyttarar. Dei er stolte av heilstaden, røtene sine og det mangfaldet som Bømlo representerer." (Turistbrosjyren "Bømlo såg du ei øy..")

Sitatet er henta i frå ein turistbrosjyre om Bømlo som vidare seier at det er trongen for kvalifisert arbeidskraft som har gjort til at det er mange tilflyttarar på øya. Sidan 1989 har kommunen busett om lag 200 flyktningar. Nokre av desse har flytta tilbake til heimlandet, andre til andre kommunar medan mange framleis bur i kommunen. Den største gruppa av

menneske kommunen har teke i mot var bosniarar som kom på 1990-talet. Den siste store gruppa menneske som har kome til Bømlo har vore kurdarar frå Irak. Utanom desse store gruppene er det busett personar frå mange land, til dømes Vietnam, Chile, Armenia, Sri Lanka, Afghanistan, Somalia og Pakistan. I tillegg er det ein del kvinner som er gifte med norske menn. Desse kvinnene er hovudsakleg frå Polen, Russland og Filippinane. Familiegjenforening kjem i tillegg til dei tala flyktningar som kommunen tek imot kvart år (Mål og tiltaksplan for flyktningearbeidet i Bømlo kommune 2003-2007).

I 1993 blei det oppretta eit asylmottak på Bømlo, og ”det fleirkulturelle” vart slik introdusert til staden på ein ny måte. Bømlo fekk sitt lokale møte med ”dei Andre” på nært hald. Det var flyktningstraumen frå tidlegare Jugoslavia som var grunnen til at det var behov for mottaket. Mottaket blei nedlagt på vårparten i 1994 for så å bli oppretta att i 1998. Frå 1998 blei det så drive i eitt fram til 1. november 2004. Kapasiteten har vore på å huse i underkant av 100 personar, og har gjeve arbeidsplass til fem miljøarbeidarar. Mange av dei som har vore på mottaket og fått opphald i Noreg har valt å busette seg på Bømlo, dette fordi dei er blitt kjende med staden gjennom sitt opphald. Mange ynskjer seg til dei store byene men her blir kvotane fort fulle slik at mange då ynskjer å fortsette å bu på Bømlo. Nedlegginga av mottaket 1. november 2004 skjedde fordi det var nedgong i talet på asylsøkjjarar i Noreg og UDI bestemte difor at 40 statlege asylmottak skulle leggest ned. Bebruarane på mottaket vart flytta til andre mottak i region vest.

4.3 Fleirkulturell statistikk

Tall om Bømlo kommune frå Statistisk sentralbyrå viser at i 2003 var delen av personar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn på 2,2%.

Statistisk sentralbyrå definerar omgrepet ”personar med innvandrarbakgrunn” som summen av fyrstegenerasjonsinnvandrere og personar som er fødte i Noreg av to foreldre som er fødte i utlandet. Presist blir dette:

”Personer som verken har foreldre eller besteforeldre som er født i Noreg. Innvandrerbefolkningen omfatter dermed førstegenerasjonsinnvandrere og personer født i Norge av to utenlandsfødte foreldre.” (Lie 2002:12).

Personar med innvandringsbakgrunn blir ofte delt i to grupper; vestleg og ikkje-vestleg. Med kategorien vestlege land meinast her Norden, Vest-Europa (utanom Tyrkia), Nord Amerika og store delar av Oseania (Lie 2002)

Tabell 4.3: Befolkningsstruktur over Bømlo kommune, 2004. Prosent

	Kommunen	Fylket	Landet
Andel barn og unge 0-17 år	28,5	24,7	23,6
Andel eldre 80 år og over	4,6	4,6	4,6
Andel personer med innvandrerbakgrunn, vestlig	1,2	1,6	2,2
Andel personer med innvandrerbakgrunn, ikke-vestlig	2,2	3,7	5,4

(Kjelde: Statistisk sentralbyrå)

Tabellen viser at delen av personar med ikkje-vestleg opphav på Bømlo er på 2,2 %. Av eit innbyggjartal på 10815 vil dette vera om lag 227 personar. I same år er delen 3,7% i Hordaland fylke og i heile landet er delen med personar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn 5,4%.

Innvandrarane i Noreg blir trekt mot byane, og tal frå statistisk sentralbyrå viser at ein tredjedel av innvandrarbefolkninga er busette i Oslo. Bergen kommune er den kommunen som har busett nest høgast tal innvandrarar. Bustadmønsteret for innvandrarbefolkninga er slik ujamnt og dei fleste kommunane ligg langt under landsgjennomsnittet på 5,4%, berre 35 kommunar ligg over. Kommunar med asylmottak har generelt eit høgare gjennomsnitt innvandrarar enn kommunar utan asylmottak (Lie 2002).

Bømlo kommune hadde i 2004, når tabell 4.3 ovanfor blei publisert, asylmottak, og innvandrarbefolkninga i kommunen var då på 3,4%, og av desse var 2,2% ikkje-vestleg. Ein kan ut i frå desse tala sei at kommunen har ei relativt lita ikkje-vestleg innvandrarbefolkning.

I 2006 vart det gjort forskning på flytting og bustadval i Bømlo kommune. Alle som hadde flytta til og frå Bømlo i 2003 og 2004 blei spurde om å vera med på prosjektet. Forskinga viste at om lag 10% av dei som flytta til Bømlo, og 15% av dei som flytta frå Bømlo i denne tidsperioden var av utanlandsk opphav. Menneske med utanlandsk bakgrunn flyttar altså i større grad frå Bømlo enn til Bømlo (Fosso, under arbeid).

4.4 Bømlo i Halfacree sin romlege modell

I kapittel 2 blir Halfacree sin modell av det rurale rom lagt til grunn for dette prosjektet. Modellen viser korleis det rurale rom består av tre samspelande dimensjonar som ikkje kan lausrivast (jf. kap. 2.1). Dimensjonen "rural locality" handlar om særmerka praksisar knytt til til dømes konsum og produksjon og bygda forstått som romleg praksis. "Rural locality" dimensjonen viser at ein ikkje kan sjå representasjonar som lausriven frå det materielle. Myta om den rurale idyllen eksisterar, men har ulikt innhald fordi ulike økonomiske, sosiale og kulturelle praksisar påverkar dei ulike rurale stadane. Slik vil dei sosiale representasjonane av Bømlo vera påverka av den tradisjonelle og historiske praksisen som over tid har forma Bømlo. Produksjon er ein praksis som er viktig i rommet og som naturleg i eit øysamfunn i havgapet er det sjøen som har vore det viktigaste næringsgrunnlag for Bømlo:

" På Bømlo er ein aldri langt frå sjøen. Båtliv og fiske er ein naturleg del av tilveret for dei fleste bømblingane, med plass nok til at alle finn sin spesielle stad. Store delar av næringslivet er naturleg knytta til havet. Bømblingane er såleis både øybuar og verdsvante. Godt forankra i eigen kyst- og småbrukskultur reiser mange verda rundt som sjøfolk, oljearbeidarar, servicefolk, og som representantar for dei internasjonale verksemdene" (www.bømlo-reiselivslag.no).

Som sitatet her tilseier har store delar av næringsgrunnlaget vore knytt til, og er framleis knytt til sjøen, gjennom ulike greiner av sjølivet. Sitatet viser at dette gjer bømblingen til den han er, nettopp fordi han er påverka av den historiske praksisen produksjonsgrunnlaget gjennom naturressursane har hatt. Ein kjem slik inn på det *utøvde* livet på Bømlo, som blir ein kopling mellom "rural locality" og "lives of the rural". I sitatet ovanfor kjem det fram at fordi ein på Bømlo aldri er langt frå sjøen, og dei praksisane som er knytt til det, ter bømblingane seg på ein spesifikk måte; dei utøvar dei særmerka praksisane på staden.

Bømlo blir framstilt med hovudfokus på tre sider. For det fyrste er sjøen si rolle svært viktig for Bømlo og bømlingen, gjennom både arbeid og fritid. For det andre blir Bømlo framstilt som ein stad med arbeidarar, gjennom den historiske industriverksemda som går 9000 år sidan, samt gullfeberen som herja på 1800-talet. Den tredje sida av Bømlo-samfunnet som blir framheva er rolla Bømlo har hatt i kristendommen i Noreg. Som den fyrste staden Olav Tryggvason steig i land på i Noreg for å halde messe i år 995 er bømlingane stolte over den kristne staden Bømlo er, og Mostraspelet gjengjev denne historia gjennom det årvisse historiske spelet "Kristkongane på Moster". Alle desse sidene ved Bømlo som her blir framheva er viktige komponentar i Bømlo som "rural locality". Det er desse praksisane som over tid gjer Bømlo til det samfunnet det er, og vil i samspel med kvardagslivet ("lives of the rural") og dei formelle representasjonane ("representations of the rural") utgjera det rurale rommet Bømlo.

Kapittel 5: Representasjon av det rurale rom

5.0 Innleiing

Prosjektet tek utgangspunkt i rommet, her bygda, som sosialt og kulturelt konstruert (jf. kap. 2.1). Fokuset for ei slik forståing av bygda er på dei ulike representasjonane av bygda, ikkje på det deskriptive. Ulike representasjonar av bygda gjev ulike praksisar og omvendt, og kva slags representasjonar som blir konstruert og representert vil derfor vera avgjerande for den sosiale praksis. I tillegg til sosiale representasjonar og sosial praksis spelar materialiteten ei viktig rolle i det rurale rommet. Som tilnæringsmåte til det tredelte rurale rommet blir Halfacree (2002, 2006) sin modell brukt (jf. figur 2.1 i kap. 2.1). Dei tre samspelande dimensjonane av rommet utgjer til saman det rurale rom. I kapittel 4 (jf. kap. 4.4) blei triaden til Halfacree brukt for å vise at fysiske strukturar og historisk tid har lagt føringar for korleis Bømlo blir oppfatta og utgjer det Halfacree peikar på som "rural locality" i modellen. I denne delen av oppgåva ligg fokuset i tillegg på ein annan del av triaden; "lives of the rural", kvardagslivet til menneska på Bømlo. Ein vil her sjå tydelig at i bømlingen sin representasjon av staden Bømlo, ligg "rural locality" med sine føringar gjennom tid og produksjon, tett samanvoven med korleis bømlingen representerer Bømlo.

Korleis ein stad blir representert er knytt til identitet gjennom at menneske og stadar utviklar identitet i samspel med kvarandre. Identitet blir forstått som noko som skapast kontinuerleg, og i ein geografisk setting ser ein identitet i samanheng med stadar. Ein kan sei at ein stad sin identitet er forankra i sosial praksis, stadsmymar og sosiale representasjonar, og menneska sin identitet er samstundes forankra i rommet (jf. kap. 2.6) (Berg og Dale 2004).

5.1 Representasjonar av Bømlo

Valentine (2001) påpeikar at det rurale rom ofte er assosiert med spesifikke former for sosiale relasjonar som er synonyme med omgrepa "gemeinschaft", jf. Holt-Jensen (1999) og "community", jf. Valentine (2001). Implisitt i desse omgrepa ligg føringar for korleis bygda blir oppfatta. Dette er mellom anna ei oppfatning av at familieverdier står sterkt på bygda, derav at bygda er den rette staden å oppdra barn på og at "alle kjenner alle". Berg og Lysgård

(2004) sin tabell (figur 2.2) viser bilete av den tradisjonelle bygda og den idylliske bygda som inneheld dei same aspekta som "gemeinschaft" og "community" omgrepa.

I denne fyrste delen av kapittelet er fokuset på ulike representasjonar Bømlo. Med hjelp av empiriske funn er intensjonen å kaste lys på korleis bømlingen representerer staden Bømlo (jf. kap. 1.3). To innfallsvinklar blir brukt; den fyrste ser på staden sin identitet gjennom å analysere dei sosiale representasjonane av Bømlo. Den andre søker å kaste lys på kva som ligg i kategorien bømpling, noko som vil vera knytt til identitet til staden Bømlo.

5.1.1 Det idylliske Bømlo

Omgrepet idyllisk handlar i stor grad om det tradisjonelle og historiske. Representasjonen av ein idyllisk stad inneheld visse faktorar (Holloway & Hubbard 2001, Cloke 2003, Berg og Lysgård 2004). Figur 2.1 i kapittel 2.4 lister opp ro, reint, trygt, sosial omsorg, pent, grønt og sunt liv som eigenskapar ved den idylliske bygda. Halfacree (2002, 2006) sin modell av det rurale rom konstaterar at både historiske faktorar og fysiske strukturar, samt kvardagslivet og dei formelle representasjonane er viktige delar av det rurale rommet. I framstillingane bømplingane gjev av staden Bømlo kan ein sjå at aspekta ved "rural locality" som det historiske næringsgrunnlaget, sjøen, og Bømlo som ein kristen stad (jf 4.2) blir sett i samanheng med Bømlo som ein idyllisk stad:

"Staden Bømlo er ein unik plass ute ved havet. Den har ein røff natur, men er og ein plass som har mykje fint på seg. På Moster kom kristendommen for første gong i år 995. Bømlo er ein plass som kjenneteiknar Vestlandet. Me er eit lite øysamfunn, ute ved havgapet" (Prosjektarbeid).

Dette er eit typisk svar på spørsmålet: *kva kjenneteiknar staden Bømlo?*. Som ein les ut av sitatet blir sjøen og kristendommen trekt fram. Dette er praksisar som over tid har konstituert lokaliteten Bømlo. Jamfør 4.4 er dette aspekt ved dimensjonen "rural locality" i Halfacree sin modell av det rurale rom. Som nemnt i innleiinga over blir desse praksisane sett i samanheng med Bømlo som ein idyllisk stad. Dette handlar om tradisjonar, og at det tradisjonelle har noko idyllisk over seg. Det handlar og om røter, noko som me skal sjå seinare i kapittelet er viktig for kategoriseringa av prototypen på ein bømpling.

Sjøen er det aspektet som, i varierende kombinasjonar, hyppigast blir trekt fram i samanheng med Bømlo som ein idyllisk stad. Jf. 4.4 er sjøen sett på som "ein del av" bømlingen og sommar og sjø er ein kombinasjon som i høg grad blir oppfatta som idyllisk:

"Når sant skal seiast, så må eg ærleg innrømme at eg syns ikkje noko anna her i verda er finare og meir idyllisk enn juni og juli månad på Bømlo. Då er det heilt stille, utanom lyden av bølgeskvulp og måkeskrik, og kanskje ein fiskebåt som doggar seg i veg ut mot havet." (Stiloppgåve).

I denne ytringa brukar informanten sjølv uttrykket "idyllisk" om Bømlo. Her er det idylliske assosiert med Bømlo som ei stille øy med bølgeskvulp og måkeskrik, i tillegg er fiskebåten teke med som eit symbol på det idylliske, rolege og fredlege. Informanten seier og at "då er det heilt stille", noko som byggjer opp under den idylliske bygda kjenneteikna av ro og fred (jf. figur 2.2).

Eit anna døme der sjøen i kombinasjon med sommar blir trekt fram som det idylliske Bømlo er:

" Det finst ikkje betre avslapping for ein bømbling enn å liggja på ryggen i båten å kjenna sola varme heile kroppen ein varm julidag, medan ungar leikar i strandkanten, eller gå ein lang tur i skogen. Sleppa alle bekymringar, la tankane sveva medan ein høyrer på fuglane." (Stiloppgåve).



Figur 5.1: Bilete frå Slåtterøy fyr.

Foto: Ingeborg Øien Thorsland

Som i det førre sitatet trekk informanten her fram sommardagen ved sjøen og korleis den innforståtte stillheita gjer at ein kan slappe av og sleppa bekymringane sine. Ungane leikar fritt og trygt i strandkanten medan kroppen blir varma i sola. Skogen blir trekt fram, og den representerar her ro og fuglekvitter. Staden er med andre ord framstilt som bekymringslaus, stille og avslappa. Dette er ein ordbruk som passar godt inn i førestillinga om den idylliske bygda. Ved at Bømlo blir framstilt som ein idyllisk stad blir det lagt føringar for kva som høyrer til i denne idyllen og kva som ikkje gjer det. Jamfør kapittel 2.5 viser forskning at ei idyllisk bygd ofte er assosiert som er "kvit" bygd og at grupper av menneske kan ha vanskeleg med å få innpass i rurale område fordi dei ikkje passer inn i biletet som er representert av bygda. Som vist i dette avsnittet er det idylliske Bømlo ein problemfri stad der historie og tradisjonar er viktig. Denne framstillinga er heilt inneheld ingen representasjonar av det fleirkulturelle, det er ei framstilling av eit "reint" Bømlo (jf. Sibley 1995 om "spatial purification"), med den gjennomsnittlege bømpling som har historiske røter til staden, "Mr. Average" (jf. Philo 1992, Agyeman og Spooner 1997, Woods 2005, Valentine 2001a, Hubbard 2005).

Eit anna aspekt ved den idylliske bygda er at den mellom anna blir oppfatta som ein trygg stad å veksa opp på.

5.1.2 Ein trygg stad for familiar

Ein dimensjon ved biletet av den idylliske bygda er at bygdesamfunnet innehar kvalitetar som gjer at dei fleste vil velje å oppfostre sine barn der. Mange informantar fokuserer på at bygda er ein god stad for ungar å vekse opp på:

”Elles er det jo ein veldig fin plass for ungar å vekse opp viss du tenkjer sånn. Det er eit stort uteareal, det er ikkje trongt på den måten. Det er ikkje så mykje kriminalitet eller vald her.” (Informant).

Informanten framhevar staden som ein god plass for barn å vekse opp, ein trygg stad med mykje areal. Bygda som ein god plass for born å veksa opp, er det fleire informantar som framhevar i sine representasjonar om Bømlo. Dette står i samsvar med Valentine (2001) som påpeikar at landsbygda i høg grad blir oppfatta som ein svært godt eigna stad oppfostring av born. Dette kan sjåast i samanheng med oppfatninga av bygda som ein trygg stad utan kriminalitet:

”Alt i alt er Bømlo ein bra plass å leve når du tenkjer på kor elendig verda rundt oss er. Folk som skyt kvarandre på gata, folk som frys i hel. Slike ting er ikkje vanleg på Bømlo, heldigvis. Eg har vakse opp i eit godt og triveleg miljø med folk som er glade i meg. Eg føler meg trygg på Bømlo, og ser føre meg at eg kan bu på Bømlo seinare i livet.” (Stiloppgåve).

Her blir tryggleikskjensla trekt fram som ein positiv eigenskap ved staden Bømlo. Dette i motsetnad til den ”elendige verda rundt oss”. Informanten påpeikar at ho har vakse opp i eit godt og triveleg miljø, og at ho kjenner seg trygg på Bømlo. At Bømlo blir representert som ein trygg stad, går hand i hand med bygda som ein stad for barn og familieverdier. Dette er verdier som er framstilt som eigenskapar ved *den idylliske bygda* jf. tabell 2.1 i kapittel 2.1. Tryggleik og familieverdier er positive konnotasjonar ved representasjonar av Bømlo. Ein slik type representasjon er gjennomgåande i det empiriske materialet frå feltarbeidet på Bømlo. Vidare skal eg no gå inn på to av aspekta ved bygda som ein *tradisjonell* stad, den sosiale kontrollen på bygda og den kjedelege bygda.

5.1.3 "Alle kjenner alle"

Svært mange av informantane nemner at Bømlo er eit gjennomsiktig samfunn og at "alle kjenner alle". Dette kan lett føre til sladding og spreiding av rykter, noko som kan seiast å vera sosial kontroll. Jf. figur 4.4 er dette eit trekk ved den tradisjonelle bygda. At "alle kjenner alle" blir stort sett oppfatta som noko negativt: *"Bømlo er ein veldig fordomsfull plass med masse sladder. Alle veit kven alle er og deira historie."* (Prosjektarbeid). Her seier informanten at Bømlo er ein fordomsfull stad i samanheng med "at alle kjenner alle". Ein fordomsfull stad tek ikkje imot nye menneske med opne armar og dette er noko fleire informantar snakkar om:

" Det er eit lite gjennomsiktig samfunn, der mange kjenner mange og dei som er nye ikkje kan bli med i gjengen. Vanskeleg for nye å få innpass i samfunnet.

Noko som er spesielt positivt eller negativt? Det kan jo vera ganske negativt det at alle kjenner alle, det blir så trangt. Du får ikkje albuerom, alle veit kva du driv på med." (Informant).

Her trekk informanten fram at det gjennomsiktige bygdesamfunnet er noko negativt fordi det gjer at nye ikkje får innpass i samfunnet. Samstundes påpeikar informanten at staden er "trung", og ein får ikkje rom til å gjere det ein vil og at "alle" veit kva ein driv på med. Desse eigenskapane informanten her ilegg Bømlo-samfunnet er alle sider ved den sosiale kontrollen tabell 2.1 lister opp som trekk ved den tradisjonelle bygda. Ei kjensle av at "alle" veit kva ein driv på med vil ha ein slags sjølvdisiplinerande effekt (jf. Foucault om Bentham sitt Panopticon, Valentine 2001a, Holloway & Hubbard 2001) og ein vil søkje å leve etter dei hegemoniske diskursane på staden. Ein annan informant poengterer nettopp dette i sitt svar på spørsmål om Bømlo er ei typisk bygd:

" det er jo eit gjennomsiktig samfunn med mykje sladder. Du kan liksom ikkje gjere nett som du vil, du har folk etter deg med ein gong. Men det kan jo vera både positivt og negativt, positivt at du må halda deg litt i skinnen eller negativt, det at du ikkje kan gjere nett som du vil." (Informant).

Informanten understrekar her at det at alle kjenner alle kan vera positivt fordi ein då blir nøydt til å ”halde seg i skinnet”. Denne ytringa er interessant fordi det seier noko om kva som er forventa oppførsel på Bømlø, jf. kap. 2.7 om normativ geografi. Informanten seier at bømblingane passer på at folk oppfører seg etter dei forventa normene i lokalsamfunnet og at dette er bra for bømblingane sjølve. Med andre ord er det ikkje meininga at ein skal gjere ”nett som ein vil”, men fylgje normene for forventa oppførsel. Den sosiale kontrollen er i fylgje informanten slik til det beste for bømblingen. Den vil hindre at ein ikkje får folk ”etter seg”.

Eit bygdesamfunn som er lite og gjennomsiiktig har tydeleg strenge normer for korleis ein skal te seg. Oppførsel som ikkje er på sin plass blir sett på som noko negativt, og dersom grensene overskridast blir dette sanksjonert. Dette er i tråd med den normative geografien og Cresswell (1996) sin forskning på forholdet mellom mennesket og staden som blir drøfta i kapittel 2.7. Cresswell (1996) seier at ved at noko eller nokon overskrider dei normer, reglar eller idear som finnast på ein stad, vil ”det normale” bli synleg. Det normale vil vera majoriteten sin hegemoniske oppfatning av kva som er rett og kva som ikkje er rett. Stad blir i denne samanheng brukt som noko meir enn ein romleg referanse, det kombinerar det romlege og det sosiale og blir slik sterkt knytt til identitet (Berg og Dale 2004). Ytringa frå informanten over viser at nokre typar oppførsel vil vera ”out of place”, eller; ikkje på sin plass på Bømlø. Sitata som er brukt i dette avsnittet viser at det ligg sterke føringar for kva som er akseptert oppførsel og kva som ikkje er det, og dermed kven som høyrer til og kven som ikkje gjer det. Ut av sitata er det rimeleg å tru at dei fleirkulturelle er ei gruppe som lett kan hamne i kategorien ”out of place” på Bømlø, då dei ikkje har den historiske og tradisjonelle tilhøyra til staden. Samstundes er dei ikkje sosialisert inn i bømlosamfunnet og kan ikkje til ein kvar tid vite kva som er forventa oppførsel.

5.1.4 Sladring

Som del av biletet av ei tradisjonell bygd er at den er oppfatta som kjedeleg. Av informantane eg har snakka med, er det ungdommane underbyggjer denne eigenskapen. Dei oppfattar Bømlø som ein kjedeleg plass der det skjer lite. Informantar meiner at fordi det er så kjedeleg, blir det mellom anna blir mykje sladring:

”Dei fleste vaksne syns det er så fint her med all den vakre naturen. Syns det er veldig fint eg og, men blir godt lei av og til. Det ligg fint til. Men Bømlo er ein plass der rykter blir spreidd fortare enn rykter er blitt gjort. Heilt vilt her. Er ganske lite å gjere på her, nesten ingenting, derfor blir det rykter og pøbelstrekar.” (Prosjektarbeid).

Ein anna informant snakka om sladring som ein naturleg del av kvardagslivet til bømlingen (jf Halfacree sin modell av det rurale rom): *”Når ein bømpling møter ein annan er det ofte at ein sladrar om andre og snakkar om ting som skjer.”* (Prosjektarbeid). Sladring og rykte blir i tillegg av ein informant brukt som eksempel på at den fysiske staden fører til spesifikke sosiale praksisar: *”Sidan me bur på ei øy så spreier rykte og slikt seg fortare og dei fleste veit kven du er utan at dei har sett deg.”* Informanten legg her fram at det er naturleg med ryktespreiing fordi Bømlo er ei øy. Det er gjerne det lukka, gjennomsiktede bygdesamfunnet informanten her tenker på, spesielt med tanke på at informanten seier at dei fleste veit kven du er.

Desse to sitata viser kor tett samanvevd dei tre dimensjonane i Halfacree (2002, 2006) er. Sladring blir her av den eine informant sett på som ein del av kvardagspraksisen til ein bømpling, medan ein annan informant snakkar om sladring som ein faktor av den fysiske grensene ei øy har. Dei fysiske grensene for øya Bømlo nemner informantane som både ein positiv og ein negativ eigenskap. Ein mindre stad som Bømlo har positive konnotasjonar i samanheng med familie og barn, og fleire informantar framhevar Bømlo som ein god stad for familieliv.

5.2 Oppsummering

Empirien som til no er analysert i forhold til kva som er representasjonen av staden Bømlo kan oppsummerast i ein tabell som viser ein oversikt over representasjonane, kategorisert etter om representasjonane har positive eller negative konnotasjonar. Tabellen blir sjåande slik ut:

Representasjonar av Bømlo	
Positive representasjonar	Negative representasjonar
Alle kjenner alle Idyllisk; det historiske, røter, sjøen, kristendom Trygt Ein plass for familiar Fysisk god plass, stort areal	Alle kjenner alle Sladder og rykter, sosial kontroll Fordomsfull stad Kjedeleg

Figur 5.2. Representasjonane av Bømlo

Ein kan sjå at tabellen er i tråd med annan forskning gjort i rurale område. For det om tabellen generelt kan overførast til dei fleste rurale stader vil dei fysiske, materielle og tradisjonelle faktorane som ligg i grunn for staden Bømlo gjere at innhaldet i dei sosiale representasjonane om Bømlo, og praksisane som blir utøvd på grunnlag av desse, vil vera unike for Bømlo. Dei sosiale representasjonane som her framkjem kan seiast å vera identiteten til Bømlo. Denne framstår som ein singular identitet av ein "rein", idyllisk stad. Staden sin identitet blir utvikla i samspel med menneska sin identitet (jf 2.6). For å framstille eit heilskapleg bilete av Bømlo er derfor naudsynt å vise korleis *bømlingen* blir representert. I neste del av dette kapittelet kjem derfor ein analyse av bømlingen sin representasjon av bømlingen.

5.3 Representasjonar av bømlingen

Ovanfor handla det om den sosiale representasjonen av staden Bømlo og praksisar. For å kunne få eit heilskapleg bilete av Bømlo skal denne delen handle om korleis bømlingen blir representert, kva trekk bømlingen sjølv trekk fram som typiske. Med andre ord kva som er identiteten til bømlingane. Menneska sin identitet er romleg forankra og identitet blir stadig utvikla i samspel med omgjevnadane og i forhold til andre individ. Bømlingane sin identitet vil slik vera forankra i korleis staden Bømlo blir representert og identiteten vil vera i stadig endring i samspel med omgjevnadane og bømlingane på staden.

Å finne representasjonar av bømlingen handlar om å finne kva som blir lagt i kategorien *bømling*, og det handlar om å finne prototypen på kategorien bømling (Aase 1997). Ved å

spørje informantane kva som er den typiske bømbling og kva eigenskapar som er typiske, vil ein kunne få presentert ein prototyp. Fyrste avgrensing for å finne ein prototyp var å diskutere kven som kan kalle seg bømbling. Kva kriterium må oppfyllest for å kunne vera innanfor kategorien bømbling? Nokre informantane meinte at ein må vera oppvaksen på Bømlo for å kunne kalle seg bømbling, andre meinte ein måtte ha foreldre eller besteforeldre som var oppvaksen på Bømlo, medan nokre få meinte at alle som budde på Bømlo per definisjon var bømbling. For dei fleste handla altså desse kriteria om å ha *røter* til staden Bømlo.

5.3.1 Røter

Eit kriterium som raskt utmerka seg hjå informantane som hovudkriteriet for å kunne kalle seg bømbling, var at ein må ha den rette dialekta. Dette kriteriet er knytt til å ha røter og slektskapsband til staden. Dialekta blir lært gjennom sosialiseringssprosessen i samfunnet, i oppveksten gjennom foreldre og skule.

”Dialekta er avgjerande hos ein bømbling. Ein sta, barsk og full av mot er ein bømbling. Viss du snakkar bømbladialekt og familien din er herifrå, så er du godkjent bømbling.” (Prosjektarbeid). Informanten her understrekar viktigheita av dialekt som kriterium for å vera ein bømbling. I dette sitatet er det røter i form av at familien må komma frå Bømlo og dialekta som avgjer om ein er ein bømbling eller ikkje.

Dialekta har eit tidsaspekt, forankra i historia, den blir til gjennom praksisar over tid. Eit slikt syn kan knytast opp til Halfacree (2002, 2006) sin modell av det rurale rom fordi praksisar gjennom tid, røter i Bømlo-samfunnet her blir viktige som kriterium for kven som er ein bømbling (jf. ”rural locality” i kap. 2.1). Samstundes er dialekt i høgaste grad ein del av kvardagslivet til bømblingane og derfor knytt til dimensjonen ”lives of the rural”. Dialekta er ein måte å utøve det å vera bømbling (”performed”). Tidsaspektet til dialekta kan og sjåast på individnivå. Eldre bømblingar snakkar ofte breiare dialekt, medan ungdommar snakkar ei Bømlo-dialekt med modifikasjonar, noko som kan sjåast i samheng med at betra kommunikasjon i dagens samfunn fører til større påverknad av andre dialektar. Dei eldste blir dermed sett på som meir bømblingar enn dei yngre fordi dei snakkar breiare. Jo breiare dialekt ein snakka, dess meir bømbling er ein, og slik nærmare prototypen på ein bømbling.

Å snakke Bømlo-dialekt handlar òg om tilhøyre til staden. Dei som meistrar dialekta lever ut/utøvar identiteten til staden Bømlo. Dei er innehavarar av ein kulturell kode som berre bømblingane kan, eit kulturelt fellesskap som skapar tilhøyre til staden Bømlo, ein "sence of place" (jf. Rose 2000) i kap. 2.6).

Eit anna viktig aspekt ved dialekta som eit kriterium for kven som er ein bømbling er at språket er eit uttalt teikn, eller representasjon. Ved å stille to personar opp ved sida av kvarandre kan ein ikkje sjå kven som snakkar korleis, men idet dei byrjar å snakke kan ein med ein gang kategorisere kven som er bømbling og kven som ikkje er det. Andre kriterium som ligg i til dømes veremåtar eller andre handlingsmønster kan ikkje gjenkjennast på same måte. Gjennom dialekta kan ein slik lett setja grenser mellom kven som fyller dei rette kriteria for å høyre heime i kategorien bømbling.

"Ein typisk bømbling snakkar ekta bømledialekt, ser vanleg ut, bortsett frå at moten kjem seint til Bømlo. Dei fleste bømblingar er kristne eller ikkje-truande." (Prosjektarbeid). I dette sitatet trekk informanten fram tre sider ved det å vera bømbling; han ser vanleg ut, han er kristen – eller ikkje truande, og han snakkar Bømlo-dialekt. Sitatet har mange aspekt ved seg. For det fyrste kan ein spør korleis ein ser *vanleg* ut? Jamfør Philo (1992) sin Mr. Average (jf. kap. 2.5) er det rimeleg å tru at ein som ser vanleg ut på Bømlo er kvit i huda, heteroseksuell og glir inn i mengda. Neste del handlar om å vera kristen - eller ikkje truande. Måten dette er formulert på ymtar om at anten er ein tilhøyrar av kristendommen eller trur ein ikkje på noko. Og så er det dialekta, som lett kan gjenkjennast gjennom språket og lett kan kategorisera ein person som bømbling eller ikkje. Dette sitatet samanfattar eit bilete av bømblingen som Mr. Average (jf. kap. 2.5). Ein slik representasjon skapar eit normativt landskap som definerer kven som høyrer til og kven som ikkje gjer det (jf. kap. 2.7).

Andre sitat byggjer opp under eit slikt bilete av bømblingen *"Ein person som kjem til Bømlo og ikkje er akkurat som oss blir ofte sett ned på."* (Prosjektarbeid). Kven som høyrer til og ikkje høyrer til i representasjonen av Bømlo vil bli grundigare analysert i kapittel 7. Sitatet ovanfor viser at ulike representasjonar av bømblingen skapar normative landskap som legg føringar for praksisar på staden, om kven som høyrer heime på Bømlo og kven som kan kalle seg bømblingar.

Eit interessant tema som kom opp gjennom prosjektarbeida på ungdomsskulane var at også innetter på Bømlo blir folk kategorisert som meir eller mindre bømlingar, altså kven som er prototypen på ein bømling. Ungdommane hadde klare stereotype oppfatningar av "dei Andre" på Bømlo.

5.3.2 Bømlingen om andre bømlingar

Ved å sjå på representasjonane bømlingane har om andre bømlingar kan ein finne det som blir oppfatta som prototypen på ein bømling. Denne måten å kategorisera kvarandre som meir eller mindre bømlingar var eit trekk som gjekk igjen hjå ungdomsinformantane. Shields (1991) snakkar om dette som den binære opposisjonen sentrum/periferi eller det marginale, og at konstruksjonen av det marginale samt klassifisering og ekskludering av "dei Andre" blir gjort i forhold til den dominerande makt og kultur.

"Me likar å gje folk namn etter plassar. Rubbarar, Søringar osv." uttalte ein ungdom og dette er gjennomgåande på prosjektarbeida frå ungdomsskulane. Bømlo er ein oppdelt stad og består av fleire tettstadar; Bremnes, Rubbestadneset, Moster, Finnås og Sør-Bømlo. Det har alltid vore litt krancling mellom ein del av desse småstadane og dei kallar seg gjerne for ein bremnesing, rubbar eller mostring før dei kallar seg bømling. Det eg merka når eg var rundt på to forskjellige ungdomskular var at på spørsmål om kva som kjenneteikna ein bømling tenkjer dei fyrst og fremst på seg sjølv og sin tettstad (t.d Moster eller Bremnes). For ein bremnesing er ikkje ein mostring ein bømling – kun ein mostring, medan ein sjølv er prototypen på ein bømling. Ein ungdom frå Bremnes uttalte til dømes: *"Me på Bømlo synst at mostringar og søre bømlingar er heilt idiotar. Og dei synst det same om oss. Det er liksom blitt sånn."* Det blir her sett likhetsteikn mellom bremnesing og bømling – av ein bremnesing. I tillegg seier informanten at det er blitt sånn. Blant ungdommane er det altså "common sence", å kategorisere kvarandre på denne måten. Ein annan bremnesing uttalte at:

"Bømlingar er ikkje redd for å ta i eit tak, slik som byfolk er. Mostringar og sørebømlingar er kanskje meir knytta til byane, Haugesund og Stord enn bremnesingar. Bremnesingar er mest bømlingar." (Prosjektarbeid).

Gjennom denne ytringa får informanten sagt at det å vera bømbling tyder at ein kan arbeide hardt, og at det er noko som ”byfolk” ikkje kan. I tillegg gjev informanten eit hint om at mostringar og søre-bømblingar er mest knytt til byane, og dermed er ikkje dei ekta bømblingar og kan heller ikkje arbeida så hardt som bremnesingane. Ungdommane meiner det er lett å skilja mellom dei forskjellige på utsjånad og på korleis dei kler seg. Dei har laga stereotypar for dei forskjellige stadane:

”Søre-bømblingar og mostringar er det stor forskjell på. Du kan med ein gong sjå når det kjem gutar frå søre Bømlo. Alle der ute kler seg nett likt. Jentene frå søre Bømlo kler seg meir likt oss mostringar. Mostringane kler seg meir likt dei andre på Bømlo.”
(Prosjektarbeid).

Som ungdommar flest er desse svært opptekne av motar og dei måler seg mot ”dei Andre” gruppene på Bømlo. Det kom fram ein del trekk som ungdommane meinte var typisk for dei forskjellige tettstadane: Rubbarane er ’sæggarar’; *”du ser med ein gong ein rubbar fordi han går med lue nedover i ansiktet og buksa nedpå knærne.”*. Bremnesingar er trauste bømblingar; *”Bremnesregionen snakkar bømbladialekt, dei andre litt meir ’pent’.”*. Mostringane er kristne; *”Eg trur at folk som ikkje bur på Moster trur at mostringar er skikkeleg englete og kristne, og det er me jo på ein måte og, noko eg personleg syns er bra.”*, medan søringane er blonde og svært opptekne av motar, helst litt overpynta. *”Alle søre bømblingar fargar håret sitt blondt, kva er det? Vil dei vera heilt blonde, eller?”*

Det interessante her er korleis nokre blir kategorisert som meir eller mindre bømblingar, kven som er i sentrum og dermed den dominerande kulturen og kven som er dei marginale. Kategoriseringa blir hovudsakleg gjort etnosentrisk – med utgangspunkt i sin eigen status som ”mest bømbling”, altså prototypen på ein bømbling. Ungdommane meiner at nokre er meir bømbling enn andre, det vil sei at grensene for kven som er bømbling og kven som ikkje er det er flytande, det er ein skala der nokre finn seg i periferien, dei er marginale, medan andre er i sentrum, (prototyp) (Jf. kap. 3.9.3). Kategorien bømbling er altså ganske stor og omfattar mange typar bømblingar for det om prototypen har ganske fastsette kriterium.

Til no har avsnittet om bømblingar handla om kva kriterium som må til for at nokon kan puttast i kategorien bømbling og kva kriterium som er prototypen på kategorien, kven som blir representert som *mest bømbling* av bømblingane. Det framkjem og representasjonar som viser at

bømlingane har spesifikke eigenskapar ved seg som er typiske for bømlingane. Dette er hovudsakleg positive eigenskapar som dei er stolte av å vera innehavarar av, jamvel er bømlingane einige om at stoltleiken nokon gongar kan slå negativt ut når bømlingane opptrer i flokk utanfor Bømlo.

5.3.3 Stolte bømlingar

Å vera stolt over at ein er bømling handlar om at ein føler tilhøyre til staden Bømlo (jf. kap. 2.6). Fosso (2004) refererer til Shields som seier at einkvar stad alltid betyr noko for nokon, ein føler tilhøyre til den eller dei stadane som betyr noko spesielt for ein. Vidare handlar det å føle tilhøyre til ein stad om at ein identifiserer seg *med* ein stad, eit uttrykk for "sence of place", som viser til at ein har personlege kjensler for ein stad (jf. kap 2.6). Ein som kallar seg bømling vil i så måte identifisere seg med staden Bømlo, og stoltleik over Bømlo og bømlingane vil slik vera ein måte å uttrykke dette på. Ein informant uttrykte dette kort og konsist: *"Dei fleste trur eg er stolt over å vere bømling, det er iallefall eg."* (Prosjektarbeid). Informanten meiner at å vera stolt over å vera bømling er ein gjengs oppfatning for dei fleste bømlingar. Ei oppfatning som dei empiriske funna i dette feltarbeidet støttar opp under.

Det er spesielt ei side ved Bømlo-samfunnet som bømlingane i høg grad uttrykkjer at dei er stolte over, og det er at bømlingane stiller opp for kvarandre gjennom til dømes dugnadar:

"Når det gjeld det å vera stolt over Bømlo så kan eg seia meg einig og ueinig i dette. Noko er eg stolt over, noko er eg ikkje stolt over. Eg er stolt over bømlingane si dugnadsånd, stolt over at så mange gladeleg stiller opp frivillig for å hjelpe andre." (Stiloppgåve).

Dugnadsånda som er blir framstilt er spesielt uttalt i samband med kulturlivet på Bømlo. Dette er ein side av lokalsamfunnet som engasjerer. Dei siste somrane har Bømlo Musikal Laug skipa til ulike musikalar i Moster Amfi og dette er noko som har engasjert mange bømlingar både som aktørar i spelet og som arbeidarar i tilstellingane, noko som blir hyppig eksemplifisert av informantane som sider som gjer dei stolte over Bømlo og bømlingane:

”I sommer var eg med på oppsetjinga av ”Les Miserables” i Moster Amfi....., og var blant ca 300 bømlingar som ofra sommaren sin for at andre skulle få noko å sjå på. I Oslo skal dei prøva å setje opp same førestilling sommaren 2005, men eg har høyrte rykter om at dei ikkje får det til, dei har ikkje pengar nok. Med andre ord, dei har ikkje nok folk til å hjelpe, og stille opp. Alle vil ta betalt, slik er det ikkje på Bømlo.”
(Stiloppgåve).



Figur 5.3: Frå oppsetnaden av Les Miserable i Moster Amfi august 2004

(Kjelde: www.bml.no)

Informanten er her stolt over at så mange stiller opp for kvarandre. Bømlo sine positive sider blir her sett i motsetnad til byen, ein by – bygd dikotomi, jamfør figur 2.2 i kapittel 2.4 der bygda blir framstilt i tråd med ”community” og ”gemeinschaft” omgrepa (jf. kap. 2.5 og 5.1.) som ein stad med tette sosiale miljø der menneska stiller opp for kvarandre. Ein annan informant peikar på at musikalane har sett Bømlo på kartet:

”Bømlingar er eit folk som kan mykje og har utretta mykje. Alt i frå lange, undersjøiske tunnelar til kjente musikalar, og musikalar er vel det som i det siste har satt Bømlo på kartet. Bømlo Musikal Laug har gjort store ting for Bømlo. Dei har samla songarar og skodespelarar, profesjonelle og amatørar frå heile landet til sine oppsetnader. Med musikalar som ”Jesus Christ Superstar” og ”Les Miserables” har BML samla alt frå

skodespelarar som Helge Jordal til homofile svenskar. Og etter kvar oppsetnad har alle som har delteke i prosjektet fått litt bømbling i seg.” (Stiloppgåve).

Også her kan me lese ein stoltleik over det bømblingane har fått til, i tillegg nemner informanten at alle som har delteke på slike prosjekt på Bømlo får ein liten bømbling i seg. I sitatet er bømblingane presentert som folk som utrettar mykje, både industrielt og kulturelt. At dei som har delteke i det kulturelle livet på Bømlo har fått ein bømbling speglar på desse sidene, samt dugnadsånda som blir kravd for å setje i stand musikalane. Dette kan ein og sjå i samanheng med Massey (1994) sitt omgrep ”A global sense of place” som ser på stadar som opne, hybride og inkluderande. Me ser her at oppsetnadar av musikalar på Bømlo trekk til seg utanbygds menneske, og at informantane meiner dei får ein bømbling i seg etter å ha vore med på slike prosjekt. Musikalen blir slik identitetsskapande gjennom at bygdesamfunnet sin ”community”, sitt tette samhald og dugnadsånd smittar over på andre som er med.

Av og til kan bømblingen sine stolte kjensler for Bømlo og bømblingane få eit meir negativt uttrykk. Eit uttrykk som kan gje seg utslag i at bømblingane kjenner seg heva over andre: ”*Bømblingar er folk som trur dei eig alle plassane dei set sin fot. Når me til dømes er på Norway cup, og er nede i sentrum, så går me og oppfører oss som om me eig plassen.*”.(Prosjektarbeid). Ein annan informant framhevar og bømblingen på tur: ”*dei (bømblingane) er ikkje akkurat så bereiste, og når dei fyrst er ute å reiser er dei verdensmannar.*” (informant). I samanheng med slike ytringar fortel informantane at bømblingen ikkje er redd for å skjemme seg ut, og han blir heller ikkje lett flau. Slike episodar som her blir trekt fram viser eit bilete av bømblingen utanfor Bømlo. Episodane viser kanskje at nokre kan kjenne at å vera bømbling har ein vernande effekt, spesielt når ein er saman med fleire bømblingar, utanfor heimstaden.

5.4 Oppsummering av bømblingen

I denne delen av kapittelet har fokuset vore på korleis bømblingen blir representert, kva identiteten til bømblingen er. Tilnærminga har vore gjennom omgrepa kategori og prototyp gjennom å søkje å finne kva som ligg i kategorien bømbling, og kva prototypen på denne kategorien er. Representasjonen av bømblingen kan samanfattast i figur 5.4 som viser korleis det i dette avsnittet blir framstilt eigenskapar som på den eine sida *blir* kravd for å kunne kalle

seg ein bømbling på. På den andre sida ser ein eigenskapar ein *får* i kraft av å bli kalla ein bømbling:



Figur 5.4. Bømlingen

Figuren viser at det på den eine sida må det føreliggja ein del eigenskapar for å verte ein del av kategorien bømbling. Desse eigenskapane handlar grovt sett om røter, religion, utsjånad og språk og viser likskapstrekk med ei framstilling av Philo (1992) sin Mr. Average (jf. kap. 2.5). Jamfør kapittel 2.5 vil denne representasjonen skape eit rom av singulære identitetar med like menneske. Det blir eit "reint rom" som fører til at dei som ikkje har desse eigenskapane fell utanfor forståinga av kva som er rette bømblingar, og vil derfor oppfatta som "out of place" av bømblingane. Figuren viser desse eigenskapane i kategorien bømbling, med ein prototyp i sentrum av kategorien. Vidare viser figuren at dei som har eigenskapane som blir kravd for å vera kategorisert som bømbling, òg får eigenskapar i kraft av å vera bømbling. Dette er eigenskapar som til dømes dugnadsånd, utrettarar, og verdensmannar.

Figuren viser eit bilete, ein framstilling av bømblingen. Det er jamvel viktig å hugse at sosiale fenomen har flytande grenser og vil flytte seg inn og ut av og på tvers av kategoriar (jf 3.9.3) og slik vil det og vera med fenomenet bømbling. Biletet som her blir framstilt er ein sosial representasjon og vil kunne diskuterast. Gjennom feltarbeidet oppstod fleire diskusjonar kring det som blei oppfatta som grensetilfelle av kven som er bømblingar og kven som ikkje er det. Eksempelvis gjaldt dette til dømes personar som er adopterte slik at utsjånaden ikkje er "vanleg", men familien er frå Bømlo og ein snakkar "ekte" Bømlo-dialekt og utflyttarar og innflyttarar. Dette er personar som vil liggja utanfor prototypen bømbling, men jamvel innanfor kategorien bømbling. Dei vil slik blir posisjonert i periferien, "on the marigin" (Shields 1991). Kor langt ute i periferien dei blir plassert kjem an på auga som ser. Grensene vil vera flytande.

For nokre vil adopterte heilt klart vera bømningar medan innflyttarar aldri kan bli det. Andre kan ha andre meiningar.

5.5 Oppsummering

Kapittelet gjer kopling mellom det teoridiskusjonen i kapittel 2 og dei empiriske funna av representasjonar av Bømlo og bømningen. Analysen viser på bakgrunn av tidlegare forskning (jf. Valentine 2001a, Cloke 2002, 2006, Philo 1992, Berg og Lysgård 2004), generelt eit tradisjonelt og idyllisk bilete av Bømlo der samhaldet står sterkt, jamfør figur 5.2. Innhaldet i myta representert av Bømlo vil jamvel vera unik grunna historisk tid, produksjon og praksis (jf. kap. 4.2). Det blir vist eit bilete av ein prototypisk bømning som ”gjennomsnittsmannen”, (Mr. Average), jamfør figur 5.4. Biletet er tosidig ved at det ligg føringar både for korleis ein kan bli ein bømning, samstundes som det å vera bømning fordrar til ein spesiell type agering.

Ved hjelp av Halfacree (2002, 2006) sin modell av det rurale rom kan ein sjå ein sterk kopling mellom ”rural locality”, dei historiske og tradisjonelle praksisane som konstituerer lokaliteten Bømlo, og ”lives of the rural” på måten Bømlo og bømningen blir representert på. Det historiske og tradisjonelle aspektet ved Bømlo får idylliske utfall som bømningane uttrykker og utøvar i kvardagslivet, som sjøen, fiskarar og språket, dialekt.

Det er dei sosiale representasjonane, bileta eller mytane om ein vil, som er vår oppfatning av verda rundt oss. Disse framstillingane som blir presentert av Bømlo og bømningen er slik det er. Framstillinga skapar eit normativt landskap (jf. kap. 2.6) som seier noko om kva som er rett oppførsel i desse bileta, om kven som høyrer til og kven som ikkje gjer det. Dei hegemoniske diskursane om bygda er jamvel ikkje alltid oppdatert, representasjonane er seigare enn endringar som skjer på bygda. Dette kan føre til utfordringar i det normative landskapet på bygda, fordi det finnast element på bygda som ikkje er i tråd med dei hegemoniske diskursane og mytane.

Det er no gjennom hegemoniske sosiale representasjonar presentert bilete av Bømlo og bømningen, og slik vist identiteten til staden Bømlo og kva som kjenneteiknar bømningen. Slike type bilete som her blir framstilt kan ha ein ekskluderande effekt på ulike individ eller grupper av individ i samfunnet, og det er nettopp korleis grupper av menneske som er *annleis*

enn representasjonen av bømlingen som blir det neste fokuset i masterprosjektet. Det er på dette grunnlag det fleirkulturelle aspektet blir introdusert i analysedelen. Vidare fokus blir på kva innhald diskursane om "dei Andre" har på Bømlo.

Kapittel 6: Diskursane om "dei Andre"

6.1 "Oss" og "dei Andre"

I førre analysekapittel vart det med figur 5.4 vist kva som vart forstått som Bømlo sin identitet og kva som vart kategorisert som "bømling". I dette prosjektet er det rimeleg å sei at "bømling" er lik "Oss". Eit naturleg steg vidare i analysen vil difor vera å søkje å kategorisere kven som i dette empiriske materialet er representert som "dei Andre".

Den normative geografien som vart presentert i kapittel 2.7 viste at stadar legg føringar for kven som høyrer til og kven som ikkje høyrer til på stader (Cresswell 1996) og kvifor menneske og samfunnet ekskluderar nokre (Sibley 1995). Dette skapar grenser mellom "Oss" og "dei Andre". Gjennom å kategorisera verda ut i frå ein slik dikotomi seier ein ikkje berre noko om kven ein sjølv er, men like mykje om kven ein *ikkje* er. Dikotomien omhandlar identitet ved at ein identifiserar seg *mot* andre. Fosso (2004) forklarar forholdet mellom identitet, "Oss" og "dei Andre" på denne måten:

"Gjennom relasjoner av likhet og ulikhet skilles således "jeg og vi" fra "deg og dere". Dermed kan identitet også forståes gjennom erkjennelser av hvem vi ikke er, like mye som av hvem vi faktisk er" (Fosso 2004:121).

Informantane som vart intervjuva vart alle spurde om kva dei forstod med "det fleirkulturelle" på Bømlo. Gjennom svara informantane gav på dette spørsmålet er det mogeleg å finne kva som på Bømlo blir kategorisert som "dei Andre" fordi uttrykket "det fleirkulturelle" speglar dei som har annan kultur enn bømlingane, dei som er annleis; "dei Andre". Ein informant responderte slik på spørsmål om kven ho tenkte på som dei fleirkulturelle på Bømlo:

"Dei svarte på Rema. Fordi eg har høyrte folk har snakka om dei. Eg tenkjer ikkje så mykje på det. Eg tenkjer at det verkar som om dei er veldig mange. Men dei er jo sikkert ikkje det." (Informant)

Hudfarge er her eit kriterium for "fleirkulturell", noko som er gjennomgåande i materialet. Som det neste sitatet viser, nyanserer likevel informantane mellom kven den prototypiske fleirkulturelle og kven som finn seg i periferien i kategorien:

”Alle desse innvandraranne. Det er jo mange innvandraranne, det er mange kulturar som du ikkje legg merke til ein gong, som sklir inn. Dei frå Færøyane for eksempel.”
(Nøkkelinformant).

Informanten nyanserer her mellom dei fleirkulturelle som ein legg merke til og dei som ein ikkje legg merke til. Dei frå Færøyane er ikkje synlege fordi dei glir inn i mengda. Implisitt i sitatet ligg det slik at det er dei som er mørke i huden som blir rekna *mest* som dei fleirkulturelle fordi dei er synlege på Bømlø. Dei i frå Færøyane er derimot lyse i huden, og glir dermed inn i mengda av bømblingane – som òg er lyse i huden. Ein av nøkkelinformantane reflekterer over kven både ho, og resten av bømblingane tenker på som dei fleirkulturelle:

”Eg tenkjer på alle, på folk frå Færøyane og Russland til dømes, men det dei fleste ser er han mannen i 40-50 års alderen som går på Sortland og som er mørk i huden.(..) På Bømlø trur folk at alle som har ein annan hudfarge enn oss, dei er muslimar

Eg: Så hudfargen er viktig?

I: *Ja, på dei. Men dersom det er folk som er adopterte så blir ikkje dei rekna som fleirkulturell, det er noko anna med dei innvandraranne.”* (Nøkkelinformant).

Dei som er ifrå Russland og Færøyane blir kategorisert som fleirkulturelle, men det blir og av denne informanten poengtert at dei glir inn i mengda av bømblingar. Hudfargen er ein avgjerande faktor for kven som blir rekna som fleirkulturell eller ikkje. Sitatet ovanfor understrekar likevel enda ein nyanse; at dei som er adopterte uansett *ikkje* blir rekna som fleirkulturell same om dei skulle ha ein mørkare hudfarge. Denne empirien kan samanfattast i figur 6.1:



Figur 6.1. Kategorien og prototypen "dei Andre"

Figuren viser at den prototypiske fleirkulturelle er mørkhuda innvandrar og muslim, medan innvandrarar som er lyse i huda og dei som er adopterte er å finna i periferien av kategorien. Gjennom denne kategoriseringa av kven som er "Oss" og kven som er "dei Andre" har ein konstruert eit utgangspunkt for å inkludere og ekskludere (Sibley 1995). Samstundes har ein fylt eit omgrep ("dei Andre") med visse eigenskapar.

Dette kapitlet skal vidare omhandle diskursane om "dei Andre" på Bømlo, der det analytiske motivet har vore å søkje å finne korleis "dei Andre" blir representert på Bømlo.

6.2 Diskursanalytisk utgangspunkt

Diskursar kan seiast å vera straumar av meining. Omgrepet omhandlar korleis meining blir konstruert og kommunisert ut. Neumann definerar diskurs på denne måten:

" en diskurs er et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkeligkonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner" (Neumann 2001:18).

Diskursar bygd opp av representasjonar, og dei styrer kva som til ei kvar tid er dei hegemoniske diskursane. Diskursar er spesifikke i tid og til stadar, og uløseleg knytt til

språkleg praksis (Holloway & Hubbard 2001) (jf. kap. 2.3). For å søkje å avdekke diskursar i samfunnet må ein derfor avgrense det ein skal studere, i forhold til tid, stad og i forhold til andre diskursar (jf. kap. 3.9.1). Avgrensinga i denne analysen av diskursar er gjort ved fyrst å bestemme studiestad, Bømlo. Avgrensing i forhold til tid er gjort ved å bruke oppretting av asylmottak i 1993 og 1998 som ein innfallspurt på analysen. I forhold til andre diskursar ved å leite spesifikt etter korleis asylmottaket, asylsøkjjarar og flyktingar blir omtalt og representert i dei skriftlege kjeldene, og av informantane i intervju.

Analysen som ligg til grunn for dette kapittelet har utgangspunkt i dei to lokalavisene BØMLO-nytt og BTB – Bømlo i tekst og bilete, med tekstar frå 1993, 1994 og 1998, samt møtereferat frå kommunestyret i Bømlo kommune. I tillegg blir analysen utbrodert med hjelp av intervjumaterialet. Det er i så måte viktig å reflektere kven som presenterer dei skriftlege kjeldene og kven det er mynta på (jf. kap. 3.3). Eit medvit over kven som har forfatta kjeldene er viktig, samt eit kritisk haldning til meininga som blir uttrykt. Når det er sagt er det ikkje i dette prosjektet forskaren si oppgåve å finne sanningar, men å analysere og gjengi dei hegemoniske diskursane som blir kommunisert i samfunnet på Bømlo.

6.2 Diskursane med utgangspunkt i 1993

Eit analytisk grep for denne delen av kapittelet vil vera å sjå på korleis ulike omgrep får (ny) meining i det rurale rommet, Bømlo. Den denotative tydinga av omgrep som asylmottak og flykting vil vera klåre, og ha konnotasjonar i til dømes nasjonale diskursar om det fleirkulturelle. I møte med staden Bømlo kan dei likevel kategoriserast som "blank figures" (jf. kap. 1.3). Gjennom kommunikasjon blir det produsert meining til omgrepa (Holloway & Hubbard 2001, Hall 1997) og dei vil etterkvart få nye konnotasjonar, eller kulturell meining. Dei vil bli representert på spesifikke måtar og slik utgjere posisjonar i diskursane om det fleirkulturelle på Bømlo. Vidare er fokuset på korleis møtet mellom bømblingane og "dei Andre" som kjem til Bømlo, blir representert.

6.2.1 "Flyktningspørsmålet"

I 1987 blir Bømlo kommune bedden av Statens flyktningsekretariat om å ta imot ein kvote på 20 flyktningar/asylsøkjjarar. På grunnlag av denne førespurnaden vart det sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å vurdere nærare ulike sider ved eit eventuelt flyktningmottak. Arbeidsgruppa tilrår mottak av flyktningar på visse vilkår som mellom anna at det må sytast for tilfredstillande bustadar og arbeidstilbod, at det må opprettast ein åremålstilling for flyktningsekretær. I tillegg seier punkt 4 og 5 i arbeidsgruppa sin konklusjon:

"4. Av omsyn til tolketenesta og tendensar til ei viss uro mellom ulike grupper av flyktningar/asylsøkjjarar innbyrdes bør kommunen stilla vilkår om mest mogeleg einsarta religiøs, kulturell og språkleg bakgrunn.

5. Kommunen bør ikkje no binde seg til mottak av framtidige faste kvotar før ein har fått røynsler med det første mottaket." (Møtereferat frå Bømlo kommune 28.10.87).

Norsk sosionomforbund og Kommunalansattes Fellesorganisasjon uttaler seg òg om saka og kommunestyret vedtek *"mottak av totalt 80-100 flyktningar/asylsøkjjarar over ein periode på 5-6 år, på grunnlag av dei røynslene som vert gjort med den første gruppa på 20."* (Møtereferat frå Bømlo kommune 28.10.87).

Det er slik vedteke at Bømlo kommune skal ta i mot flyktningar og asylsøkjjarar i framtida. I 1993 drøftar kommunestyret om ein skal opprette ei ny stilling *grunna ekstraarbeidet* flyktningane påfører kommunen. Vedtaket frå 1987 blir på dette møtet understreka:

"Mandag gjekk kommunestyret inn for å halda på vedtaket frå 1987 om mottak av maksimalt 100 flyktningar." (BØMLO-nytt 23.06.93).

Lokalavisa refererar at vedtaket frå 1987 vil bli ståande. På dette møtet er det ikkje flyktningspørsmålet i seg sjølv som skal drøftast, men *arbeidet* vedtaket om å ta imot flyktningar har påført kommunen:

"Flyktning-spørsmålet vart ikkje gjenstand for debatt under kommunestyret mandag. Det nye i saksførlegget gjaldt den ekstra arbeidsmengda flyktningararbeidet påfører kommunen og sosialkontoret. Arbeid som forøvrig vert dekkja inn av statlege

overføringar. –Pr i dag har ikkje mottaket påført kommunen ekstrakostnader, slår rådmannen fast i saksførelegget.” (BØMLO-nytt 23.06.93).

Her kan ein lesa at flyktningane blir omtalt på ein spesifikk måte knytt til at dei er ei *ekstra arbeidsmengd* for kommunen. Ordbruken vidare omtalar *arbeidsmengda* som noko som er *påført kommunen*, det blir knytt til *sosialkontoret* som etat, og det blir understreka at *ekstrakostnadane* dette medfører er det staten som står for. Dei orda som her blir brukt i drøftinga av flyktnings spørsmålet kategoriserar flyktningane som ei byrde for kommunen. Artikkelen utbroderar vidare frå møtet:

”I fjor gjekk omlag halvparten av sosialhjelpa på vel to mill. kroner til flyktningar. Den aukte arbeidsmengda resulterer etter rådmannen si meining i dårlegare service, og svikt i arbeidet med å gjera klientane sjølvhjelpne. –Difor bør det snarast opprettast ei to-årig engasjementstilling som sosialarbeidar, meinte rådmannen, og fekk tilslutning frå eit samla kommunestyre. Den nye stillinga vert fullt ut finansiert gjennom statstilskot.” (BØMLO-nytt 23.06.93).

Ordbruken held her fram i same sjargong med å sidestille flyktningane med sosialklientar ved å sei at halvparten av *sosialhjelpa* i fjor gjekk til flyktningar. Igjen blir flyktningane referert til som ei *auka arbeidsmengd* for kommunen som resulterer i at ein får problem i arbeidet med å gjere *klientane* (flyktningane) sjølvhjelpne. I tillegg blir det som i det førre sitatet understreka at staten skal stå for meirkostnadar i samband med flyktningar.

Gjennom denne artikkelen er flyktningane omtalt på ein måte som kategoriserar dei som ei økonomisk byrde for kommunen og flyktningane blir sidestilt med sosialklientar. Kategorien flyktning har såleis varte tildelt negative konnotasjonar i Bømlø-samfunnet. Representasjonen av flyktningane som ei byrde for samfunnet er framstilt av avisa, som refererer politkarane sitt kommunestyremøte. Det kan slik bli knytt til Halfacree (2002, 2006) sin modell av det rurale rom og dimensjonen ”representations of the rural”, dei formelle representasjonane av bygda. Denne dimensjonen har eit maktaspekt ved seg og kan i større grad definere og kontrollere diskursane i samfunnet. Konnotasjonane som blir tillagd omgrepet flyktning kan summerast i figur 6.2:

Denotativ tyding av "flyktning":	Konnotasjonar til "flyktning" gjennom formelle representasjonar:
Personar med utanlandsk fødestad, busett i Noreg som ein gong har kome til landet av fluktgrunnar, og som har fått innvilga opphald i landet som flyktning eller på humanitært grunnlag (Lie, 2002)	<ul style="list-style-type: none"> • Ekstra arbeidsmengd • Påført kommunen arbeid • Sosialklient, sosialhjelp • Ekstrakostnad

Figur 6.2 Denotasjonar og konnotasjonar til "flyktning"

Den formelle representasjonen av flyktning er slik fylt med negative konnotasjonar i lokalavisene på Bømlo. Den hegemoniske diskursen om flyktningane vil på dette tidspunktet såleis vera negativ. Diskursen er ikkje framstilt berre som ein formell diskurs, men blir representert som ein sams diskurs for bømblingane. Dette viser avisartiklar tidleg på hausten før asylmottaket har blitt oppretta, der flyktningkonsulenten går ut i avisa og fortel om flyktningpolitikken til kommunen. Under overskrifta "43 flyktningar i Bømlo" melder BØMLO-nytt 15.09.93:

"Det er kommunestyret som har bestemt kor mange flyktningar ein ynskjer å ta imot i kommunen, og det er ikkje noko pålegg i frå staten. Pengane eller tilskotet frå staten fylgjer kvar einskild flyktning, så kostnadane ved å ta imot desse menneska går ikkje ut over kommunen sitt budsjett, slik mange trur. Det er blitt ein myte at innvandarane får så mykje pengar i frå det offentlege. Dersom flyktningane treng sosialhjelp, får dei det same som oss nordmenn i same situasjon. Skal dei søkje jobb, søker dei på same vilkår som oss nordmenn, og må som oftast ta til takke med dei jobbane nordmenn ikkje vil ha, seier Krukhaug" (BØMLO-nytt 15.09.93).

Sitatet viser at dei formelle representasjonane av flyktningsspørsmålet er i samsvar med Halfacree (2002, 2006) sin dimensjon "lives of the rural", kvardagslivet, representasjonane til bømblingane. Ytringa trekk med seg dei konnotasjonane frå dei formelle representasjonane og viser samsvar med figur 6.1 om kva konnotasjonar som er blitt tillagd kategorien flyktning på Bømlo. Ordbruken i dette sitatet er frekvente rundt tema som sosialhjelp og økonomi i den form at flyktningkonsulenten poengterar at å ta imot flyktningar i kommunen ikkje vil gå ut over bømblingane sine økonomiske godar. Delsetninga "slik mange trur" fangar opp at dei

negative konnotasjonane som blir representert av flyktningane er blitt ein felles tenkemåte, ein hegemonisk diskurs om flyktningomgrepet på Bømlo. Omgrepet flyktning har slik gått i frå å vera ein "blank figure" på Bømlo, til å bli fylt med eigenskapar assosiert med å vera ei byrde i Bømlo-samfunnet.

Asylmottak er eit omgrep som på same måte vil ha lite assosiasjonar i ein Bømlo-kontekst før det skjer ein materialisering der eit mottak opptre på den faktiske staden. Omgrepet vil ha konnotasjonar i andre kontekstar og diskursar, men ikkje som ein del av lokalsamfunnet på Bømlo. Hausten 1993 melder lokalpressa at UDI har gjort avtale med Skogbu om å leige lokala for å ta i mot flyktningar og asylsøkarar, og gjennom denne hendinga vil omgrepet asylmottak bli kommunisert og få ny kulturell meining på Bømlo.

6.2.2 Asylmottaket som arbeidsplass

I oktober 1993 melder lokalpressa at Skogbu skal ta i mot hundre flyktningar. På dette tidspunktet er ikkje kommunen offisielt informert om planane til UDI og Skogbu, men UDI Bergen uttaler til BØMLO-nytt at dei "vil tru det i fyrste omgong vil koma flyktningar frå såkalla transittleirar, eller "nødleirar", i Oslo-området". Avisa har snakka med kommunen om det komande mottaket og skriv vidare:

"Ved Bømlo kommune veit dei enno ikkje noko om flyktningane, offisielt. Det er derfor heller ikkje gjort nokon forberedingar til flyktningane skal koma. –Me kan ikkje gå i gong og gjera noko før me veit kva flyktningar som kjem til Bømlo. Det er jo mogeleg at nokon av dei treng skulering og helsetjenester, men det kan me ikkje vita enno. Me veit jo som sagt ikkje noko om dette offisielt. Det er reglar som seier at flyktningar skal gjennomgå ein helsesjekk innan 72 timar etter at dei er komen til landet, så det er tenkjeleg at det kan bli noko arbeid for oss". (BØMLO-nytt 06.10.93).

Det er fungerande flyktningkonsulent i kommunen som uttaler seg i dette sitatet og ordbruken viser ei vinkling på at mottaket kan bety *arbeidsplassar* for kommunen. Før mottaket er offisielt er flyktningkonsulenten sitt fokus på at gjennom *skulering* og *helsetenester* kan bli *arbeid* for kommunen. Fokuset blir fullt ut uttalt då artikkelen avsluttar med:

”Vonleg kan dette mottaket òg gje oss nokon fleire arbeidsplassar i kommunen, seier fungerande flyktningkonsulent i Bømlo kommune, Marit Bekink til BØMLO-nytt.”
(BØMLO-nytt 06.10.93).

Arbeidsplassar har generelt vore eit gjennomgåande tema i distriktsdebatten (Fosso 2001). Bygda i Noreg slit med å oppretthalde dei få arbeidsplassane dei har og tek kjærkommen i mot fleire plassar. Her ser me at Bømlo ikkje er eit unntak i så måte og oppretting av asylmottak blir framstilt som eit tiltak for oppretting av fleire arbeidsplassar. Mottaket blir representert som moglegheiter for arbeidsplassar, og ikkje ein økonomisk belastning for kommunen slik flyktningane vart framstilt . Den denotative tydinga av asylmottak som UDI opererer med er at det er eit frivillig butilbod til menneske som søker om asyl i Noreg. Ein stad der dei kan vera medan søknaden om asyl blir handsama (www.udi.no). For flyktningkonsulenten i Bømlo kommune representerar asylmottaket arbeidsplassar for kommunen og for bømblingane. Slik er det tillagd ei konnotativ tyding til omgrepet ”asylmottak” i møte med Bømlo-samfunnet som arbeidsplassar for kommunen. På denne måten blir asylsøklarane avpersonifisert til fordel for lokalsamfunnet og arbeidsplassar for bømblingane. Mottaket blir såleis eit ledd i eit lokalt ”spel” som fyrst og fremst gagnar bømblingane. I og med at avisa knyt desse utsegna til ein representant for kommunen, vil dette vera ein del av dei formelle representasjonane av asylmottaket. Som nemnt under kap. 6.2.1 får denne dimensjonen eit maktaspekt ved seg fordi nokre menneske i større grad kontrollerer kva som er dei hegemoniske diskursane i samfunnet, og politikarar er eit døme på slike menneske. I Halfacree (2002, 2006) sin modell av det rurale rom er dette representasjonar knytt til ”representations of the rural”.

I det empiriske materialet som blei produsert i intervjusituasjonar finnast det eksempel på at eit syn på asylmottaket som arbeidsplassar for bømblingane er ein gjeldande diskurs på Bømlo 11 år etter denne artikkelen, i 2004. Ein informant knyt umiddelbart nedlegging av mottaket i november 2004 til sannsynleg tap av arbeidsplassar:

Eg: Kva tenker du om at Skogbu skal nedleggast?

I: *Det er både bra og dårleg, sånn sett. Dei tar jo vekk nokre arbeidsplassar sannsynlegvis. Dei som jobbar med å lære dei norsk og sånn, kva er det dei heiter?*

Eg: Voksenopplæringa?

I: *Ja, vaksenopplæringa og sånn. (Informant).*

Informanten underbyggjer her representasjonen om asylmottak som arbeidsplassar i samband med at mottaket blir nedlagd i 2004. I 1993 har slik mottaket positive konnotasjonar fordi det kan gje kommunen *fleire arbeidsplassar*, medan det i 2004 får negative konnotasjonar fordi det blir nedlagd og slik fører til *tap av arbeidsplassar* for kommunen. Sitata i denne delen viser at det finnast ein hegemonisk diskurs i Bømlo-samfunnet der asylmottaket er sterkt assosiert med arbeidsplassar.

6.2.3 "Den snille bømlingen"

Holloway og Hubbard (2001) understrekar at mytar påverkar praksisane i kvardagslivet til menneska, samstundes som dei seier noko om dei som formidlar mytane (jf. kap. 2.4). Dette er òg eit poeng i det Said kallar "Orientalisme" (Rose 2000). Said argumenterer for at dei bileta som er presentert av "Orienten" speglar Vesten sine verdiar gjennom å kontrastera desse to mot kvarandre. Dei eigenskapane Orienten vart tillagd, var ikkje på Orienten sine premisser, men det var eigenskapar som stod i kontrast til Vesten sine (Rose 2000). Gjennom forteljingar om "dei Andre" seier ein slik noko om "Oss". Overført til dette prosjektet vil måten bømlingen omtalar, eller representerar "dei Andre" på kunne sei noko om bømlingane sjølv.

Når avisene i slutten av oktober 1993 melder at: "*Flyktingane er komen*" blir flyktingane sine lagnadar presentert i avisartiklane. Diskursane om "dei Andre" får eit no eit nytt innhald, fokuset på den ekstra arbeidsmengda flyktingane representerer er borte, og det er og fokuset asylmottaket som arbeidsplassar. No handlar det om at dei som kjem til Skogbu er menneske i naud, og artiklane i avisene omhandlar kva dei har opplevd og korleis dei har det:

"Det som skulle bli eit koseleg intervju om dei bosniske barna på Skogbu som har byrja på Håvik skule, vert til ei sørgjeleg historie om barn og unge i krig. Opplevelsane sit rett under huden på dei, og latteren som møtte oss då me kom inn er tynn og skjør."
(BTB 09.11.93).

Sitatet er henta frå ein artikkel skriven om born som er samla på ein skule i nærleiken av mottaket. Historia dei fortel er tragisk, men borna synes dei har det bra på Bømlo:

”Me er svært takksame for å vera her, seier Amra på vegne av dei andre elevane... Me har det så godt som me kan ha det her... Bømlo har tatt vel i mot oss, seier dei bosniske ungdommane.. Me har det så godt som me kan ha det her.” (BTB 09.11.93).

I desse sitata kan ein lesa at flyktningane er takksame for å vera på Bømlo og at dei har det så godt som dei kan etter slik forholda er. Ordbruken her; dei fortel ei *sørgjeleg* historie, at latteren er *tynn og skjør*, at dei er *takksame* for å få vera her, og at *Bømlo har teke vel imot* dei, gjer at ein får ei kjensle av at det er Bømlo som har redda flyktningane frå eit liv i krig. Flyktningane vert no representert som hjelpetrengande og det er bømplingane som kan redda dei. Prototypen på flyktning slik avisa framstiller det er hjelpelaus og ressurs svak med sterkt behov for hjelp frå bømplingen. Denne representasjonen av flyktningane speglar bømplingen som ”den gode samaritan”, og viser korleis ein gjennom bilete av andre viser eit bilete av seg sjølv, (jf .orientalisme). I førre kapittel såg ein at noko av det som kjenneteikna bømplingen var nettopp at han stiller opp for andre.

At bømplingane er kontaktsøkande og tek vel imot dei nyankomne flyktningane er eit aspekt som i høg grad blir ”spelt” på i lokalpressa:

”Fleire av flyktningane har alt vore to-tre månadar i midlertidige mottak andre stadar i landet, m.a. i Bergen og i Oslo-området – og der har dei ikkje fått kontakt med lokalbefolkninga i det heile. Men fleire av dei kan alt no, etter få dagar på Bømlo, gledestrålande fortelja at bømplingar har teke kontakt og snakka med dei!” (BØMLO-nytt 27.10.93).

Her blir bømplingen sin kontaktsøking kontrastert mot innbyggjarane i byen. Bygd-by dikotomien blir her brukt for å understreke at flyktningane har det betre på bygda enn i byane. Dette kan knytast til ”community” (jf. Valentine 2001a) omgrepet med at menneska på bygda har eit betre samhald, det er meir eit personleg miljø enn den upersonlege byen (jf. Berg og Lysgård 2004) der ingen har teke kontakt med flyktningane. Det lokale ”spelet” om den snille bømplingen som tek i mot flyktningane blir og her understreka. Flyktningane blir brukt for å sei noko om kor gode bømplingane er gjennom kontrasteringa mellom den hjelpetrengande flyktningen og den hjelpsame bømplingen.

Ei framstilling av at flyktningar vil passa betre inn på bygda enn i byen på grunnlag av det tette miljøet, er i motsetnad til Hubbard (2005) si forskning på korleis lokalbefolkninga på landsbygda i England reagerar mot eit tiltenkt asylmottak. I hans forskning er det ei gjennomgåande oppfatning at asylsøklarar ville kunna integrerast betre i urbane miljø fordi det mellom anna der vil vera fleire "likesinna". I dette empiriske materialet finnast det òg eksempel på oppfatningar i tråd med Hubbard si forskning:

"Eg synes ikkje det er rettferdig for dei å bli plassert ein stad der det ikkje finnes nokon andre. Då blir dei ikkje integrert. Plassere dei midt på Leite (eit stort, tettbygd felt, forskar sin merknad) i eit rekkehus for eksempel, går ikkje an for dei å bu der. Dei tør ikkje å gå utanfor døra ein gong. Det er betre at dei er på ein plass der det er andre i same situasjon. For deira del." (Informant).

I både Hubbard (2005) si forskning og i dette sitatet argumenterast det for at det ville vore betre for "dei Andre" å bu der det er fleire i same situasjon. I det hegemoniske biletet av (den idylliske) bygda er oppfatninga at det er eit "reint landskap" (Hubbard 2005, Agyeman og Spooner 1997, Valentine 2001a, Woods 2005) der det bur gjennomsnittsmenneske (jf. kap. 2.5) og i kapittel 5 vart det vist at dette biletet er i samsvar med representasjonen av Bømlø og bømlingen. Oppfatninga er slik at det er få av "dei Andre" på bygda. Samstundes viser det òg kor sterkt forankra den mentale kategorien om den idylliske bygda er i oss. Eit bilete der det er teken for gitt at bygda er eit "reint" rom med singulære identitetar (Sibley 1995, Hubbard 2005).

Biletet av "den snille bømlingen" ser me i fleire artiklar som omhandlar samkome mellom flyktningane og lokalbefolkninga. Representasjonane av vellykka møter mellom bømlingen og "dei Andre" er mange:

"Kontakten var der med ein gong, då bygdafolket på Moster sundag ettermiddag inviterte sine bosniske "naboar" på Skogbu til kaffikos på Grendahuset. Nokre var i førekant litt spente, sidan dei talar ulike språk. Men drøsen gjekk livleg på gebrokket engelsk, og det vart ei svært triveleg stund for alle." (BØMLO-nytt 01.12.93).

Artikkelen refererar frå eit hyggeleg møte mellom bømlingane og flyktningane, og journalisten summerer opp møtet på denne måten:

”Dette vart eit svært vellukka møte mellom menneske frå to ulike nasjonar, men som likevel ikkje er så ulike. Kontakten og banda vart knytta, og me får håpa det vert mange møte mellom folket frå Mostar og Moster frametter.” (BØMLO-nytt 01.12.93).

Flyktingane på mottaket svarar med å laga til ein Bosnia-Hercegovina dag, ein open dag for alle som ynskjer å helse på dei.

”Glasshuset på Skogbu var fylt til randa av folk, men at det vart trangt og varmt, låg ingen dempar på stemninga. Bømlingar frå heile kommunen var møtt fram for å helse på sine nye naboar, og kjemien mellom dei, var den rette frå fyrste stund.” (BTB 13.12.93).

Igjen er møtet mellom bømlingane og flyktingane vellykka og bømlingane kallar no flyktingane for ”naboane våre” og seier at framandgjeringa er vekke:

”- Eg meiner me har ei plikt på oss til å vise interesse for dei bosniske flyktingane, som trass alt er blitt naboane våre... – Det er fantastisk at dei kan vise ein slik glede i kveld, når ein tenkjer på kva dei har opplevd... –Ein får eit heilt anna bilde når ein møter dei personleg. Framandgjeringa forsvinn, og me ser at dei i grunnen er akkurat som oss.” (BTB 13.12.93).

Denne diskursen framstiller bømlingen som ein nestekjær person. Ein som stiller opp og hjelper folk i naud, ein som er engasjert og interessert i det som føregår i bygda, altså ein ny brikke i ”spelet” om den snille bømlingen. Avstanden mellom ”Oss” og ”dei Andre” blir her likevel gjort mindre gjennom ordbruk som; *ikkje så ulike, band vart knytta, våre naboar, kjemien var den rette og dei er i grunnen akkurat som oss.* I byrjinga representerte avisene eit bilete av dei hjelpetrengande flyktingane, etterkvart blir dei framstilt som meir ressurssterke i avisene. Og frå å gå i frå ei rolle som ein reddande engel, blir rolla til bømlingen etterkvart som gjevar av sosial omsorg for dei nye naboane dei har fått. Dei bosniske flyktingane blir ein del av det tette bygdesamfunnet ”community” på Bømlø.

Mottaket blir i august 1994 nedlagt fordi behovet for mottaket ikkje er der lengre. I 1998 startar drifta i mottaket på nytt og med dette nye artiklar i lokalpressa. I den neste delen av

kapittelet er det difor innhaldet i diskursar med utgangspunkt i gjenopprettinga av asylmottaket i 1998 som skal analyserast.

6.3 Diskursar med utgangspunkt i 1998

Sommaren 1998 blir asylmottaket på Skogbu opna att. Det er Bergen Innkvartering som har inngått ein avtale om å leige lokala på Skogbu for to år. I dag veit ein at mottaket blei driven på denne måten i over seks år, til det blei nedlagt 1. november 2004. Dei fyrste som kjem til mottaket er frå Kroatia, men i løpet av hausten kjem det menneske frå fleire nasjonalitetar til Skogbu; Sri Lanka, Somalia, Kosovo, Kurdistan og Irak. I denne delen av kapittelet skal eg sjå på korleis ”dei Andre” vart framstilt i avisene med utgangspunkt i gjenopprettinga av asylmottaket. Analysen vert utbrodert med empirisk materiale i frå intervju.

6.3.1 ”Den snille bømlingen”, *igjen*

Lokalpressa melder at asylmottaket på Skogbu mottok nye flyktningar i juli 1998. Det er komen 40-50 flyktningar, og med dei små økonomiske rammene dei har, oppmodar driftsleiaren at bømlingane må komme med ting dei ikkje har bruk for sjølv til flyktningane. Den 17 august kan ein så lesa i BØMLO-nytt at bømlingane har samla inn saker over all forventning:

”Ordfører Ola Erslund (KrF) vitja sist veke det statlege flyktninge- og asylmottaket på Skogbu for å sjå alle sakene som er komen inn frå sambygdingane. Det viser seg at bømlingane har funne fram både sykklar, barnevognar, babyklær, stellebord og kjøkenutstyr og så vidare, for å gjere opphaldet på Bømlø litt enklare.” (BØMLO-nytt 17.08.98).

Som under 6.2.3 blir bømlingen representert som ”den gode samaritan” som tek vel imot flyktningane som er komen til øya. Det har strøyma til med så mykje gåver at mottaksleiaren uttaler at bømlingane ikkje må kome med meir, for det ikkje plass til meir. Flyktningane er imponert over bømlingane si gjevarglede, men ordføraren, som var invitert til Skogbu for å sjå alle gåvene, var ikkje overraska over gåvedryssset:

”- Nei dette kjem ikkje overraskande på meg. Bømlø er den plassen i Noreg som har flest fjernadoptivborn frå den 3. verda, og desse gåvene bekreftar nok ein gong at bømlingane er gåvmilde. Me ser dette kvar gong; Bømlingane trør til om det er nokon som treng hjelp, seier han.” (BØMLO-nytt 17.08.98).

På spørsmål om kvifor han trur det er slik, svarar han: *”- Me kan sjølvsagt filosofere mykje over dette, men eg konstaterar at det er slik, det er eit stort pluss for øya, og gjev status til Bømlø som kommune, seier Erslund.” (BØMLO-nytt 17.08.98).*

Ordføraren er altså ikkje overraska over at bømlingane trør til med ei hjelpande hand og meiner dette er eit typisk trekk ved bømlingen. Jamfør kapittel 2.4 og 6.2.3 påverkar ikkje mytane berre praksisane våre, men seier og noko om dei som formidlar mytane. Representasjonane om bømlingen som ”den gode samaritan” seier samstundes at flyktningane *treng* hjelpa frå bømlingane og diskursen handlar gjerne slik meir om korleis bømlingane blir oppfatta og representert enn om flyktningane. I tråd med Said sitt omgrep ”orientalisme” (Rose 2000), (jf. kap. 6.2.3) blir flyktningane brukt for å skapa eit bilete av ”den snille bømlingen”.

I diskursane som framstiller ”den snille bømlingen” (jf. kap. 6.2.3) kjem det fram at Bømlø blir representert som ein godt eigna stad for flyktningar å finne seg til rette på grunn av det vesle, tette sosiale miljøet. Avisene presenterer ein slik representasjon i 1998 òg. Flyktningane er kontaktsøkjande og vil inn i lokalmiljøet, og mottaksleiaren uttaler at det er gode kår for integrering på bygda.

6.3.2 Ein del av lokalmiljøet?

Den fyrste artikkelen ein kan lese om at Skogbu mottok nye flyktningar er ifrå 15 juli 1998. Her står det om kven som har kome og korleis flyktningane handsamar kvardagen. Det står å lese at flyktningane ynskjer kontakt med lokalsamfunnet:

”Flyktningane er særskild kontaktsøkjande. Kvinge (leiaren av mottaket, forskar sin merknad) seier det er flott om ein greier å integrera dei i lokalsamfunnet. Sjølv om

asylsøkjaraane ofte vil inn til byar, fortel han at det er lettare for dei å komme inn i samfunnet utanføre byane i Noreg. Folk på Bømlø har tidlegare teke godt imot flyktningar. Han vonar dette vil skje no òg.” (BØMLO-nytt 15.07.98).

Mottaksleiaren snakkar vidare varmt om den inkluderande bygda i forhold til byen:

” Eg prøver å motivere dei som bur her, til å tenkje strategisk, det må eg ærleg innrømme. Det er mykje lettare å få innpass i eit lite samfunn enn i ein stor by. Du kan jo prøve å busetje deg i ei blokk i Loddefjord (drabantby i Bergen, forskar sin merknad) og vente på at naboen skal komme på besøk. Det gjer han ikkje. Medan på ein liten stad er det heilt annleis.” (BØMLO-nytt 11.12.98).

Mottaksleiaren understrekar i artiklane at det vil vera lettare å få innpass i samfunnet på ein mindre stad enn i ein større by. Eit slikt syn er i tråd med representasjonar i lokalavisene i 1993, der dei bosniske flyktningane uttrykte glede over at bømlingane hadde teke kontakt med dei i motsetnad til kva menneska i byen hadde gjort.

Men det empiriske materialet i dette prosjektet viser også det motsette. At inkludering *ikkje* er enklare i mindre samfunn. Heller at dei har store problem med å bli akseptert fordi dei er annleis, og konformitetspresset er stort på bygda (jf. Hubbard 2005). Informantane påpeikar at det i liten grad skjer eit møte mellom bømlingane og innvandrara i det heile teke:

”Eg veit ikkje om nokon som har kontakt med dei fleirkulturelle, eg. Sjølvsagt er det sikkert nokon bømlingar som har kontakt med dei, men eg veit ikkje om nokon. Elles er det vel berre det at du ser dei på Sortland. Og på bussen, og på kafeen ein del. Dei er for seg og me er for oss sjølve, dei er liksom i gjengar.” (Informant).

Dei tidlegare avsnitta viste at media framstilte eit bilete av den snille bømlingen. Dette lokale ”spelet” kan slik seiast å vera eit språkleg spel, det diskursive. Den konkrete praksisen viser eit anna bilete av bømlingen og ”dei Andre”. Det viser at bømlingen i liten grad bryr seg om ”dei Andre” i lokalsamfunnet og at det ikkje er møter mellom ”Oss” og ”dei Andre” på Bømlø. Ein informant seier dette om møtet mellom bømlingane og ”dei Andre” på Bømlø:

”Det skjer ikkje. Møter dei på Sortland, kanskje. Dei blir ikkje integrert her i samfunnet på Bømlo, føler eg iallefall. Ingen som har lyst til å vera med dei. Dei luktar jo, liksom. Så går dei liksom ofte å kikkar etter damer, for å bli her i landet.” (Informant).

Med bakgrunn som flyktningeguide reflekterte ein av nøkkelinformantane over om det er eit møte mellom bømningane og ”dei Andre” i kvardagen på denne måten:

”Eg har ikkje inntrykk av at det er sånn. Men no er ikkje eg inni det fleirkulturelle miljøet så godt at eg kan sei at det er sånn eller sånn. Men eg har ikkje inntrykk av at det til dagleg er eit møte. Den familien eg var flyktningeguide for hadde ingen norske venner. All kontakt dei hadde med andre var med andre flyktningar, det var nokre få som var i frå deira eige land som dei hadde ei spesiell tilknytning til, elles var det andre dei hadde blitt kjent med gjennom å gå på skulen og sånn. Dei hadde ikkje kontakt med andre bømningar. (Nøkkelinformant).

I sitata her seier informantane at det i veldig liten grad er noko møte mellom bømningen og ”dei Andre”. Informantane er likevel klar over at flyktningane er kontaktsøkjande:

”Trur nok dei er ute etter meir kontakt enn det dei får. Dei blir avvist og sett ned på. Fordi dei har feil hudfarge.(...) Me trur dei berre er ute etter sosialpengar, at dei skal ta skattepengane våre.” (Informant).

Medan driftsleiaren meiner at inkludering vil vera lettare på bygda enn i byen, understrekar informantane at det ikkje er kontakt mellom bømningane og ”dei Andre”. Dei blir sett på som ei gruppe for seg sjølv, ikkje ein del av samfunnet. BØMLO-nytt skriv i ein ”juledrøs” vesle julaftan om ein 19 år gammal mann på flyktningemottaket som seier at:

”Eg trivest her, og folk har teke godt imot oss. Dei to andre nikkar og er einige. -Korleis veit du det, dersom du ikkje kjenner nokon? Det er noko du føler, når du er på butikken, på bussen, kvar som helst. Folk virkar hjelpsame og snille.” (BØMLO-nytt 23.12.98).

Avisa sine artiklar framstiller slik representasjonar der bygdesamfunnet blir framheva som ein god stad for inkludering av flyktningar i motsetnad til byen, og held slik fram det diskursive

”spelet” om den snille bømlingen. Ein bebruar på mottaket stadfestar dette ved å sei at han kjenner seg godt moteke på Bømlo. Informantane mine framstiller ein annan historie der ”dei Andre” *ikkje* er inkludert, dei er ei gruppe for seg sjølv.

Ein nøkkelinformant som er innflyttar på Bømlo karakteriserar Bømlo som eit ”anten - eller samfunn: ”*Det er veldig todelt. Nokre synast det er heilt greit (...), synast det er kjekt å snakke med dei, synast det er spanande. Medan andre er blitt veldig rasistiske.*” (Nøkkelinformant). Diskursane som er her representert viser nettopp dette. At det i Bømlo-samfunnet finnast parallelle diskursar om ”dei Andre”, diskursar og motdiskursar. Nokre vil vera meir hardføre enn andre, og dei vil vera dynamiske i konstant endring.

6.3.3 ”Me er med oss og dei er med seg”

Ein dominerande diskurs som vart framstilt av informantane mine var at bømlingane stort sett levde sitt liv utan å reflektere over eller ha kontakt med ”dei Andre”. Det er konstruert ei sosial grense mellom bømlingane og ”dei Andre”. Som nemnt over er Bømlo-samfunnet sett på som todelt, dei som engasjerer seg i det meste- der under òg i det fleirkulturelle miljøet. Og så er det alle ”dei Andre” som sysler med sitt eige. ”*Dei er for seg og me er for oss sjølve, dei er liksom i gjengar*”, er ein gjengs oppfatning. Ovanfor vart det vist at det ikkje skjer så mange møter mellom ”dei Andre” og bømlingane, og då ser ein at vegen mot inkludering i lokalsamfunnet er lang. Ein nøkkelinformant uttaler at det ikkje finnast nokon utprega møteplassar for bømlingane og ”dei Andre”, og dei tilskipingane som har vore har ikkje vore hyppig besøkt bømlingane. Dei som kjem på slike tilstellingar er dei som er engasjerte i samfunnet i utgangspunktet. På spørsmål om det fleirkulturelle var ein del av samfunnet på Bømlo svara ein av nøkkelinformantane:

Nei, eg trur ikkje dei er ein del av bømlosamfunnet. Eg trur dei har eit eige samfunn og at dei er lite inkludert i resten av samfunnet. Eg trur heller ikkje at dei fleste bømlingar ser på dei som ein del av samfunnet.” (Nøkkelinformant).

Dette sitatet viser at Bømlo-samfunnet er langt frå å inkludere ”dei Andre” i lokalsamfunnet slik mottaksleiaren meinte kunne skje fordi Bømlo var ein liten stad. Ein annan informant uttaler seg slik på det same spørsmålet:

”Det blir ein påtvinga del av Bømlo. Men bømningane vil ikkje ha det slik, dei fleste, trur eg. Mange syns sikkert det er greit og, men det er ikkje sikkert at dei som syns det er greit kan sei det høgt, dei er i mindretal. Den gruppa som vil ta i mot dei er mykje mindre enn dei som ikkje vil det.(...) Det ultimate for bømningane ville sikkert vore at det var berre bømningar på Bømlo. Det er ikkje plass til andre.” (Informant).

Informanten påpeikar at mange syns sikkert det er greit med innvandrarak og, men at dei er i mindretal. Noko som er i samsvar med fleire av nøkkelinformantane som seier at det er dei få og samfunnsengasjerte som ”bryr seg” om ”dei Andre”. Ein av nøkkelinformantane har likevel hatt positive hendingar med bømningar og flyktingar:

”eg har hatt veldig mange positive overraskingar når eg har vore ute og teke med meg flyktingar, at folk har snakka med dei, at dei har kome innpå dei då er det liksom greitt. Det har overraska meg mange gongar.” (Nøkkelinformant).

Når det har skjedd eit møte, så er det ”greit”. Men med manglande møteplassar som det blei påpeika over, blir møtene sjeldne. For at det skal bli integrering av ”dei Andre” i Bømlo-samfunnet meiner informantane at det må det haldningsendringar til og lang tid.

Eg: Bør Bømlo fortsetje å ta inn flyktingar?

I: Ja, me har jo plass til dei, og det er eit behov for det, det humane..

Eg: Kan bømningane inkludere ”dei Andre” i lokalsamfunnet?

I: Ja, men med haldningsendring. Me må venta ein heil generasjon.. (Informant).

6.4 Oppsummering

”Oss” og ”dei Andre” er ein dikotomi som me brukar for å kategorisera menneska rundt oss. Det normative landskapet me lever i legg føringar for kven me legg i kategoriane til ei kvar tid og på dette grunnlaget inkluderar og ekskluderar me menneske. I kapittel 5 blei det vist kven som i dette prosjektet ligg innanfor kategorien ”bømning” eller ”Oss”, og dette kapitlet byrja med ein kategorisering av kven som her er ”dei Andre”.

”Flyktning” og ”asylmottak” er to omgrep som har klare denotative tydingar. Konnotasjonane til omgrepa vil vera kulturelt vilkårsbunden og spesifikke etter korleis dei til ein kvar tid blir representert. I lokalavisartiklane frå 1993 fans det formelle representasjonar av omgrepa som gav flyktningomgrepet negative konnotasjonar og flyktningane blei kategorisert som ei påført byrde for Bømlo-samfunnet. På den andre sida vart flyktningane og asylmottaket snudd til noko som gagna Bømlo-samfunnet og brukt i eit lokalt ”spel” som spegla ”den snille bømmlingen”. Asylmottaket blei formelt representert som moglege arbeidsplassar for bømmlingane.

Representasjon av ”den snille bømmlingen” var framtrekande i dei skriftelge kjeldene frå 1993. Bømmlingen vart i lokalpressa representert som den gode samaritan som tok seg av dei nyankomne, hjelpetrengande flyktningane. Dette kan sjåast som eit diskursivt ”spel” som gagnar bømmlingen. Denne framstillinga speglar bømmlingen fordi ein ved å identifisera seg mot andre, seier noko *om seg sjølv*.

Bygda blir representert som ein god plass for innvandrarak, både i lokalpressa og av mottaksleiaren. I 1998 er det på ny representert ein liknande diskurs om ”den snille bømmlingen”. Bømmlingen er gåvmild og ryddar loft for å hjelpe flyktningane på mottaket. Ordføraren understrekar at ”å trø til” er eit trekk ved bømmlingen.

Det blir drøfta ved hjelp av empirien om ”dei Andre” i kvardagspraksisen er ein del av lokalsamfunnet. Avisene skriv at bygda er ein god stad for integrering av innvandrarak, medan intervjumaterialet påpeikar det motsette. Det språklege spelet som viser den snille bømmlingen er slik *ikkje* i samsvar med den konkrete praksisen om korleis møtet mellom bømmlingen og ”dei Andre” er i kvardagslivet. For informantane er det klart at ”dei” er ei gruppe for seg sjølve medan bømmlingane syslar med sitt. Det er likevel representasjonar som viser at det finnast positive møter mellom bømmlingane og ”dei Andre”. Såleis er det parallelle diskursar og motdiskursar i forhold til om dei er ein del av lokalmiljøet eller ikkje. Til slutt blir det vist at ein dominerande diskurs er et ”dei Andre” stort sett er ei gruppe for seg sjølv, ein påtvinga del av samfunnet, seier ein informant.

Kapittel 7: "Dei Andre" i ungdomsdiskursen

7.1 Ungdomsdiskursen

Prosjektarbeida som vart gjennomført på dei to ungdomsskulane omhandla kva ungdommane meinte kjenneteikna Bømlo og bømlingen (jf. kap. 5). Ungdommane vart ikkje beden om å reflektere kring "dei Andre" på Bømlo. Tanken bak å ikkje introdusera dei for den delen av prosjektet var å finne ut om ungdommane "naturleg" inkluderte eller ekskluderte det fleirkulturelle aspektet frå sin representasjon av Bømlo og bømlingen (jf. kap. 3.6.1). Reint statistisk viste prosjektarbeida at 80% av ungdomsskuleungdommane utelet det fleirkulturelle frå sin representasjon av Bømlo, dei resterande 20% inkluderte det fleirkulturelle, men som ei negativ side ved lokalsamfunnet. På ungdomsskulenivået var slik representasjonen av det fleirkulturelle i liten grad rekna som ein del av lokalsamfunnet. I nokre samanhengar introduserte eg likevel omgrepet "det fleirkulturelle" etter at prosjektarbeida var ferdige. Ytringar som kom fram i denne samanheng støttar dei 20% som såg på det fleirkulturelle som noko negativt i Bømlo-samfunnet.

I stiloppgåvene på vidaregåande skule vart ungdommane gjevne to ulike oppgåver å velje mellom. Den eine omhandla Bømlo og bømlingen, den andre om positive og negative sider med asylmottaket og flyktningane (jf. kap. 3.6.2. Materialet frå denne metoden speglar slik både representasjonar om Bømlo og bømlingen, samt representasjonar av "dei Andre".

Analysen i dette kapittelet er bygd opp av dei forteljingane ungdommane gjennom prosjektarbeid og skulestilar har fortalt om "dei Andre". Dette vil vera ungdommane sine representasjonar og diskursar slik dei opplever "dei Andre" i sin kvardag. Analysen kan ikkje karakteriserast som representativ for Bømlo, men det vil likevel vera ein refleksjon av Bømlo-samfunnet.

7.2 Ungdomsdiskursane om "dei Andre"

"- Det er også på sin plass her å avliva ein del mytar. Me dullar ikkje med asylsøkjjarane på mottaket. Me set krav til dei, og dette handlar om å ta menneske på alvor. Gir ein menneske ansvar, viser ein også at ein tar dei på alvor, sa Kvinge mellom

anna. – Dei som er på mottaket, er heller ikkje ein gjeng med halvkriminelle, som berre er ute etter å ta døtrene dykkar, sa mottaksleiaren og skua utover den mannsdominerte forsamlinga i kommunestyret. Mottaksleiaren opplyste også at kvar asylsøkjjar som er i mottaket, ikkje akkurat har det feitt økonomisk. Dei får berre 2.500 kroner månaden å leva for. Denne summen skal vera nok til mat og klede." (BØMLO-nytt 18.11.98).

Myter er sosialt konstruerte og individuelle då kvart individ har sine oppfatningar av tid og rom (jf. kap. 2.4). Dei er òg kulturelle og har slik ofte kollektive forståingar, det er representasjonar som er delte av fleire. I sitatet over uttaler mottaksleiaren at det er på sin plass å avlive ein del mytar. Holloway og Hubbard (2001) argumenterar for at det har noko føremål å sjå på myter som "falske" sanningar. Å analysere mytane er i geografisk samanheng nyttig for å sjå på kva effekt dei har på menneske og på stadar.

Ved å overkommunisere nokre trekk ved menneske, eller grupper av menneske, skapar ein stereotype karakteristikkar av dei. Ungdommane har ein tendens til å gjere dette med "dei Andre", noko som blir eksemplifisert i den fylgjande analysen.

7.2.1 "Ei økonomisk byrde for Bømlo"

Me såg i førre kapittel korleis omgrepa "flyktning" og "asylmottak" vart fylt med ny mening som omhandla den negative økonomiske effekten flyktningane hadde på kommuneøkonomien og på Bømlo-samfunnet. Ungdommane dreg denne diskursen vidare i det dei omtalar flyktningar og asylsøkjjarar som ei økonomisk byrde for Bømlo.

På Bømlo er bil viktig, både som framkomstmiddel og som eit statussymbol. Bømlingane *kan* dette med bil. Dersom nokon skaffar seg ein flott bil, skjer ikkje dette usett. Ofte kjenner ein personar berre på bilen. "Han med Audi'en" kan til dømes vera ein vanleg måte å forklare kven folk er på. Ein brukar bilen til å karakterisera folk og til å slenge litt med kjeften: "korleis har han råd til den bilen?" kan ein til dømes høyra på bygda. Når så ein mørkhuda person blir observert i ein flott BMW blir det mykje snakk på bygda. *Alle* veit kva ein slik bil er verdt, og dei fleste har nok lyst på ein slik sjølv.

Ein diskurs som hyppig kjem til syne i materialet omhandlar ”dei Andre” sitt forbruk av bil på Bømlo. Det er tydeleg at dette er eit stormfullt tema for bømblingane, og mange let seg provosere:

”Ein ting som bømblingane irriterer seg over er dei utlendingane som susar rundt i dyre bilar som Audi og BMW som ikkje eingong alle bømblingar har råd til. Dei har ingenting her å gjere. Det kan lett bli aggresjon ut av dette.” (Stiloppgåve).

Korleis bilane blir finansiert er ofte oppe til drøfting mellom ungdommane. Dei har sine meiningar om korleis dette skjer og at det er kommunen gjennom sosialkontoret, som står for finansieringa:

”Det har faktisk hendt her på Bømlo at ein asylsøkkjar har gått på sosialkontoret og krevd å få pengar til ein ny bil, ein flott BMW. Han fekk først avslag, men då han sa at han skulle anmelde sosialkontoret for rasisme dersom han ikkje fekk pengane, så fekk han pengane til den bilen.” (Stiloppgåve).

Slike historier skapar aggresjon mot ”dei Andre” på Bømlo. Ungdommane uttrykkjer at dei som klarar seg sjølv, har dei ingen problem med. Dei som ”snyltar” på samfunnet, har derimot ingenting å gjere verken på Bømlo eller i landet:

”Eg har ingen problem med dei som klarar å fungere i samfunnet med jobb og rekingar. Men dei asylsøkkjarane som går rundt i gata med dyre klede og bilar utan jobb, derimot, dei blir eg kvalm av. Dei går på sosialet og krev pengar til dyre klede og bilar. Slike syns eg burde blitt kasta ut av landet på flekken! (...) Det med at asylmottaket skal leggest ned er eg litt for. Det er fordi då kan dei som har arbeid og har etablert seg her få bli, medan sosialklientane kan sendast vekk.” (Stiloppgåve).

Ungdommane sin irritasjon over ”dei Andre”, grunnar dei i at dei snyltar på samfunnet og får ting som dei ikkje har krav på. Dette kan ein sjå i samanheng med korleis omgrepet ”flyktning” allereie er tildelt negativ meining. Dei er definert som ei byrde på samfunnet (jf. kap. 6.2.1). Den formelle representasjonen av flyktningane som ei økonomisk byrde og den sterke koplinga mellom flyktning/asylsøkar og sosialkontoret, (jf. kap. 6.2.1 og 6.2.2) er

framtrédande i ungdommane sine tekstar. Det blir sett likskapstrekk mellom asylsøkarar og sosialklientar. Ungdommen som blir sitert over meinar at ved å legge ned asylmottaket blir ein kvitt sosialklientane på Bømlo. Sosialkontoret blir framstilt som ein svært svak institusjon, som opnar pengesekken til flyktningane. Dersom flyktningane/asylsøklarane spør to gangar så får dei det dei vil. Sosialkontoret og kommunen blir framstilt som offer i forholdet mellom kommunen og ”dei Andre”, der sosialkontoret frykter politimelding dersom dei ikkje gjer som dei får beskjed om. Gjennom ein slik argumentasjon skulle ein tru at flyktningane/asylsøklarane det her er snakk om hadde krav på det dei spurte om, elles skulle ikkje sosialkontoret hatt noko å frykte?

I Hubbard (2005) si forskning blir òg asylsøkarane oppfatta på spesifikke måtar, mellom anna som lite produktive i lokalsamfunnet. Dei blir heller oppfatta som ei byrde på lokalsamfunnet fordi dei ville få skule og medisinsk hjelp som lokalsamfunnet skulle betale for. Forståinga av ”dei Andre” som ikkje-produktive, men som ei økonomisk byrde er lik måten ”dei Andre” blir representert på av ungdommane på Bømlo.

I tillegg til at asylsøkarane blei oppfatta som ei byrde på lokalsamfunnet på den engelske landsbygda, blei dei sett på som kriminelle (Hubbard 2005). Blant ungdommane på Bømlo blir ”dei Andre”, likeeins som på den engelske landsbygda, stigmatisert som kriminelle.

7.2.2 ”Dei kriminelle”

”Du har jo høyrte sånn som at når dei er på Sortland så stel dei som ravnar, i butikkane der, og det er jo ikkje noko særleg.” (Informant).

Biletet av den idylliske bygda med singulære identitetar inneheld ikkje kriminelle innvandrarar. I kapittel 5 såg me at bømblingane representerte Bømlo som ein trygg stad, utan kriminalitet. Ein representasjon som fordrar til familieliv og trygg oppvekst for born (jf. kap. 5.1.4). I kontrast til den harmoniske bygda fortel ungdommane historier om dei kriminelle Andre. Historier som gjer at dei ikkje høyrer heime i det idylliske biletet av Bømlo. Dette er historier om ”dei Andre” som stel i butikkane i sentrum. Og historier om andre typar brotsverk ungdommane knyt til ”dei Andre”:

”Asylsøkjarar som begår kriminelle handlingar påverkar dei unge som kanskje slit på skulen og heime. Det er blitt eit sviande faktum at unge kjøper eller får prøve narkotiske stoffer av asylsøkjarar. Dersom ein tenåring som er litt ’ute på kjøret’ følesemessig, og blir venn med ein asylsøkjar, kan dette få fatale konsekvensar. Asylsøkjaren kan få tenåringen til å drikke, dersom han ikkje gjer det, og starte med narkotiske stoff.” (Stiloppgåve).

I dette sitatet drar informanten klar linje mellom asylsøkarar og kriminalitet. Det blir her nærmast framstilt at ein vil bli kriminell ved å omgås asylsøkjarar. Dette gjeld spesielt dei som ”slit” i utgangspunktet. Asylsøkarane blir her framstilt som ansvarleg for samfunnsproblem som narkotika og ungdom sitt alkoholforbruk. Ein konflikt som her oppstår i forhold til at bømblingane tidlegare (jf. figur 6.1) har kategorisert prototypen på ”dei Andre” som ein muslim, og i mellom muslimar er det ikkje akseptert kvardagspraksis å nytte seg av alkohol. Voldtekt er eit anna brotsverk som blir knytt til asylsøkjarane:

”Det er utruleg lett å tenkje at dei ikkje har noko her å gjere for dei er berre kriminelle likevel. Grunnar at mange bømblingar tenkjer slik er nok det at det har vore litt bråk på Skogbu. Det hende me høyrte om sjuke ting som hadde gått føre seg på Skogbu.(...) Ein føler seg ikkje akkurat tryggjare av den grunn. Mange tykkjer det er skummelt å gå forbi Skogbu om kvelden fordi dei er redde for å bli voldtatt og ymse ting. Dette kan og ha mykje med framandfrykt å gjere.” (Stiloppgåve).

Lista over brotsverka blir berre lengre og lengre. Folkesnakket (jf. kap. 5.1.3) blir nemnt som ein hyppig brukt kanal for korleis ”alle” veit om kva ”dei Andre” driv på med. I tekstane er dette tydleg fordi mange ungdommar viser til dei same historiane og spesifikke hendingar. For ”dei Andre” på Bømlo er ”alle kjenner alle” effekten og det tette samfunnet ei negativ side av lokalsamfunnet. Dei ryktene som gjer at dei kjem dårleg ut, er dei mest hardføre.

Bømlo-samfunnet får tilførsel til historiane sine gjennom andre kanalar òg. Gjennom TV bileta folk får inn i stovene sine hissar dei seg opp over dei kriminelle andre og media gjev slik folk lov til å kjenne seg truga av ”dei Andre”. Ungdommane uttalar at media har spelar ei stor rolle for korleis dei oppfattar flyktningar:

”Kriminalitet er ofte noko som blir diskutert samtidig med flyktningar. Det er ofte du høyrer på nyhetene om slåsskamper og drap på asylmottak, og at det er ein flyktning som står bak drapa norske statsborgarar.” (Stiloppgåve).

Som nemnt høyrer ikkje kriminelle innvandrarak heime i det idylliske biletet av bygda, som blir framstilt som eit ”reint” rom med singulære identitetar. I kapittel 5 blei nettopp eit slikt bilete vist som ein del av bømningane sin representasjon av Bømlo. Det normative landskapet som eit slikt bilete skapar ekskluderar dei kriminelle Andre frå Bømlo. Med å hefte eigenskapar som kriminalitet ved ”dei Andre”, vil ei negativ haldning til dei vera meir legitim i samfunnet. Bømningane er slik ikkje rasistiske, men i mot dei som utførar brotsverk i samfunnet. Hubbard (2005) identifiserar kriminalitet som ein av tre nøkkeldiskursar på stigmatisering av asylsøkarar i si forskning. Han viser at motstandarane mot asylmottaket ikkje grunna motstanden i at dei var bekymra for hudfargen eller det etniske opphavet, men at deira lover, kultur, skikkar og kvardagsliv ikkje kunne samsvara med rurale normer. Kriminalitet blir ikkje knytt særskilt til bygda. Å ekskludere ”dei Andre” fordi dei er kriminelle vil derfor vera eit ”argument” for ekskludering som kan tilleggast heile samfunnet, både by og bygd.

Ungdommane sine representasjonar av ”dei Andre” som kriminelle samsvarar heller ikkje med kvardagslivet på Bømlo. ”dei Andre” sin kultur gjennom slik dei kler seg og slik dei ter seg er heller ikkje alltid i samsvar med bømningane sin. Til no har me sett at dei er stigmatisert som ei økonomisk byrde på samfunnet samt som kriminelle. Eit anna punkt som gjer at dei ikkje heilt høyrer heime på Bømlo, er den annleis kulturen og at ungdommane derfor helst ser at dei blir litt meir som ”Oss”.

7.2.3 ”Dei er ikkje som ”Oss””

I kapittel 6.2.3 vart det drøfta om ”dei Andre” er ein del av lokalsamfunnet på Bømlo. Det empiriske materialet viste at nokre meinte at inkludering er enklare i mindre samfunn, medan andre meinte at eit mindre samfunn gjorde det vanskelegare å bli inkludert. Skulestilane og prosjektarbeida viser at ungdommane har sterke meiningar om korleis ein skal te seg i Bømlo-samfunnet og korleis ein ikkje skal te seg. Kor mykje av sin kultur og religion kan dei utøve i det Bømlo-samfunnet? Slike spørsmål drøftar ungdommane og dei stiller seg uforståande til oppførselen til ”dei Andre” og dreg konklusjonar om kvifor dei gjer slik dei gjer.

”Men ein ting er litt rart. Det er at det er mest menn som kjem til Noreg og Bømlo, kvinner og barn er eit mindretal i forhold til menn. Korleis kan det ha seg? Set dei seg sjølv først, og forlater kvinner og barn der dei kjem ifrå? Det hadde for oss vore meir naturleg å sende kvinner og barn først i sikkerhet. I mange land og religionar er ikkje kvinnene viktige. Dei blir sett ned på og har ingen rettigheitar. Dei må dekkje seg til med slør og får knapt vise augo sine. Det er menn som styrer alt, og det er dei som er viktige. Det er kanskje ein av grunnane til at det er flest menn på Bømlo.”
(Stiloppgåve).

I tidlegare avsnitt har me sett at ungdommane framstiller ”dei Andre” som ei økonomisk byrde på samfunnet og som kriminelle. I dette sitatet framhevar ungdommen forskjellar mellom menn og kvinner i ulike religionar og trekk konklusjonar om kva som er årsakene bak at det er flest innvandrarar menn på Bømlo. Slik ”dei Andre” blir framstilt her blir enda eit aspekt ved dei som gjer at deira levemåte ikkje er i samsvar med bømlingen sin, og dermed er ”out of place” på Bømlo.

Ungdommane sine bilete av ”dei Andre” er fylt med negativ meining. Dei er kategorisert som snyltarar på samfunnet, som kriminelle og som egoistiske koneundertrykkjarar. Representasjonane til ungdomsdiskursen har neppe full rot i røynda, men det er ikkje viktig her. Det som er viktig er at dette representerer ungdomsdiskursen og korleis dei forstår ”dei Andre”. Dette er ungdommane si røynd. I geografisk samanheng er det interessant å sjå på korleis mytane påverkar menneske og stadar, og fokuset her vil vera å vise at dei negative konnotasjonane som blir hefta ved ”dei Andre” gjev bømlingane legitime grunnar til å ville ha dei bort frå Bømlo. Når dei hegemoniske diskursane om ”dei Andre” viser at dei er ei økonomisk byrde og kriminelle, trugar dette det idylliske biletet av Bømlo, og dei høyrer derfor ikkje heime der. Det er ikkje fordi dei er etnisk annleis, men fordi deira måte å te seg på ikkje er i samsvar med måten ein lever på Bømlo.

7.2.4 ”Men ein skal ikkje skjere alle over ein kam”

Fleire av ungdommane understrekar likevel ein meir nyansert representasjon av ”dei Andre” og poengterar at ”*ein skal på ingen måte ”greie” alle over ein kam*”. Ein av ungdommane skriv:

”Ein feil som bømningane er flink til er stigmatisering. Når ein asylsøklar som har gjort noko kriminelt går forbi, tenkjer me at alle andre asylsøklarar er nett like. Det blir feil å tenkje slik, det er urettferdig for dei asylsøklarane det går utover. Men det er rett og slett ikkje enkelt å tenkje annleis.” (Stiloppgåve).

Her ser me kor sterkt representasjonane verkar på Bømlo-samfunnet. Ungdommen her seier at ho veit at dei stigmatiserer, at det er urettferdig overfor dei det går utover, men at ho rett og slett ikkje klarar å tenke annleis. Diskursen om dei kriminelle Andre er den mest hardføre, og dermed blir det røynda på Bømlo om ”dei Andre”.

I stiloppgåvene blir ungdommane beden om å reflektere over både positive og negative sider ved det fleirkulturelle på Bømlo. Nokre positive sider blir derfor trekt fram. I 6.2.2 såg me at asylmottaket formelt i høg grad blei assosiert med arbeidsplassar for bømningen, og slik fekk ein positiv konnotasjon. Ungdommen byggjer opp under denne representasjonen i sine tekstar der mange framhevar denne kvaliteten ved flyktningane og mottaket.

7.2.5 Positiv påverknad

I ungdommane sine argumentasjonar for at asylmottaket har hatt ei positiv påverknad på Bømlo er arbeidsplassar eit gjennomgåande argument. Ungdommane ser arbeidsplassane på fleire nivå i kommunen. På mottaket har det vore inntening både for vaksne og for ungdommar:

”Mottaket på Skogbu har vært ein arbeidsplass for fleire bømtingar. Det er ikkje bare vaksne som har hatt jobb der, men også nokre ungdommar som har fått moglegheiten til å tjene seg nokre kroner på å passe flyktningborn.” (Stiloppgåve).

Ein annan ungdom skreiv om andre yrkesgrupper som tente på asylsøkarane, samt dei generelle inntektene kommunen fekk ved å ha fleire menneske i arbeid:

”Det blir større behov for lærarar for å lære desse asylsøklarane språket vårt. Det blir og større behov for tolkar..... Det med større arbeidskraft vil verke positivt for alle parter på øya vår. Dess meir inntekter kommunen har, dess meir kan dei bruke på fritidsaktivitetar og meir kan brukast på eldreomsorgen.” (Stiloppgåve).

Ein av ungdommane argumenterte for at nedlegginga av mottaket i det lange løp ville ha positiv effekt på arbeidsmarknaden på Bømlo fordi det ville bli færre potensielle arbeidstakarar:

”Når asylmottaket blir nedlagt vil fleire bømtingar miste jobben sin, både unge og vaksne. Det som er positivt med (at mottaket blir nedlagt, forskar sin merknad) det er at det vil ikkje bli ein så stor kamp om jobbane om nokre år slik det ville ha blitt visst det fortsatte å komme fleire flyktningar til asylmottaket som også skulle ha jobb etter ei stund. Og forhåpentligvis vil det være ein ny jobb som ventar på dei som er ansatt på Skogbu asylmottak. (Stiloppgåve).

Som vist tidlegare (jf. kap. 6.2.2) er mottaket i høg grad assosiert med arbeidsplassar for kommunen. At asylmottaket representerar arbeidsplassar kan med utgangspunkt i Halfacree (2002, 2005) forståast som ein formell representasjon (”representations of the rural”). Dei formelle representasjonane handlar om romleg makt og diskursiv makt som legg føringar for språklege praksisar. I den norske utkantdiskursen er arbeidsplassar eit viktig tema. Det er arbeidsplassar som kan hindre utflyttinga og nye arbeidsplassar kan slik auke tilflyttinga. Arbeidsplassar kan og knytast til den tredje dimensjonen i Halfacree sin modell av det rurale rom, den materielle staden (”rural locality”), som omhandlar romlege praksisar knytt til produksjon. Temaet er knytt til alle tre dimensjonane ved det rurale rommet, både det materielle, dei formelle representasjonane og det levde kvardagslivet (praksisane). I det empiriske materialet dukkar temaet opp igjen og igjen. Me har sett at oppretting av

asylmottaket fort vart assosiert med arbeidsplassar, medan nedlegging av asylmottaket representerar tap av arbeidsplassar. Eit tema som er viktig for bømblingane fordi det handlar om å oppretthalde Bømlo-samfunnet.

I tillegg til at asylmottaket blir trekt fram som ein positiv påverknad ”dei Andre” har hatt på Bømlo, skriv fleire av ungdommane at bømblingane rett og slett har ”godt av å sjå at det finnast andre her i verda”. At dei av og til treng å gjere seg sine eigne meiningar uavhengig av til dømes media sin påverknad:

”Det er ein bra ting med å ha asylmottak her. Det viser oss at ikkje alle innvandrarar er slik som me trur dei er gjennom biletet me har fått av media. Sjølv om dei har ein annan kulturbakgrunn enn oss, eller skikkar som kan verke litt rare på oss nordmenn så er dei menneske som oss.” (Stiloppgåve).

I dette sitatet fråskriv ungdommen bømblingane for ansvaret med å kategorisere ”dei Andre” som rare. Det blir skriva her at det er eit bilete dei har fått gjennom media. Ein annan ungdom meiner at asylmottaket faktisk har påverka Bømlo meir positivt enn negativt:

”Asylmottaket på Skogbu har påverka oss meir positivt enn negativt. Dei har tatt med seg litt av sin kultur til Bømlo, som til dømes mat, og samstundes har dei tatt til seg den norske kulturen. Lokalmiljøet har hatt ei utfordring i å skape eit samspel mellom bømblingane og flyktningane, som dei har hatt godt av.” (Stiloppgåve).

Til tross for at det til ein viss grad finnast ein nyansering av det negative biletet av ”dei Andre” på Bømlo er ungdommane samde om at det er på tide at kommunen trapper ned på mottaket av flyktningar og asylsøkarar.

7.2.6 ...men det er nok no

”Bømlo er blitt invadert av afrikanarar, så det er ganske likt i Afrika som på Bømlo.”
(Prosjektarbeid).

Ein dominerande diskurs som ungdommane uttrykkjer er at det er blitt for mange av ”dei Andre” på Bømlo og ungdommane uttrykker at dei kjenner seg truga av den store mengda av utlendingar som er på Bømlo. Dei meiner at kommunen og lokalsamfunnet ikkje vil klare å ta hand om fleire:

”Eg føler at Bømlo kommune har teke imot alt for mange flyktningar i forhold til kor mange dei klarar å ta hand om. Bømlo kommune bør no konsentrera seg om å ta vare på og støtta dei som er komne til Bømlo.” (Stiloppgåve).

Sentrum ser nok ikkje så idyllisk ut når det er *invadert* av utlendingar, heller ikkje når det *kryr* av dei og ein må leite etter bømblingane:

”Dersom ein går på Sortland som er sentrum på Bømlo ein laurdag, kryr det av flyktningar og asylsøklarar. Det er nesten så mange av og til at ein byrjar å leite etter bømblingar.” (Stiloppgåve).

Den hardføre diskursen om den tradisjonelle, idylliske og reine bygda kan ikkje ta innover seg ”dei Andre”, dei høyrer ikkje til der. Derfor uttrykkjer ungdommane at dei kjenner seg truga av dei og at Bømlo må ta seg av dei som er komne heller enn å ta imot fleire. Både informantar, nøkkelinformantar og ungdommane uttrykkjer at mettingspunktet for kommunen no er nådd: *”Det er nådd ein topp no på Bømlo, trur ikkje dei må ta inn fleire, folk klarar ikkje å ta det inn over seg. Bømlo-samfunnet har ikkje ressursar til det, og då må dei ikkje gjere det.”* Med å uttale at bømblingane ikkje klare å ta det inn over seg, eller at Bømlo må ta hand om dei som er komne og at dei ikkje har ressursar til å ta imot dei, ligg det implisitt at det er ”systemet” som er feil. Det er ikkje bømblingane sine haldningar til ”dei Andre” som gjer at det ikkje bør komma fleire, men det er persepsjonsevna til bømblingane som er metta. I tillegg er ”dei Andre” kategorisert som ei økonomisk byrde på kommunen. Som vist blir dei framstilt som spesielt krevjande menneske, ressursane som krevjast for ”å ta hand om dei” vil derfor vera store.

7.3 Oppsummering

”Media viser eit kriminelt bilete av innvandrarane, folk går liksom berre å ventar på å få jaga disse kriminelle ut av landet. Kvar kveld sitt folk og hissar seg opp med nyhendene. Klart dette er uheldig, det blir jo fokusert på dei negative tilfella.”
(Ordføraren i Bømlo kommune 2004).

Som ordføraren påpeikar fokuserar media på dei negative tilfella og viser eit kriminelt bilete av innvandrarane og at folk hissar seg opp over det. Ungdommane identifiserar òg media si rolle i biletet dei har av ”dei Andre” på Bømlo. At dei ”hissar” seg opp mot ”dei Andre” viser dei empiriske funna gjennom at ungdommane bruker omgrep som ”aggresjon” og ”irritasjon” når dei skriv om flyktingar og asylsøkarar i stilane sine.

Innhaldet i ungdomsdiskursane om ”dei Andre” på Bømlo viser at ”dei Andre” blir stigmatisert på tre dominerande måtar. Fordi dei blir framstilt som ei økonomisk byrde for kommunen, fordi dei blir framstilt som kriminelle og fordi dei har så annleis levemåte at dei ikkje kan fungere i bygdesamfunnet på Bømlo. Ved å stigmatisere dei slik blir dei sett på som ”out of place” på Bømlo og dei blir dermed legitimt ekskludert. Føringane i det normative landskapet på Bømlo kategoriserar deira måte å te seg på, som ikkje i samsvar med bygdelivet. Bømlo er eit ”reint” samfunn der konformitet er viktig, og alle skal helst vera litt like for å vera ein del av gjengen.

Dei formelle representasjonane av flyktingomgrepet som ei økonomisk byrde og asylmottaket som potensielle arbeidsplassar blir støtta av ungdommane. Dette viser det dynamiske samspelet mellom dimensjonane i Halfacree (2002, 2006) sin modell av det rurale rom. Dei dominerande diskursane ungdommane presenterer gjennom tekstane sine er gjennomgåande negative mot ”dei Andre”. Nyansering er likevel å finne. Refleksjonar om at bømblingane har godt av å sjå at det finnast andre kulturar blir gjort i tekstane. Likevel viser det empiriske materialet at informantane einast om at mettingspunktet for Bømlo-samfunnet sitt mottak av ”dei Andre” er nådd. Slutninga om dette grunnast i at bømblingane ikkje klarer å ta inn over seg meir (”det kryr av dei”), samt at det ikkje finnast ressursar til meir. Argumentasjonen for at ”det er nok no” vitnar slik om fråskrivning av framandfrykt, det er samfunnet i seg sjølv som er metta, ”det er ikkje ”Oss”, det er berre slik”.

Kapittel 8: Avrunding

Analysen av det empiriske materialet er no ved vegs ende, og det er på tide å gjere ei samanfatting av analysekapitla. Fokuset har vore på dei hegemoniske diskursane av ”dei Andre” på Bømlo. Prosjektet gjekk ut i frå ein ”hypotese” om å finne ein representasjon av ei ”idyllisk” bygd der det i stor grad ikkje var rom for det fleirkulturelle mangfald (jf. kap. 1.2).

I kapittel 5 var fokuset på den fyrste problemstillinga, som omhandla korleis Bømlo og bømlingen vart representert. Gjennom analysen vart Bømlo representert som ein historisk, tradisjonell og idyllisk stad. Bømlo som den trygge staden vart òg trekt fram, men samstundes som ein stad med høg sosial kontroll som til tider kunne vera vanskeleg å handskast med. Bømlo er ein liten stad der ”alle kjenner alle”, og det kom fram at den sosiale kontrollen kontrollerte det høge likskapskravet og det store konformitetspresset. Bømlingen vart framstilt som ein gjennomsnittsperson, ein heilt vanleg, arbeidande, kristen person. Men ein som gjerne strekker seg litt ekstra for lokalsamfunnet gjennom til dømes dugnadsinnsats. Sjøen er integrert i bømlingen på mange måtar. Det idylliske vart assosiert med båtliv, arbeidsplassar med havet, det tradisjonelle med fiskeri og bømlingane vart framstilt som fiskarar.

Bømlo sin identitet blir stadig reforhandla gjennom praksisar og gjennom mytane som representerer staden. Representasjonen viser at homogenitet er høgt skatta, og likskap er eit ideal på Bømlo. Ein skal ikkje skilje seg ut verken på positive eller negative måtar. Biletet, eller myta av ei idyllisk bygd har blitt forska på over lengre tid, både for å bli stadfesta og for å bli utfordra. Myta blir utfordra, eller truga av det som er annleis, som ikkje er i samsvar med den forventa konformiteten. ”Oss” er innanfor, og ”dei Andre” er utanfor idealet. ”Dei Andre” trugar derfor det idylliske biletet som blir presentert av Bømlo. Eit bilete av ein stad med historisk konstituerte identitetar og eit reint ruralt rom med singulære identitetar. Analysen av Bømlo og bømlingen har fungert som ein base for den vidare analysen som omhandla diskursane om ”dei Andre”.

Hovuddelen av prosjektet har handla om dei dominerande diskursane av ”dei Andre” på Bømlo. Fyrste underproblemstilling sette fokus på det diskursive ved representasjonane av ”dei Andre”. Utført gjennom ein analyse av korleis ”dei Andre” vart presentert i lokalavisene. I kapittel 6 vart det vist at lokalavisene presenterte omgrepet ”flyktning” på ein negativ måte.

Flyktningar vart diskursivt "klientifisert" og dei vart framstilt som ei økonomisk byrde på lokalsamfunnet. Omgrepet "asylmottak" vart i høg grad assosiert med arbeidsplassar. Diskursen om "dei Andre" fekk ei endring etter at asylmottaket vart oppretta. Avisene dreiv eit diskursivt "spel" der flyktningane vart framstilt som hjelpetrengande og bømblingane som dei gode samaritanane, ei framstilling som handla mest om "den snille bømblingen". Bygda vart representert som ein plass der det er enkelt for "dei Andre" å få innpass. Kvardagspraksisen på Bømlo viste noko anna. Informantane fortalte om eit ekskluderande lokalsamfunn som ikkje tok seg av "dei Andre". Dei fortalte at "dei Andre" ikkje var ein del av lokalsamfunnet, at dei hadde sitt eige samfunn, og at bømblingane helst ville sysle med sitt og ikkje ha noko med dei å gjere. Den *språklege* praksisen og den *konkrete* praksisen var slik ikkje i samsvar. Dei viste to heilt ulike representasjonar om "dei Andre" på Bømlo.

I kapittel 7 vart ungdomsdiskursen av "dei Andre" analysert. Diskursane ungdommane presenterte om "dei Andre" viste at dei negative konnotasjonane til flyktningomgrepet var hegemoniske i Bømlo-samfunnet. Diskursane var òg i samsvar med den konkrete praksisen som kom fram i kapittel 6, som i høg grad ekskluderte "dei Andre" frå lokalsamfunnet. Ungdommane reflekterte til ein viss grad om at stadar har behov for eit kulturelt mangfald, men "innrømte" at det er vanskeleg å tenkje positivt om "dei Andre" når ingen andre gjorde det. Dei var slik stort sett samde om at mettingspunktet for Bømlo sitt inntak av "dei Andre" var nådd.

Cresswell (1996) argumenterar for at det implisitt i stadar er ein gitt meining. I at noko er definert som å "høyrrer til" på ein stad vil det òg vera definert kva som "ikkje høyrrer til". Rommet blir slik homogent, og "reint". Sibley (1995) understrekar at det reine rommet, (spatial purification), fungerer som ein organisator av det sosiale rommet. Gjennom kategoriar som "Oss" og "dei Andre" kategoriserar me persepsjonar av verda rundt oss, me ryddar i inntrykka me får. Kategoriane er kulturelt vilkårsbundne og fungerer som dominerande tankemåtar i kvardagspraksisane. Sibley (1995) poengterer at stereotype representasjonar påverkar dei sosiale praksisane og legg grunnlag for korleis me inkluderer og ekskluderer. Han seier at det er noko grunnleggande, umedvite - psykologisk i menneska som gjer at me ekskluderer ("psychogeographies"). Kor me trekk grensene mellom "Oss" og "dei Andre" og på kva grunnlag me ekskluderer er likevel påverka av det sosiale og det materielle og derfor kulturelt konstruert. "Psykogeografiane", meiner Sibley, (2003) kjem til overflata når menneska kjenner seg truga. Sibley si forskning på det ekskluderande rommet har vore

konsentrert rundt det *rurale* rommet som ekskluderande (Sibley 1995, 2003, 2006). Han er oppteiken av korleis kjensler for "dei Andre" blir til "imaginære geografiar", altså bilete eller myter om ein vil, og korleis desse påverkar den politiske og sosiale praksis (Sibley 2006). Cloke (2006a) understrekar samanhengen mellom Cresswell og Sibley sine argumentasjonar og påpeikar kor viktig desse faktorane i den normative geografien:

"So not only do we need to acknowledge a taken-for-grantedness about what is 'in place' or 'out of place', but we need to grasp how places assume a symbolic importance that constructs and reproduces a desire for order in which local environment require ordering and purification" (Cloke 2006a: 384).

Dei dominerande diskursane om "dei Andre" i dette prosjektet viste på fleire måtar at dei ikkje høyrer heime på Bømlo. Implisitt i Bømlo som eit sosialt konstruert rom ligg det slik meining som legg føringar for kva som høyrer til og kva som ikkje gjer det.

Dei hegemoniske framstillingane av det rurale rom har altså ei diskursiv makt som fungerer ekskluderande. Ved at framstillingane blir reforhandla og reproduisert blir dei oppretthaldt i samfunnet, og påverkar slik praksisane på staden. *Innhaldet* i diskursane spelar derfor ei stor rolle for kor grensene blir dregen mellom kva som høyrer til og kva som ikkje høyrer til. I det empiriske materialet frå Bømlo blir "dei Andre" i stor grad stigmatisert, og dermed ei marginalisert gruppe som ikkje høyrer til på staden. *Innhaldet* i diskursane framstiller "dei Andre" som ei økonomisk byrde på samfunnet, som kriminelle og som moralsk utilreknelege. Asylmottaket og med det flyktningane blir i stor grad avpersonifisert til fordel for lokalsamfunnet ved å hefte konnotasjonar om arbeidsplassar til omgrepet. I den grad "dei Andre" blir gjort til offer for krig og elende, blir dei kontrastert mot bømlingen som den gode samaritan. Som ei gruppe aleine blir dei altså stigmatisert, men sett i motsetnad til bømlingen blir forholdet dei i mellom ein dikotomi som speglar offer/helt, reint/skittent, ekte/uekte. Bømlingane kontrasterer altså seg sjølv mot "dei Andre", noko som i hovudsak gjer at bømlingane kjem godt ut av det same korleis perspektivet på "dei Andre" er. Ein annan måte bømlingane hanskast med "dei Andre" på, er å stigmatisere dei med eigenskapar som i alle høve er sett ned på i samfunnet. Å uttrykkja framandfrykt er ikkje "korrekt", men det finnast måtar å unngå dette på. Ved å tillegge "dei Andre" eigenskapar som at dei til dømes er kriminelle eller umoralske blir det legitimt å ekskludere dei.

Sitatet til Hubbard seier innleiingsvis at bygda blir oppfatta som ein oppbevaringsstad for kvite verdiar, ideologiar og livsstilar. Empirien i dette prosjektet viser det same. Eit samfunn med slike verdiar kan vanskeleg sameinast med dei marginale gruppene ("dei Andre") samfunnet ("Oss") blir spegla mot. Cloke (2006b) stiller spørsmål om det rurale rommet i det heile klarer å ta inn over seg "dei Andre", når krava til konformitet er så sterke:

"Hubbard's study therefore raises specific and important questions about the cultural construction of rurality and about the ways in which the borders of rural orthodoxy are policed so as to secure a purification of rural space." (Cloke 2006b:453).

Informantane uttrykkjer at "dei Andre" ikkje er ein del av Bømlo-samfunnet, og ikkje kan bli det på lang tid. Det blir i tillegg sagt at det ultimate for bømblingane er at det berre var bømblingar på Bømlo (jf. 6.2.3). Med slike haldningar mot inkludering av "dei Andre" er spørsmålet Cloke (2006b) stiller relevant for dette prosjektet. Reproduksjon av dei dominerande diskursane opprettheld stigmatiseringa av "dei Andre". Haldninga mot at dei skal kunne bli ein del av samfunnet opprettheld derfor biletet av det reine rurale rommet som ein behaldar av kvite verdiar, ideologiar og livsstilar (Hubbard 2005).

Den geografiske interessa for å forske på mytar ligg i å sjå på korleis dei påverkar menneske og stadar. Korleis påverkar så desse empiriske funna bømblingane og Bømlo? Dei dominerande diskursane om "dei Andre" opprettheld eit normativt landskap som ekskluderar og marginaliserar "dei Andre". Bømlo blir slik ein stad for bømblingar, definert som "vanlege", eller "Oss". Omgrepet "a global sense of place" (Massey 1994) opnar for ei forståing for at stadar er opne og porøse. Ei forståing som er i tråd med den auka globaliseringa som skjer. Stadar er i denne oppfatninga ein møtestad for materielle, sosiale og kulturelle relasjonar mellom det lokale og det globale (Danielsen 2006). Danielsen (2006) påpeikar som ein innvending til Massey (1994) sitt omgrep at jamvel om fysiske stadar *er* mangfaldige og relasjonelle, blir dei ikkje automatisk oppfatta slik av dei som bur der. I dette prosjektet ser ein hovudsakleg diskursar som viser ein motstand mot "dei Andre". Det kjem likevel fram refleksjonar som peikar mot ei oppfatning av at stadar *kan* og *skal* vera mangfaldige. Nokre informantar påpeikar at asylmottaket har påverka Bømlo positiv fordi dei som bur der har tilført Bømlo ein del av sin kultur. Alt i alt viser likevel den dominerande diskursen at bømblingane *ikkje* ser Bømlo som ein open stad med mangfald, heller ein stad med innoverretta singular identitetar, i motsetnad til Massey (1994) sitt "global sense of

place”. Forsking på flytting og bustadval i Bømlo kommune frå 2003-2004 viser at omlag 10% av innflyttinga og 15% av utflyttinga frå kommunen er av personar som i denne oppgåva blir definert som ”dei Andre” (Fosso, under arbeid). Slike tal støttar empirien i dette prosjektet om eit ekskluderande normativt landskap.

Fokuset har i dette prosjektet einseitig vore på diskursane ”Oss” hadde om ”dei Andre”. I lokalavisene kom til tider røystene til ”dei Andre” fram og sa at dei trivst på Bømlo. Ei spanande vidare forskning hadde slik vore å ta tak i korleis ”dei Andre” opplever og trives eller mistrives i Bømlo-samfunnet.

Kjelder

Aase T. H, 1997. Tolking av kategorier. Observasjon, begrep og kategori i: Fossåskaret, Fuglestad og Aase (Red.). *Metodisk feltarbeid Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget, Oslo

Agyeman, J. & R. Spooner, 1997. Ethnicity and the rural environment i: Cloke, P & J. Little. (Red) *contested countryside cultures*. Routledge

Berg, N. G. og H. K. Lysgård, 2004. Ruralitet og urbanitet – bygd og by i: Berg, Dale, Lysgård og Løfgren. (Red.) *Mennesker, steder og regional endringer*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.

Berg, N. G. og Dale, 2004. Sted – begreper og teorier i: Berg, Dale, Lysgård og Løfgren. (Red.) *Mennesker, steder og regional endringer*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.

Bjaarstad, S. 2003. *Osloungdommers forestillinger om bygda. En studie av unges stedsforståelse, tilhørighet og identitet*. Hovedoppgave i samfunnsgeografi, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo, og Institutt for Geografi, Universitetet i Bergen, Oslo – Bergen.

Clarke, G. 1997. Secondary data sources i: Flowerdew and Martin (Red.) *Methods in Human Geography. A guide for students doing a research project*. Pearson Education Limited, England.

Cloke, P. 2003. Knowing ruralities? i: Cloke, P. (Red) *Country visions*. Pearson Education Limited, United Kingdom.

Cloke, P. 2006a. Rurality and racialized others: out of place in the countryside? i: Cloke, Marsden, Mooney (Red.) *Handbook of rural studies*. SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.

Cloke, P. 2006b. Rurality and otherness i: Cloke, Marsden, Mooney (Red.) *Handbook of rural studies*. SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.

Cresswell, T. 1996. *In place Out of place*. University of Minnesota Press.

Cresswell, T. 2004. *Place a short introduction*. Blackwell Publishing, United Kingdom.

Danielsen, H. 2006. *Med barn i byen. Foreldreskap, plass og identitet*. Dr.art. avhandling ved Institutt for kulturstudier og kunsthistorie, Universitetet i Bergen, Bergen.

Fosso, E. J. 2001. Brød, sirkus eller noe helt annet? Om å få unge til å velge bosted idistriktene. Plan. Tidsskrift for samfunnsplanlegging, byplan og regional utvikling. 5/2001, 46-51.

Fosso, E. J. 2004. Unges flytting – et spørsmål om identitet og myter om marginale og sentrale steder? i: Berg, Dale, Lysgård og Løfgren. (Red.) *Mennesker, steder og regional endringer*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.

Fosso, E. J. 2006, under arbeid. Flytting og bustadval i Bømlo kommune. Universitetet i Bergen, Bergen.

Fossåskaret, E. 1997. Ustrukturerte intervju med få informanter i: Fossåskaret, Fuglestad og Aase (Red.). *Metodisk feltarbeid Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget, Oslo

Fuglestad O. L. og E. I. Mørkeseth. Et semiotisk perspektiv på forskningsprosessen og på forskerens rolle i felten i: Fossåskaret, Fuglestad og Aase (Red.). *Metodisk feltarbeid Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget, Oslo

Halfacree, K. 1993. Locality and Social Representation: Space, Discourse and Alternative Definitions of the Rural in: *Journal of Rural Studies nr.9 – 1993*

Halfacree, K. 2002. Rural space, rural places and the practice of migration. Paper presented at the People – Place network meeting, University of Trondheim, Norway 10. September 2002.

Halfacree, K. 2006. Rural space: constructing a three-fold architecture i: Cloke, Marsden, Mooney (Red.) *Handbook of rural studies*. SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.

Hall, S. 1997. *Representation. Cultural Representations and Signifying Practices*. SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.

Hay, I. 2000. *Qualitative research methods in human geography*. Oxford University Press, Oxford.

Hetherington, K. 2000. *New Age travellers*. Cassell, London.

Holloway, L. & P. Hubbard. 2001. *People and place. The extraordinary geographies of everyday life*. Pearson Education Limited, England.

Holt-Jensen, A. 1999. *Geography History & Concepts*. Sage Publications Ltd.

Hubbard, P. 2005. 'Inappropriate and incongruous': opposition to asylum centres in the English countryside in *Journal of rural studies* 21 (2005) 3-17

Hylland Eriksen, T. (red.)1997. *Flerkulturell forståelse*. Tano Aschehoug.

Jenkins, R. 1996. *Social identity*. Routledge, London.

Kjeldstadli, K. 1997. Å analysere skriftlige kilder i: Fossåskaret, Fuglestad og Aase (Red.). *Metodisk feltarbeid Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget, Oslo

Kristeva, J. 1982. *Powers of Horror*. Columbia University Press, New York.

Lie, B. 2002. *Innvadring og innvandrere 2002*. Statistisk sentralbyrå.

- Longhurst, R. 2003. *Semi-structured Interviews and Focus Groups i: Clifford and Valentine (Red.). Key Methods in Geography.* SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.
- Massey, D. 1994. *Space, place and gender.* Polity Press, Blackwell Publishers, United Kingdom.
- Neumann, I. 2001. *Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse.* Fagbokforlaget.
- Panelli, R. 2004. *Social Geographies.* SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.
- Paulgaard, G. 1997. Feltarbeid i egen kultur- innenfra, utenfra eller begge deler? i: Fossåskaret, Fuglestad og Aase (Red.). *Metodisk feltarbeid Produksjon og tolkning av kvalitative data.* Universitetsforlaget, Oslo
- Philo, C. 1992. Neglected Rural Geographies: a Review in *Journal of Rural Studies*, Vol. 8, No. 2, pp 193-207, 1997. Printed in Great Britain.
- Rose, G. 2000. Place and identity: a sence of place i: Massey & Jess. (Red.) *A Place in The World.* The Open University.
- Shields, R. 1991. *Places on the marigin Alternative geographies of modernity.* Routledge.
- Sibley, D. 1995. *Geographies of Exclusion.* Routledge, London.
- Sibley, D. 2003. Psychogeographies of rural space and practices of exclusions i: Cloke (Red.) *Country visions.* Pearson Education Limited, United Kingdom.
- Sibley, D. 2006. Inclusions/exclusions in rural space i: Cloke, Marsden, Mooney (Red.) *Handbook of rural studies.* SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.
- Thagaard, T. 1998. *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode.* Fagbokforlaget.

Thuen, H. 2006. *Med skeivt blikk på bygd og by. Hvordan unge forstår seg selv i forhold til bygda og byen.* Masteroppgave i geografi, Institutt for Geografi, Universitetet i Bergen, Bergen.

Thorsen, H W E. og B. S. Verstad, 2004. Hva er bygd – egentlig? i: Berg, Dale, Lysgård og Løfgren (Red). *Mennesker, steder og regional endringer.* Tapir Akademisk Forlag, Trondheim.

Valentine, G. 1997. Tell me about...: using interview as a research methodology i: Flowerdew and Martin (Red.) *Methods in Human Geography. A guide for students doing a research project.* Pearson Education Limited, England.

Valentine, G. 2001. *Social Geographies. Space and society.* Pearson Education Limited, England.

Valentine, G. 2001b. At the drawing board: developing a research design i: Limb and Dwyer (Red.) *Qualitative Methodologies for Geographers. Issues and debates.* Arnold, London

Wadel, C. 1991. *Feltarbeid i egen kultur.* Seek Forlag, Flekkefjord.

Woods, M. 2005: *Rural Geography.* SAGE Publications, London, Thousand Oaks, New Delhi.

Nettsteder

www.bomlo-nytt.no. Lokalavis for Bømlo.

www.bml.no. Bømlo Musikallaug: (10.06.05)

www.bomlokommune.no. Bømlo kommune sine heimesider

www.bømlo-reiselivslag.no. Bømlo reiselivslag sine heimesider

www.eidesvik.no. Reiarlaget Eidesvik sine heimesider

www.home.no/flyktningeguide/.

www.sn�.no/article.html?id=484196#3. Store Norske Leksikon, Aschehoug og Gyldendal, artikkel om Bømlo.

www.ssb.no. Statistisk sentralbyrå

www.trekantsambandet.no. Heimesidene til Trekantsambandet.

www.udi.no. Utlendingsdirektoratet

www.utrop.no.

Aviser:

BØMLO-nytt, diverse utgåver 1993, 1994 og 1998

BTB, Bømlo i tekst og bilete, 1993

Andre kjelder:

Bømlo såg du ei øy. Livskraftig øysamfunn i tusenvis av år. Turistbrosjyre frå Bømlo, 2004 – 2006.

Flyktningeguiden, hefte utgitt av Norges Røde Kors

Kommuneplan for Bømlo kommune 2006-2018

Mål og tiltaksplan for flyktningearbeidet i Bømlo kommune 2003 – 2007.

Møtereferat frå kommunestyret i Bømlo kommune (sak.nr 255/87) 28.10.87

Momentsamling for tiltaksplan for mottak av flyktningar og asylsøkjjarar i Bømlo kommune, oktober 1987.

KFO uttale vedk. mottak av flyktningar og asylsøkjjarar, 1987

Mottak av flyktningar og asylsøkjjarar - uttale frå norsk sosionomforbund, 1987

Vedlegg:

Vedlegg 1

Bømling og flyktingguide

Generelt

- Kjønn, alder, utdanning, arbeidserfaring

Bømlingen

- Fortel litt om kva som for deg kjenneteiknar Bømlo?
- Kva er positivt og kva er negativt? For mykje/for lite av?
- Fortel litt om kven bømlingen er. Kva kjenneteiknar han/ho?
- Er bømlingen sine haldningar typiske for folk frå bygda? For nordmenn?

Bømlo og det fleirkulturelle

- Kven er dei fleirkulturelle på Bømlo?
- Korleis er møtet mellom Bømlo og det fleirkulturelle? Korleis er det for bømlingane? Og korleis trur du det er for dei fleirkulturelle? Positive og negative sider.
- Forskjellar på unge – eldre, både bømlingar på korleis dei handsamar det?
- Er det fleirkulturelle ein del av Bømlo? På kva måte?/ikkje
- Korleis forstår du integrering? Er det det ultimate?
- Kva syns du om at Skogbu skal nedleggjast? Utdjup.
- Syns du det er rett at Bømlo kommune skal ta inn flyktingar kvart år? Utdjup.

Spisskompetanse

- Fortell om kvifor du bestemte deg for å bli med på flyktingeguideprosjektet?
- Korleis har du inntrykk av at bømlingane mottar flyktingane
- Korleis har du inntrykk av at flyktingane kjenner seg mottatt av bømlingane?
- Kva slags erfaringar har du elles gjort deg som flyktingguide? (Nytteverdi for kven? Fungerar det? Vil det fungere?)

Vedlegg 2

Bømlingen

Generelt

- Kjønn, alder, utdanning, arbeidserfaring

Bømlingen

- Fortel litt om kva som for deg kjenneteiknar Bømlo?
- Kva er positivt og kva er negativt? For mykje/for lite av?
- Fortel litt om kven er bømlingen. Kva kjenneteiknar han/ho?
- Er bømlingen sine haldningar typiske for folk frå bygda? For nordmenn? Korleis?

Bømlo og det fleirkulturelle

- Kven er dei fleirkulturelle på Bømlo?
- Korleis er møtet mellom Bømlo og det fleirkulturelle i kvardagen? Korleis er det for bømlingane? Og korleis trur du det er for dei fleirkulturelle? Positive og negative sider.
- Forskjellar på unge – eldre, både bømlingar på korleis dei handsamar det?
- Er det fleirkulturelle ein del av Bømlo? På kva måte?/ikkje
- Korleis forstår du integrering? Er det det ultimate?
- Kva syns du om at Skogbu skal nedleggjast? Utdjup.
- Syns du det er rett at Bømlo kommune skal ta inn flyktningar kvart år? Utdjup.

Vedlegg 3

Prosjektarbeid ved Moster skule haust 2004

Tema: Kva er staden Bømlo?

Arbeid fyrst ca 30 min individuelt med spørsmåla og skriv ned så mykje du klarar på arka du har fått utdelt. Deretter skal de delast inn i grupper og arbeida vidare med dei same spørsmåla. Diskuter spørsmåla og skriv ned svara på eit nytt spørsmålsark. Både dei individuelle arka og gruppearka skal leverast inn, med namn.



Foto: Magne Raknes

1. Kva kjenneteiknar staden Bømlo?

2. Kven er Bømlingen? Kva kjenneteiknar han/ho?



Foto: Magne Rønnes

3. Kva er annleis med Bømlø i samanlikning med andre stadar?



Foto: Bjørnar Stautland

4. Finn nokre positive og nokre negative sider ved Bømlø.

5. Finn nokre positive og nokre negative sider ved bømlingen.



Foto: Anne Ståvane

Vedlegg 4

Prosjektarbeid ved Bremnes ungdomskule haust 2004

Tema: Kva er staden Bømlo?



Arbeid fyrst ca 30 min individuelt med spørsmåla og skriv ned så mykje du klarar på arka du har fått utdelt. Deretter skal de delast inn i grupper og arbeida vidare med dei same spørsmåla. Diskuter spørsmåla og skriv ned svara på eit nytt spørsmålsark. Både dei individuelle arka og gruppearka skal leverast inn, med namn.

1. Kva kjenneteiknar staden Bømlo?



- Tenk på til dømes naturen, beliggenhet, historie, religion, sjåverdighetar

2. Kven er Bømlingen? Kva kjenneteiknar han/ho?

- Tenk på dei menneska du omgås i kvardagen, kva er ein typisk bømling?
- Korleis tenkjer han/ho, kva gjer han/ho på?
- Må ein oppfylle spesielle krav eller kriterier for å vera ein bømling?
- Kva er det som gjer ein bømling til ein bømling?
- Tenk på ting som språk, dialekt, utsjånad, etnisk tilhøyre, religion osv., kva må til for å vera ein bømling?



3. Kva er annleis med Bømlo i samanlikning med andre stadar?

- Kva er forskjellane mellom Bømlo og andre stadar? Som Stord, Haugesund, Sverige eller Amerika.
- På kva måte er Bømlo og bømlingen annleis enn t. d. stordingar, austlendingar, svenskar eller afrikanarar?
- Er bremnesingar bømlingar på ein annan måte enn til dømes mostringar eller søra bømlingar? Korleis?





4. Finn nokre positive og nokre negative sider ved Bømlø.

- Tenk på desse spørsmåla du no har tenkt gjennom. Er det positive eller negative ting du har tenkt på?
- Sett opp ein tabell der du deler opp i positive og negative ting frå dei tidlegare spørsmåla



5. Finn nokre positive og nokre negative sider ved bømlingen.

- Her kan du gjere det same som i oppgåve 4, men her tenkjer du på personar (bømlingar) ikkje på staden Bømlo.
- Sett gjerne opp ein tabell her og.



Foto: Anders Stavland



